



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 09.02.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører

SAKLISTE

Saksnr	Sak	
PS 17/16	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 18/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte	
PS 19/16	Gjennomføring reguleringsplan Håmyra - Godkjenning av avtalar om veggrunn.	
PS 20/16	Næringsareal på Rotset - Oreigning gnr. 30 bnr. 4 – klage	
PS 21/16	Samferdselsutfordringar - Avtale med Gode Vegar AS	
PS 22/16	Forslag til nytt inntektssystem- Uttale frå Volda kommune	
PS 23/16	Kommunereforma - utviding av mandat	
PS 24/16	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av desember 2015	
PS 25/16	Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar	
PS 26/16	Ferjesambandet Volda-Folkestad – unnateke offentlegheit, jf. offentleglova § 23, 1. ledd	
PS 28/16	Trafikktrygging ved Oppigarden og Sollia barnehage – vert ettersendt	
PS 29/16	Innføring av flyskatt – høyring – vert ettersendt	
PS 27/16	Orienteringssaker	
OS 16/16	Notat - Politisk organisering – driftsstyret	
OS 17/16	Bruk av møterom på rådhuset til politiske møter	
OS 18/16	Bruk av "ordførarmidlane" – retningslinjer	

PS 17/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 18/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2015/2068

Arkivkode: 611

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

19/16

Formannskapet

09.02.2016

GJENNOMFØRING REGULERINGSPLAN HÅMYRA - GODKJENNING AV AVTALAR OM VEGGRUNN.

Administrasjonen si tilråding:

1. Avtalane mellom Volda kommune og eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5 i denne saka
2. Formannskapet tek til vitende fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen i vedlegg 2.

Vedleggsliste:

1. Arealoversikt
2. Brev av 23.9.15 til grunneigarane med oppmoding om avståing av grunn til veg.
3. Fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6
4. Brev av 2.12.15 til grunneigarane med oppmoding om avståing av grunn til veg
5. Avtalar med gnr 19 bnr 1,2,3 og 38

Uprenta saksvedlegg:

1. Fråsegner frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 om omlegging av Prestesetervegen

Samandrag av saka:

Det vert rådd til at formannskapet godkjenner avtalar med eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2 3 og 38 om areal til utbygging av sambindingsvegen i Raudemyra, jfr. reguleringsplan Håmyra.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i møte 18.6.15, sak 62/15, reguleringsplan for Håmyra. Denne planen legg til rette for bustadbygging i Håmyra. Sameleis legg planen til rette for bygging av den sambindingsvegen mellom Raudemyra og Engeset/Klepp, som kommunedelplan for sentrum legg opp til.

Det er lagt opp til at det skal gjerast ein utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggar av Håmyra når det gjeld vegføringane i det regulerte området. Ein slik utbyggingsavtale vil verte lagt fram for politisk godkjenning, men det er uansett kommunen som må sikre naudsynt grunn til utviding av sambindingsvegen på Raudemyrsida. I *vedlegg 1* går det fram kva areal det er naudsynt å erverve (for gnr. 18 bnr. 5 og 6 er det snakk om løyve til å legge om Prestesetervegen).

Det vart såleis den 23.9.15 sendt brev til grunneigarane med oppmoding om avståing av naudsynt grunn, der det også vart kalla inn til tingingsmøte 8.9.15, jfr. *vedlegg 2*. Frå eigarane av gnr. 18 bnr. 5 og 6 fekk kommunen fråsegner om omlegging av Prestesetervegen, jfr. *vedlegg 3*.

Grunna manglande respons på oppmodinga av 23.9.15 vart det den 2.12.15 sendt ny oppmoding, no med varsel om oreigning, jfr. *vedlegg 3*.

Den 15.1.16 vart det halde eit tingingsmøte med eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38, der adv. Hove representerte alle (med unntak av Inger Halkjelsvik, men ho har 20.1.16 signert avtale). Frå kommunen møtte adv. Andresen, ordførar Amdam, rådgjevarane Aasebø, Moltudal og Lundberg.

Kommunen hadde i breva nemnde i vedlegg 2 og 4 tilbode kr 220,- pr. m² for grunnen, med tillegg for endring i konsumprisindeksen frå juli-14 til oppgjer. Grunneigarane viste til at det i Håmyra hausten 2014 og hausten 2015 vart betalt kr. 435,- for parsellar regulert til utbygging, og kravde det same for dei areal dei skal avstå no.

Vurdering og konklusjon:

Sett opp mot alternativet med oreigning og skjønnskostnader mm. valte kommunen sine representantar å gå med på kravet om kr. 435,- pr. m², i og med at det i umiddelbar nærleik som nemnt er betalt kr. 435,- pr. m². Dette med tillegg av endring i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet. Kommunen får også høve til å ta grunnen i bruk straks, mot at grunneigarane får utbetalt 3 % p.a. av erstatningssummen frå den datoen grunnen vert teke i bruk til endeleg oppgjer skjer.

Reguleringsplanen legg opp til ei omlegging av Prestesetervegen, der det er lagt opp til offentleg parkeringsareal ved starten av denne vegen. Såleis blir det lagt betre til rett for ålmenta sin bruk av skog- og fjellområda med utgangspunkt her.

Rådmannen rår såleis til at avtalane med eigarane av gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38 vert godkjent, og at fråsegnene frå gnr. 18 bnr. 5 og 6 vert teke til vitende.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er avklart i k-sak 62/15-

Økonomiske konsekvensar:

Kostnadane med ervervet vert belasta prosjekt 701004 – bustadfelt Urbakkfoten-Håmyra.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Sambindingsvegen vil gje alternativ tilkomst til bustadområda, noko som er viktig i helse- og brannberedskapen.

Naturmangfaldlova:

Er avklart i k-sak 62/15


Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Advokat Bjørn Kristian Hove
Boks 815, sentrum
6001 Ålesund

Inger Johanne Halkjelsvik
Røyslidvegen 31,
6103 Volda

Advokat Reidar Andresen
Grimmergata 5,
61002 Ålesund

Teknisk sektor, her.



Arealoppgåve

- Gbr18_5
- Gbr18_6
- Gbr19_1
- Gbr19_2
- Gbr19_3
- Gbr19_38

Side 7

Revisjon	Revisjonstekst	Sign.	Rev.dato
Firma			
Firma:	Per Mulvik AS	Sentral:	70 07 49 90
Postadresse:	Holmen 7	Direkte:	70 07 49 94
Besøksadresse:	Holmen 7	Mob:	95 18 48 75
Postnr./stad:	6100 Volda	E-post:	jan@mulvik.no
Org.nr.:	941 987 516		

Prosjektnavn:
Håmyra

Oppdragsgivar:
Din Bolig AS
Vikegeila 12
6150 Ørsta



Tittel: Grunnerverv	Teikna av: JMO
	Dato: 17.09.15
	Kontr.av:
	Dato:
	Erstattar teikn.:

Prosjektnr.:	Teikn.nr.:	Målestokk:	Rev.
1357	938	1:1000	



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Til grunneigarane på vedlagde liste

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/2068	9986/2015	611	ADM/ PEL	23.09.2015

GJENNOMFØRING REGULERINGSPLAN HÅMYRA - FØRESPURNAD OM GRUNN

Kommunestyret gjorde i møte 18.6.15, sak 62/15, vedtak om å godkjenne detaljregulering for Håmyra. De skal ha fått utskrift av vedtaket ved brev herifrå av 23.6.15. De finn også kunngjering av planvedtaket her:

<http://www.volda.kommune.no/nyhende/kunngjering-planvedtak-hamyra.29122.aspx>

Gjennomføring av planen med forlenging og utviding av Raudemyrvegen frå aust til Håmyra i vest føreset avståing av grunn frå gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38. For eigar av gnr. 19 bnr.1 og 38 er det også føreset ei omlegging av ”Prestesetervegen”. Ei slik forlenging og utviding/omlegging vil også legge tilrette for seinare utbygging av bustadområde B54 på dykkar eigedomar, jfr. kommunedelplanen.

Kommunen ynskjer å erverve naudsynt areal til vegutvidinga over dykkar eigedomar, samt at eigarane av gnr. 19 bnr. 1 og 38 vert bede om å aksepterer ei omlegging av ”Prestesetervegen”. Det vert bede om slik aksept også frå eigarane av gnr. 18 bnr. 5 og 6.

Når det gjeld pris for det arealet kommunen ynskjer å ervere, vert det tilbode den sum lagmannsretten fastsette for Urbakkfoten 2.7.14, kr. 220,- pr. m², med justering for auken i konsumprisindeksen.

Vedlagt følgjer forslag til avtale i 2 eksemplar, der det aktuelle arealet kommunen ynskjer å erverve er merka med gul farge. Dersom de finn forslaget akseptabelt vert de bede om å skrive under og returnere begge eksemplara hit, og de vil få eit eksemplar med ordføraren si underskrift i retur når avtalen er godkjent av rette styreorgan.

Dersom de ynskjer å drøfte saka nærare, inviterer kommunen inn til møte
Torsdag den 8. oktober 2015 kl. 16.00 på rådhuset.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058858
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro:

Skulle nok ovre uklart så ber vi om at de tek kontakt.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ernst Lundberg
rådgjevar

Kopi til:
Teknisk sektor

FRÅSEGN

Underteikna av gnr. 18 bnr. 6, gjev med dette løyve til at "Prestesetervegen" kan omleggast over gnr 08 bnr. 6 i samsvar med reguleringsplan i Håmyra, godkjend i Kommunestyret 15.06.2015, sak 62/15. Detaljar for omlegginga går fram av vedlagte kart (merka gul farge). Volda vassverk får løyve til å flytte og halde vedlike kommunal vassleidning som går i dagens skogsbilvegtrasse til planlagt/ omlagt vegtrase for skogsbilvegen.

Forutsetnaden for løyvet, er at det ikkje blir gjort større inngrep enn det som blei forklart av Per Ernst Lundberg, Asbjørn Aasebø og Rune Totland på grunneigarmøtet torsdag 08.10.2015. Her blei det sagt at vegen ikkje blir utvida mot sør- vest. Mot nord- aust, kan vegen bli litt utvida. Det kan også bli ei større skjering i terrenget enn slik det er pr. idag, for å få til grøfting. På arealet til gnr. 18 bnr. 6, er det maksimalt aktuelt å utvide i det området som er merka med gul farge og kun mot nord -aust, slik det blei forklart på møtet.

Volda den 11.10.2015

For eigar av gnr. 18 bnr. 6 (etter fullmakt)

Elin Engeset Løfoll
Elin Engeset Løfoll

VOLDA KOMMUNE	
Saknr: 2015/2068	VE: RÅD
Løpnr:	SOS: PEL
13 OKT 2015	
Arkivdel:	Emne 2
Klassering P:	611
Klassering S:	

1 vedlegg: fullmakt

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2015/2068	Av: RÅD
Løpenr.	Srs: PEL
28 SEPT 2015	
Arkivdel:	Emne 2
Klassering P:	611
Klassering S:	

Olav J. Lothe
v/ Inger-Johanne Bjørneset
 eigar av gnr. 18 bnr 5.

FRÅSEGN.

Eigar av gnr. 18 bnr. 5 Olav J. Lothe v/ Inger –Johanne Bjørneset gjev med dette løyve til at "Prestesetervegen" kan omleggast over gnr. 19 bnr. 5 i samsvar med reguleringsplan Håmyra, godkjend i Kommunestyret 26.02.2015, sak PS 4/15. Detaljar for omlegginga går fram av vedlagde kart (merka me gul farge). Volda vassverk får løyve til å flytte og halde vedlike kommunal vassleidning som går i dagens skogsbilvegtrasse til planlagt/ omlagt vegtrase for skogsbilvegen.


Volda, den

26/9-15

For Olav J. Lothe

Inger-Johanne Bjørneset

Inger-Johanne h. Bjørneset



Revisjon	Revisjonstext	Sign.	Rev dato
Firma Firma: Per Mulvik AS Postadresse: Holmen 7 Besøksadresse: Holmen 7 Postnr./steds: 6100 Volda Org.nr.: 941 987 518 Senval: 70 07 49 00 Direkte: 70 07 49 04 Mobil: 95 18 48 75 E-post: post@mulvik.no			
Prosjektname: Håmyra			
Oppdragsgiver: Din Bolig AS Vikegeila 12 6150 Ørsta			
Prosjektleder:  mulvik www.mulvik.no			
Tittel: Grunnerverv			Tek.no av: JABO Dato: 17.09.15 Kont.av: Dato: Erstattet i/av:
Tekningstype:			
Prosjektnr.: 1357	Tekn.nr.: 938	Målestokk: 1:1000	Rev.:



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Erik Røys
Røystunvegen 20,
6103 Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2015/2068	10499/2015	611	ADM/ PERLUN	02.12.2015

NY OPPMODING OM AVSTÅING AV GRUNN - GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN HÅMYRA - VARSEL OM OREIGNING

Det vert vist til kommunen sitt brev av 23.9.15 med oppmoding om avståing av grunn til gjennomføring av reg. plan Håmyra. Det vert også vist til kommunen sin invitasjon i same brev om møte 8.10.15 om denne førespurnaden.

Då vi ikkje har fått tilbakemelding frå dykk på oppmodinga av 23.9.15, vert det med dette på nytt retta ein førespurnad om friviljug avståing av dykkar parsell(ar) til kommunen, i det vi viser til vedlagde forslag til avtale om det (også vedlagt i brev av 23.9.15, men no korrigert med rett dato og saksnummer for vedtak av reguleringsplanen). Avtaleforslaget er for eigar av gnr. 19 bnr.1 og bnr. 38 endra i høve forslaget av 23.9.15, då det er meininga at veg o _V7 skal vere offentleg veg.

Dersom de ikkje går med på slik avtale, vil det bli fremja sak for kommunestyret med forslag om oreigning med heimel i plan- og bygningslova kap. 16, for dei areala som går fram av vedlagde avtaleforslag. Det vil då også verte gjort framlegg om vedtak om å søkje Fylkesmannen om å få ta grunnen i bruk før skjøn er halde.

I samsvar med oreigningslova § 12, 2. ledd får de med dette ein frist på 14 dagar frå de mottok dette brevet til å kome med merknader til dette varselet. Etter at denne fristen er ute blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om oreigning.

Vi gjer i denne samanheng merksam på at det i oreigningslova § 28 er sagt følgjande:
”Etter at eigar eller rettshavar er gjeven høve til å seia si meining etter § 12, jfr. òg § 13, må han ikkje råda rettsleg over eigedomen det gjeld, utan oreigningssøkjaren samtykkjer, og heller ikkje gjera noko med eller på eigedomen som kan hindra, valda vanskar for eller fordyra det påemna oreigningsinngrepet. Om eigaren eller rettshavaren likevel gjer såvore, skal det gjerast frådrag i vederlaget hans for all skade åtferda har valda oreignaren; og arbeid som elles skulle gjeva eigaren eller rettshavaren rett til auka vederlag, skal det ikkje takast omsyn til når vederlaget vert fastsett.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:
6100 Volda	70058858	70058701
		Org. nr: Bankgiro:
		939 760 946

Får eigaren eller rettshavaren skade eller ulempe av di det er lagt band på råvvaldsretten, så som nemnt i fyrste leden, kan han krevja skadebot av søkjaren. Slik skadebot vert fastsett når vederlaget for inngrepet vert sett, men i serskilt skjøn om inngrepet ikkje vert sett i verk.”

Skulle noko vere uklart ber vi om at de tek kontakt.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ernst Lundberg
rådgjevar

Vedlegg: Korrigert forslag til avtale i 2 eks.

Kopi: Advokat Bjørn Kristian Hove
Boks 815, sentrum
6001 Ålesund

Advokat Reidar Andresen
Boks 377
6001 Ålesund



Til grunneigarane på vedlagde liste

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2015/2068	10500/2015	611	ADM/ PERLUN	02.12.2015

NY OPPMODING OM AVSTÅING AV GRUNN - GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN HÅMYRA - VARSEL M OREIGNING

Det vert vist til kommunen sitt brev av 23.9.15 med oppmoding om avståing av grunn til gjennomføring av reg. plan Håmyra. Det vert også vist til kommunen sin invitasjon i same brev om møte 8.10.15 om denne førespurnaden.

Då vi ikkje har fått tilbakemelding frå dykk på oppmodinga av 23.9.15, vert det med dette på nytt retta ein ny førespurnad om friviljug avståing av dykkar parsell(ar) til kommunen, i det vi viser til vedlagde forslag til avtale om det (også vedlagt i brev av 23.9.15, men no korrigert med rett dato og saksnummer for vedtak av reguleringsplanen).

Dersom de ikkje går med på slik avtale, vil saka det bli fremja sak for kommunestyret med forslag om oreigning med heimel i plan- og bygningslova kap. 16 for dei areala som går fram av vedlagde avtaleforslag. Det vil då også verte gjort framlegg om vedtak om å søkje Fylkesmannen om å få ta grunnen i bruk før skjøn er halde.

I samsvar med oreigningslova § 12, 2. ledd får de med dette ein frist på 14 dagar frå de mottok dette brevet til å kome med merknader til dette varselet. Etter at denne fristen er ute blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om oreigning.

Vi gjer i denne samanheng merksam på at det i oreigningslova § 28 er sagt følgjande:
”Etter at eigar eller rettshavar er gjeven høve til å seia si meining etter § 12, jfr. òg § 13, må han ikkje råda rettsleg over eigedomen det gjeld, utan oreigningssøkjaren samtykkjer, og heller ikkje gjera noko med eller på eigedomen som kan hindra, valda vanskar for eller fordyra det påemna oreigningsinngrepet. Om eigaren eller rettshavaren likevel gjer såvore, skal det gjerast frådrag i vederlaget hans for all skade åtferda har valda oreignaren; og arbeid som elles skulle gjeva eigaren eller rettshavaren rett til auka vederlag, skal det ikkje takast omsyn til når vederlaget vert fastsett.

Får eigaren eller rettshavaren skade eller ulempe av di det er lagt band på råvaldsretten, så som nemnt i fyrste leden, kan han krevja skadebot av søkjaren. Slik skadebot vert fastsett når vederlaget for inngrepet vert sett, men i serskilt skjøn om inngrepet ikkje vert sett i verk.”

Skulle noko vere uklart ber vi om at de tek kontakt.

Med helsing

Rune Sjørgard
Rådmann

Per Ernst Lundberg
rådgjevar

Vedlegg:
Grunneigarliste

Korrigert forslag avtale i 2 eks.

Kopi: Advokat Bjørn Kristian Hove
Boks 815, sentrum
6001 Ålesund

Advokat Reidar Andresen
Boks 377
6001 Ålesund



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Hans Halkjelsvik
Skjervavegen 6

6102 VOLDA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2015/2068	12340/2015	611	ADM/ PERLUN	02.12.2015

NY OPPMODING OM AVSTÅING AV GRUNN- GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN HÅMYRA - VARSEL OM OREIGNING

Det vert vist til kommunen sine brev av 23.9.15 og 11.11.15.

Då vi ikkje har fått tilbakemelding frå dykk på oppmodinga i nemnde brev, vert det med dette på nytt retta ein førespurnad om friviljug avståing av dykkar parsell(ar) til kommunen, i det vi viser til vedlagde forslag til avtale om det (også vedlagt i brev av 23.9.15, men no korrigert med rett dato og saksnummer for vedtak av reguleringsplanen). Avtaleforslaget er for eigar av gnr. 19 bnr.1 og bnr. 38 endra i høve forslaget av 23.9.15, då det er meininga at veg o _V7 skal vere offentleg veg.

Dersom de ikkje går med på slik avtale, vil det bli fremja sak for kommunestyret med forslag om oreigning med heimel i plan- og bygningslova kap. 16, for dei areala som går fram av vedlagde avtaleforslag. Det vil då også verte gjort framlegg om vedtak om å søkje Fylkesmannen om å få ta grunnen i bruk før skjøn er halde.

I samsvar med oreigningslova § 12, 2. ledd får de med dette ein frist på 14 dagar frå de mottek dette brevet til å kome med merknader til dette varselet. Etter at denne fristen er ute blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om oreigning.

Vi gjer i denne samanheng merksam på at det i oreigningslova § 28 er sagt følgjande:
”Etter at eigar eller rettshavar er gjeven høve til å seia si meining etter § 12, jfr. òg § 13, må han ikkje råda rettsleg over eigeomen det gjeld, utan oreigningssøkjaren samtykkjer, og heller ikkje gjera noko med eller på eigeomen som kan hindra, valda vanskar for eller fordyra det påemna oreigningsinngrepet. Om eigaren eller rettshavaren likevel gjer såvore, skal det gjerast frådrag i vederlaget hans for all skade åtferda har valda oreignaren; og arbeid som elles skulle gjeva eigaren eller rettshavaren rett til auka vederlag, skal det ikkje takast omsyn til når vederlaget vert fastsett.

Får eigaren eller rettshavaren skade eller ulempe av di det er lagt band på rådvaldsretten, så som nemnt i fyrste leden, kan han krevja skadebot av søkjaren. Slik skadebot vert fastsett når vederlaget for inngrepet vert sett, men i serskilt skjøn om inngrepet ikkje vert sett i verk.”

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058858
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro:

Skulle noko vere uklart ber vi om at de tek kontakt.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ernst Lundberg
rådgjevar

Vedlegg: forslag til avtale i 2 eks.

AVTALE

Mellom eigar av gnr. 19 bnr. 1
Hans Halkjelsvik (som seljar)
og
Volda kommune v/ordføraren (som kjøpar)

er det i dag inngått slik avtale:

1. I samband med gjennomføring av reguleringsplan Håmyra, godkjend i Kommunestyret 18.06.2015, sak PS 62/15, sel Hans Halkjelsvik til Volda kommune ein parsell av gnr. 19 bnr. 1 slik det er vist med gul farge på kartet som følger denne avtalen (om lag 465 +183 + 227 m²). Arealet skal nyttast til vegføremål. Gjennomføring av reguleringsplanen her legg også til rette for framtidig utnytting av område B 54 i kommunedelplan for Volda sentrum.


Tiltaket endrar elles ikkje tilhøva i gjeldande avtale av 22.2.88 mellom veglaget og Volda kommune
2. Prisen skal vere kr. 435,- pr. m², justert for endringar i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
3. Grensene for areala kommunen skal overta skal nærare oppmålast etter at anlegget er ferdig. Kommunen syter for oppmåling utan kostnad for seljaren, og seljar gir kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning, alternativt krevje grensejustering.
4. Kommunen får høve til å ta grunnen i bruk straks, mot at grunneigaren får utbetalt 3 % p.a. av erstatningssummen frå den datoen grunnen vert teken i bruk til endeleg oppgjør skjer.
5. Seljarane pliktar å utferde skøyte fritt for pengehefte og andre hefte som kan vere til hinder for kommunens bruk innan 1 månad etter at dei har fått tilbod om endeleg oppgjør, jamfør punkt 2 og 4 ovanfor, jfr. også pkt. 3
6. Kommunen dekkjer grunneigar sine naudsynte og rimelege kostnader til juridisk bistand i høve tingingar og denne avtaleinngåinga.
7. Denne avtalen er bindande for seljaren ved underskrift og for kommunen etter vedtak i rette styreorgan.
8. Denne avtalen føreset semje med samtlege grunneigarar under gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38.
9. Tvist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettargang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, den 15.1.16


Hans Halkjelsvik

Volda kommune.
ordfører

17/1



Revisión	Revisión/Edición	Fecha	Rev. 0010
Firma	Firma	Fecha	20/07/2024
	Proyecto	Fecha	05/08/2023
	Propietario	Fecha	03/03/2024
	Objeto	Fecha	01/08/2016

Proyecto: Hämmyra
 Cliente: Din Bøllig AS
 Dirección: Vikregalla 12
 P.O. Box: 6150 Ørsta
 Teléfono: 01192 516

Empresa: mulvih
 www.mulvih.no
 Titulo: Gruntenverv
 Escala: 1:2000
 Fecha: 13/07/2024
 Autor: 938
 Fecha: 13/07/2024
 Escala: 1:1000

AVTALE

Mellom eigarane av gnr. 19 bnr. 2

Jon Inge Halkjelsvik, Kolbein Halkjelsvik, Helge Halkjelsvik og Ragnar Halkjelsvik (som seljar)
og

Volda kommune v/ordføraren (som kjøpar)

er det i dag inngått slik avtale:

1. I samband med gjennomføring av reguleringsplan Håmyra, godkjend i Kommunestyret 18.6.15, sak 62/15, sel eigarane av gnr. 19 bnr. 2 til Volda kommune ein parsell av gnr. 19 bnr. 2 slik det er vist med gul farge på kartet som følgjer denne avtalen (omlag 61 + 20 m²). Arealet skal nyttast til vegføremål. Gjennomføring av reguleringsplanen her legg også til rette for framtidig utnytting av område B 54 i kommunedelplan for Volda sentrum.
2. Prisen skal vere kr. 435,- pr. m², justert for endringar i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
3. Grensene for areala kommunen skal overta skal nærare oppmålast etter at anlegget er ferdig. Kommunen syter for oppmåling utan kostnad for seljaren, og seljar gir kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning, alternativt krevje grensejustering.
4. Kommunen får høve til å ta grunnen i bruk straks, mot at grunneigaren får utbetalt 3 % p.a. av erstatningssummen frå den datoen grunnen vert teken i bruk til endeleg oppgjer skjer.
5. Seljarane pliktar å utferde skøyte fritt for pengehefte og andre hefte som kan vere til hinder for kommunens bruk innan 1 månad etter at dei har fått tilbod om endeleg oppgjer, jamfør punkt 2 og 4 ovanfor, jfr. også pkt. 3
6. Kommunen dekkjer grunneigar sine naudsynte og rimelege kostnader til juridisk bistand i høve tingingar og denne avtaleinngåinga.
7. Denne avtalen er bindande for seljaren ved underskrift og for kommunen etter vedtak i rette styreorgan.
8. Denne avtalen føreset semje med samtlege grunneigarar under gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38.
9. Tvist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettgang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, den *15. januar 2016*

Jon Inge Halkjelsvik

Kolbein Halkjelsvik

Helge Halkjelsvik

Ragnar Halkjelsvik

Volda kommune
ordførar

AVTALE

Mellom eigarane av gnr. 19 bnr. 3
Sigrid Eldorhagen, Inger Johanne Halkjelsvik, Beate Halkjelsvik, Kristin Elise Halkjelsvik og Åse
Festøy Halkjelsvik (som seljar)
og
Volda kommune v/ordføraren (som kjøpar)

er det i dag inngått slik avtale:

1. I samband med gjennomføring av reguleringsplan Håmyra, godkjend i Kommunestyret 18.6.15, sak 62/15, sel eigarane av gnr. 19 bnr. 3 til Volda kommune ein parsell av gnr. 19 bnr. 3 slik det er vist med gul farge på kartet som følgjer denne avtalen (omlag 251 m²). Arealet skal nyttast til vegføremål. Gjennomføring av reguleringsplanen her legg også til rette for framtidig utnytting av område B 54 i kommunedelplan for Volda sentrum.
2. Prisen skal vere kr. 435,- pr. m², justert for endringar i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
3. Grensene for areala kommunen skal overta skal nærare oppmålast etter at anlegget er ferdig. Kommunen syter for oppmåling utan kostnad for seljaren, og seljar gir kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning, alternativt krevje grensejustering.
4. Kommunen får høve til å ta grunnen i bruk straks, mot at grunneigaren får utbetalt 3 % p.a. av erstatningssummen frå den datoen grunnen vert teken i bruk til endeleg oppgjær skjer.
5. Seljarane pliktar å utferde skøyte fritt for pengehefte og andre hefte som kan vere til hinder for kommunens bruk innan 1 månad etter at dei har fått tilbod om endeleg oppgjær, jamfør punkt 2 og 4 ovanfor, jfr. også pkt. 3
6. Kommunen dekkjer grunneigar sine naudsynte og rimelege kostnader til juridisk bistand i høve tingingar og denne avtaleinngåinga.
7. Denne avtalen er bindande for seljaren ved underskrift og for kommunen etter vedtak i rette styreorgan.
8. Denne avtalen føreset semje med samtlege grunneigarar under gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38.
9. Tvist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettargang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, den 15.01.2016.

Sigrid Eldorhagen,

Inger Johanne Halkjelsvik,


Beate Halkjelsvik,

Kristin Elise Halkjelsvik



Volda kommune
ordførar

Åse Festøy Halkjelsvik
På vegne av samtlege med avtale
frå Inger Johanne Halkjelsvik
D. K. HOVE / ADV.

1915



Beskrivelse	Revijon	Revijemerk	Stip.	Revijdato
Firma				
Firma:	Per Høiby AS			
Prosjekt:	Holmen 7			
Direktør:	72 07 29 93			
Prosjektleder:	52 10 49 32			
Prosjektassistent:	41 09 23 09			
Oppdragsleder:	81 07 51 56			
Prosjekt				
Prosjekt:	Håmyra			
Oppdragsnr.:	6150 Ørsta			
Oppdragsnavn:	Di. Bolig AS			
Oppdragsadresse:	Vikegata 12			
Oppdragspostnr.:	6150 Ørsta			
Prosjektinformasjon				
Tittel:	Grannerveg	Utskrift:	J00	
Dato:	17.09.12	Bladnr.:		
DSS:		Utskrift:		
Tegningsoppgitt:				
Prosjekt:	1357	Bladnr.:	938	Rev.:
		Skala:		1:1000



SW

AVTALE

Mellom eigarane av gnr. 19 bnr. 3
Sigrid Eldorhagen, Inger Johanne Halkjelsvik, Beate Halkjelsvik, Kristin Elise Halkjelsvik og Åse
Festøy Halkjelsvik (som seljar)
og
Volda kommune v/ordføraren (som kjøpar)

er det i dag inngått slik avtale:

1. I samband med gjennomføring av reguleringsplan Håmyra, godkjend i Kommunestyret 18.6.15, sak 62/15, sel eigarane av gnr. 19 bnr. 3 til Volda kommune ein parsell av gnr. 19 bnr. 3 slik det er vist med gul farge på kartet som følger denne avtalen (omlag 251 m²). Arealet skal nyttast til vegføremål. Gjennomføring av reguleringsplanen her legg også til rette for framtidig utnytting av område B 54 i kommunedelplan for Volda sentrum.
2. Prisen skal vere kr. 435,- pr. m², justert for endringar i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
3. Grensene for areala kommunen skal overta skal nærare oppmålast etter at anlegget er ferdig. Kommunen syter for oppmåling utan kostnad for seljaren, og seljar gir kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning, alternativt krevje grensejustering.
4. Kommunen får høve til å ta grunnen i bruk straks, mot at grunneigaren får utbetalt 3 % p.a. av erstatningssummen frå den datoen grunnen vert teken i bruk til endeleg oppgjær skjer.
5. Seljarane pliktar å utferde skøyte fritt for pengehefte og andre hefte som kan vere til hinder for kommunens bruk innan 1 måned etter at dei har fått tilbod om endeleg oppgjær, jamfør punkt 2 og 4 ovanfor, jfr. også pkt. 3
6. Kommunen dekkjer grunneigar sine naudsynte og rimelege kostnader til juridisk bistand i høve tingingar og denne avtaleinngåinga.
7. Denne avtalen er bindande for seljaren ved underskrift og for kommunen etter vedtak i rette styreorgan.
8. Denne avtalen føreset semje med samtlege grunneigarar under gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38.
9. Twist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettargang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, den 15.01.2016.

Sigrid Eldorhagen,

Inger Johanne Halkjelsvik,


Beate Halkjelsvik,

Kristin Elise Halkjelsvik


Åse Festøy Halkjelsvik
Føregje av samtlege med avtale
frå Inger Johanne Halkjelsvik
A. K. HOVE / ADV.

Volda kommune
ordførar

L115



Projekti: Riihimäki	Projekti: Riihimäki	Etappi: Riihimäki	Etappi: Riihimäki
Firma: Perustaja: Perustaja: Perustaja: Perustaja: Perustaja:	Firma: Perustaja: Perustaja: Perustaja: Perustaja:	Firma: Perustaja: Perustaja: Perustaja: Perustaja:	Firma: Perustaja: Perustaja: Perustaja: Perustaja:
Projektin nimi: Hämyra	Projektin nimi: Hämyra	Projektin nimi: Hämyra	Projektin nimi: Hämyra
Projektin kuvaus: Dn 801/ AS	Projektin kuvaus: Dn 801/ AS	Projektin kuvaus: Dn 801/ AS	Projektin kuvaus: Dn 801/ AS
Projektin sijainti: Viikigalla 12	Projektin sijainti: Viikigalla 12	Projektin sijainti: Viikigalla 12	Projektin sijainti: Viikigalla 12
Projektin pinta-ala: 6150 m²	Projektin pinta-ala: 6150 m²	Projektin pinta-ala: 6150 m²	Projektin pinta-ala: 6150 m²
Projektin valmistusvuosi: 1357	Projektin valmistusvuosi: 1357	Projektin valmistusvuosi: 1357	Projektin valmistusvuosi: 1357
Projektin valmistusmaa: 938	Projektin valmistusmaa: 938	Projektin valmistusmaa: 938	Projektin valmistusmaa: 938
Projektin valmistusmaa: 1:1000	Projektin valmistusmaa: 1:1000	Projektin valmistusmaa: 1:1000	Projektin valmistusmaa: 1:1000



Handwritten signature or initials in blue ink, possibly 'KAA'.

AVTALE

Mellom eigar av gnr. 19 bnr. 38
Erik Røys (som seljar)
og
Volda kommune v/ordføraren (som kjøpar)

er det i dag inngått slik avtale:

1. I samband med gjennomføring av reguleringsplan Håmyra, godkjend i Kommunestyret 18.6.15, sak 62/15 sel Erik Røys til Volda kommune ein parsell av gnr. 19 bnr. 38 slik det er vist med gul farge på kartet som følgjer denne avtalen (om lag 87 + 10 + 3 m²). Arealet skal nyttast til vegføremål. Gjennomføring av reguleringsplanen her legg også til rette for framtidig utnytting av område B 54 i kommunedelplan for Volda sentrum.


Tiltaket endrar elles ikkje tilhøva i gjeldande avtale av 22.2.88 mellom veglaget og Volda kommune
2. Prisen skal vere kr. 435,- pr. m², justert for endringar i konsumprisindeksen frå oktober 2014 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
3. Grensene for areala kommunen skal overta skal nærare oppmålast etter at anlegget er ferdig. Kommunen syter for oppmåling utan kostnad for seljaren, og seljar gir kommunen fullmakt til å krevje kart- og delingsforretning, alternativt krevje grensejustering.
4. Kommunen får høve til å ta grunnen i bruk straks, mot at grunneigaren får utbetalt 3 % p.a. av erstatningssummen frå den datoen grunnen vert teken i bruk til endeleg oppgjer skjer.
5. Seljarane pliktar å utferde skøyte fritt for pengehefte og andre hefte som kan vere til hinder for kommunens bruk innan 1 månad etter at dei har fått tilbod om endeleg oppgjer, jamfør punkt 2 og 4 ovanfor, jfr. også pkt. 3
6. Kommunen dekkjer grunneigar sine naudsynt og rimelege kostnader til juridisk bistand i høve tingingar og denne avtaleinngåinga.
7. Denne avtalen er bindande for seljaren ved underskrift og for kommunen etter vedtak i rette styreorgan.
8. Denne avtalen føreset semje med samtlege grunneigarar under gnr. 19 bnr. 1, 2, 3 og 38.
9. Tvist eller tvil vedkomande tolking og gjennomføring av denne avtalen skal avgjerast ved ordinær rettargang ved Søre Sunnmøre Tingrett.

Volda, den 15.1.16

Erik Røys
for Erik Røys

Volda kommune.
ordførar

19138



Handwritten signature or initials in blue ink.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2012/329
		Arkivkode:	611, &50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/16	Formannskapet Kommunestyret	09.02.2016

NÆRINGSAREAL PÅ ROTSET - OREIGNING GNR. 30 BNR. 4 - KLAGE

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.**
- 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.**

Vedleggsliste:

1. k-sak 123/15 frå møte 30.11.15: Vedtak om oreigning
2. Brev dat. 16.12.15 frå advokat Knardal: Klage på oreigningsvedataket

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

På vegne av Per Schjelderup klagar advokat Knardal i brev av 16.12.15 på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 om oreigning av ca. 48 da. regulert næringsareal frå gnr. 30 bnr. 4. Rådmannen rå til at klaga ikkje vert komen i møte, men sendt Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

Saksopplysningar:

I møte 26.11.15, sak 123/15, gjorde kommunestyret slikt samrøystes vedtak:

- 1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*

2. *Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
3. *Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
4. *Volda kommune krev skjøn.*

Saka med vedlegg følgjer som vedlegg 1.

I brev av 16.12.15 klagar advokat Knardal på vegne av Per Schjelderup på vedtaket. I samsvar med reglane i forvaltningslova skal klaga handsamast i kommunestyret, som kan gjere om vedtaket, eller stadfeste det og sende saka til Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

Vurdering og konklusjon:

I klaga vert det vist til at grunnlaget for oreigninga ikkje er til stade, i det det vert peika på inngrepet framstår som unødvendig og uforholdsmessig, då grunneigar har ynskt, og ynskjer, å utvikle området sjølv. Det vert i denne samanheng vist til grunneigar sitt brev av 30.4.2012, der det vert søkt om frådelling av arealet. Denne søknaden vart ikkje handsama, då det i brev av 21.5.12 frå oppmålingsmynde vart skrive slik

”Arealet som vert søkt frådelt er lokalisert innanfor område avsett til Industri/Forretning/Kontor i kommunedelplan for Volda sentrum. Vedtaksdato 18.06.2009. Som del av planvedtaket ligg ein føresetnad med krav om utarbeidd reguleringsplan for det aktuelle området før det kan takast i bruk. Plankravet gjeld også for eventuelle eigedomsdelingar.

Grunnlaget for å kunne handsame delingssøknaden er derfor ikkje til stades.

Eg gjer merksam på at det er høve til å søkje om dispensasjon ifrå gjeldande plan eller dispensasjon ifrå plankravet.

Det er elles gjort politisk vedtak om at kommunen skal starte planprosess for det aktuelle området i samsvar med premissane i kommunedelplanen.”

Kommunestyret har i sitt oreigningsvedtak i sak 123/15 lagt reguleringsplanen som vart vedteken 13.11.14 til grunn. I reguleringsprosessen kom det klart fram at kommunen gjennom å fremje ny reguleringsplan for området ynskjer ei gjennomføring i kommunale regi av heile planen. Rådmannen viste i saka til at omsynet til samla utbygging og tilrettelegging i kommunal regi bør vege tungt i denne sak.

Enn vidare vart grunneigar sitt ynskje om utbyggingsavtale vurdert i k-sak 107/12 (sak om godkjenning av avtalar med dei andre grunneigarane), der følgjande forslag vart røysta ned med 24 mot 2 røyster:

”Volda kommune godtek at eigaren av gnr. 30, bnr. 4 sel grunnen sjølv. Det må då vere ein føresetnad i eit samarbeid mellom kommunen og grunneigar når det gjeld kven som skal tildelast tomter på den aktuelle grunnen. Det er også vidare ein føresetnad at alle kostnader kommunen får til utarbeiding og klargjering av næringsarealet vert refundert for dette arealet på same måte som for arealet elles.”

Rådmannen viser elles til punkt 5 i saksutgreiinga til k-sak 123/15, der grunneigar sine kommentarar til varsel om oreigning er kommenterte. Rådmannen kan ikkje sjå at klagen

inneheld nye opplysningar som ikkje var kjende då kommunestyret gjorde sitt oreigningsvedtak. Det vert såleis rådd til at kommunestyret ikkje kjem klagen i møte, men sender saka over til Fylkesmannen til endeleg avgjerd.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i k-sak 123/15

Økonomiske konsekvensar:

Er vurdert i k-sak 123/15

Beredskapsmessige konsekvensar:

Er vurdert i k-sak 123/15

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset,
6404 Molde

Advokat Knardal
Boks 75,
6001 Volda

Advokat Andresen
Grimmergata 5,
6002 Ålesund.

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/329	12208/2015	611	SVK/ UNNISTRA	30.11.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - NÆRINGSAREAL PÅ ROTSET -
GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN- OREIGNING.**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.11.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 123/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*
- 2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
- 3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
- 4. Volda kommune krev skjøn.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886	Telefaks: 7005870170058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-------------------------------	---	----------------------------

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2012/329

Arkivkode: 611, &50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
162/15	Formannskapet	03.11.2015
123/15	Kommunestyret	26.11.2015

NÆRINGSAREAL PÅ ROTSET - GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN- OREIGNING.

Handsaming i kommunestyret:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015

- 1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*
- 2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
- 3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.*
- 4. Volda kommune krev skjøn.*

Handsaming i formannskapet:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.
2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.
3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.
4. Volda kommune krev skjøn.

Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.
2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.
4. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.
5. Volda kommune krev skjøn.

Vedleggsliste:

1. K-sak 107/12, møte 30.8.12
2. Brev til Schjelderup av 3.7.13
3. Svar frå advokat Knardal 18.7.13
4. Brev av 13.2.15 til adv. Knardal
5. Referat møte 2.3.15
6. Brev av 13.3.15 frå adv. Knardal
7. Brev av 19.3.15 frå avd. Andresen
8. Brev av 13.5.15 til advokat Knardal: Varsel om oreigning
9. Brev av 28.5. 15 frå advokat Knardal
10. Kart over oreigningsområdet
11. Overskjøn 2.7.14

Uprenta saksvedlegg:

1. <http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2012008> (Reguleringsplanen)
2. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_3-2#KAPITTEL_3-2 (heimel til oreigning).

Samandrag av saka:

Volda kommune har vedteke reguleringsplan for næringsområde på øvre Rotset. Kommunen har inngått avtalar med fire grunneigarar om overtaking av slikt regulert areal, og det er ført tingingar også med eigar av gnr. 30 bnr. 4, Per Schjelderup, om overtakinga av areal frå hans eigedom, men desse tingingane har ikkje ført fram. Det vert med dette gjort framlegg om oreigning av regulert næringsareal frå gnr. 30 bnr. 4 med heimel i pbl. kap 16.

Saksopplysningar:

1. Nærare om arealet:

Det regulerte området ligg på øvre Rotset, ved foten av Rotsethornet, nordvendt og ganske avsølt store delar av året. E 39 går gjennom planområdet med tunnelinnslag for Rotsethorntunnelen rett sør for planområdet. Frå kommunesenteret Volda sentrum er det i overkant av 2 km langs offentleg veg til planområdet. Skulekrins er sentrumsskulen i Volda, Øyra skule. Det er elles kort veg (under 2 km) til ungdomskule, vidaregåande skule og høgskule. Volda sjukehus er også i gangavstand. Frå planområdet er det med andre ord kort veg til sentrum og tilhøyrande funksjonar.

I planomtalen går m.a. følgjande fram:

"Volda kommune eig i dag ein del av området avsett til industri/forretning/kontor, ein del er i privat eige som etablerte næringsareal. Planarbeidet skal gje grunnlag for kommunal sikring av areal til næringsføremål i samsvar med intensjon i kommuneplan. For å sikre naturleg avgrensing og alternative tilkomstløysingar er også areal mot Rotevatnet teke med. Areala mellom dagens veg og Rotevatnet skal vere del av grøntstruktur/friluftsføremål, med høve til framføring av tursti og ev. sikring av friområdet mot vatnet. Det er i planen også lagt til rette eit utvindingsareal for Leirhaugen gravplass. For å skilje gravplassen og tilgrensande bustader frå byggearealet industri/forretning/kontor er det lagt inn eit parkbelte.

Elles er arealbruken tenkt som i kommunedelplanen for Volda sentrum.....

.....Følgjande føringar er lagt til grunn:

- Reguleringsplan skal sikre grunnlag for kommunal sikring av areal til næringsføremål*
- Areal mellom dagens veg og Rotevatnet skal vere del av grøntstruktur/friluftsføremål med høve til framføring av tursti.....*

Med bakgrunn i kommuneplanen og behov for eit "allsidig" næringsområde er arealbruken fastsett som kombinasjonsareal. Det er ønskjeleg at både forretningsføremål (innan avgrensa bruk), kontorføremål og industriføremål skal kunne etablerast i områda. Det vert lagt til grunn ei utnyttingsgrad i storleik BYA 60 %.....

Planarbeidet vert gjennomført for å sikre nye utbyggingsareal for etablering av samfunnsmessig nødvendige nærings tiltak. Planområdet er vurdert i kommuneplanen slik at arealet er nødvendig for å opprette nødvendige arbeidsplassar, handel, tenesteyting og industriverksemd for eit velfungerande lokalsamfunn.....

Kommunestyret vedtok i møte 13.11.14, sak 142/14, reguleringsplanen for næringsområdet på øvre Rotset, sjå <http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2012008>.

2. Samtalar/møter/tingingar med grunneigar:

Allereie før nogjeldande plan vart vedteken hadde administrasjonen tinga med grunneigarane om kommunal overtaking av areal. I møte 30.8.12, sak 107/12, gjorde kommunestyret vedtak om å godkjenne avtalar med fire grunneigarar på øvre Rotset om overtaking, jfr. *vedlegg 1*.

I nemnde sak er det også gjort greie for dei tingingar som til då også var gjorde med eigar av gnr. 30 bnr. 4, Per Schjelderup. Det hadde ikkje lukkast å kome fram til avtale med han, og kommunestyret gjorde såleis slikt vedtak i ovannemnde sak, punkt 2:

”Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.”

Under kommunestyret si handsaming av saka vart det fremja slikt forslag, som fall då 2 røysta for, medan 24 røysta mot:

”Volda kommune godtek at eigaren av gnr. 30, bnr. 4 sel grunnen sjølv. Det må då vere ein føresetnad i eit samarbeid mellom kommunen og grunneigar når det gjeld kven som skal tildelast tomter på den aktuelle grunnen. Det er også vidare ein føresetnad at alle kostnader kommunen får til utarbeiding og klargjering av næringsarealet vert refundert for dette arealet på same måte som for arealet elles.”

Kommunen sende nytt brev dat. 3.7.13 til Schjelderup med førespurnad om friviljug avtale avståing av grunn, jfr. *vedlegg 2*. På denne førespurnaden svara adv. Knardal i brev av 18.7.13 at Schjelderup ynskjer å utvikle og selje dette arealet sitt sjølv, jfr. *vedlegg 3*.

Kommunestyret vedtok i møte 13.11.14, sak 142/14, ny reguleringsplan for næringsområdet på øvre Rotset, sjå <http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2012008>

Kommunen v/adv. Reidar Andresen tok eit nytt initiativ i saka ved brev av 13.2.15 til adv. Knardal, jfr. *vedlegg 4*, der det vert bede om eit nytt forhandlingsmøte. Slikt møte vart halde 2.3.15, jfr. *vedlegg 5*.

Adv. Knardal har i brev av 13.3.15 kome med nokre kommentarar til referatet frå møtet, jfr. *vedlegg 6*.

Adv. Andresen har på vegne av kommunen kommentert Knardal sine merknader, og har i brev av 19.3.15 også gjeve melding om at manglande tilbakemelding etter ein frist på fem veker inneber at kommunen set i gang oreigningssak etter pbl kap. 16, jfr. oreigningslova § 12 (det skal gjerast forsøk på å kome fram til minneleg semje), og § 28 (melding om at eigar ikkje kan råde rettsleg over eigedomen utan at oreigningssøkjaren samtykkjer), jfr. *vedlegg 7*.

Administrasjonen har sendt varsel til grunneigar om at det vil vert fremja forslag om oreigning, jfr. *vedlegg 8*. Til dette har grunneigar som hovudargument framført at han ynskjer å bygge ut området sjølv, gjennom ein utbyggingsavtale med kommunen, jfr. *vedlegg 9*. Dette ynskjemålet har kommunestyret i prinsippet vurdert og avvist, jfr. det forslag til vedtak som vart nedstemt i sak 107/12, referert ovanfor. Sjå elles kommentarar til grunneigar sitt brev i punkt 5 nedanfor.

Når det gjeld driftsbygningen på området vil kommunen ved oreigning måtte erstatte denne på vanleg måte, evt. også driftsavbrot, jfr. hans merknad punkt 4.

3. Grunnlag for oreigning

Heimel til oreigning er plan- og bygningslova § 16-2. Det fylgjer av denne paragrafen at kommunestyret kan oreigne "til gjennomføring av planen". I dette ligg det at oreigningsinngrepet må vere naudsynt for ei hensiktsmessig gjennomføring av reguleringsplanen. Dette går også fram av orl. § 2,1.ledd som gjeld tilsvarande, og som slår fast at oreigning skal skje "så langt det trengs til eller for".

Utgangspunktet er at nødvendigeita ved oreigningsinngrepet skal vurderast ved alle former for oreigning. Ved oreigning etter reguleringsplan vert det i praksis ikkje stilt same krav til avveginga av inngrep som ved andre oreigningsinngrep, dette fordi ein gjennom reguleringshandsaminga har gjort ei grundig vurdering som delvis kan leggest til grunn ved oreigninga, jfr. rundskriv H-14-02 frå kommunal- og regionaldepartementet.

4. Kvifor oreigning

Kommunen har som ei av sine viktige oppgåver å legge til rette for utvikling i næringslivet med sikte på etablering og vidare utvikling av bedrifter i Volda. Dette er særleg viktig i ei brytingstid med m.a. nye vegsamband. Kommunen må ivareta dette mellom anna gjennom ein reguleringspolitikk, der ein sikrar næringslivet tilgang til hensiktsmessige areal for vidare vekst for den einskilde og lokalsamfunnet. Dette kan etter rådmannens syn best skje ved at kommunen har hand om større reguleringsplanar og sikrar regulerte utbyggingsareal, og syter for heilskapleg og effektiv infrastruktur. Det vil gi næringsaktørar føreseielege rammevilkår, i dette tilfellet like tomteprisar, i eit og same reguleringsområde. Volda Næringsforum seier følgjande i innspel til reguleringsplanen:

"Når det gjeld Øvre Rotset har Volda kommune eit dobbelt ansvar: Dei eig i hovudsak all grunn i planområdet, i tillegg til å vere regulerande mynde.

Det gir og større moglegheiter. Kommuna kan gjennom å tenke heilskapeleg og strategisk, i større grad påvirke utviklinga av området.

Og kor vi saman vel å nytte dei ulike areala optimalt for å underbygge den best moglege utviklinga for næringslivet, men ikkje minst for heile Volda-samfunnet. Og det er eit viktig ansvarsområde for dei lokale folkevalde, som sit med eit tydeleg samfunnsansvar."

For å sikre tilgjengelege og eigna tomter til bedriftene sine behov, er det etter rådmannen sitt syn såleis naudsynt at kommunen har hand om fordeling av tomtene innanfor eit samla næringsområde. Dette er også synspunkt som implisitt kjem fram frå Volda Næringsforum, då dei i same innspel til reguleringsplanen m.a. skriv at :

"Overordna er det positivt at Volda kommune tek si rolle som tilretteleggar av næringsareal på alvor. Dette vonar vi kjem til å halde fram i framtida, slik at næringslivet sine behov blir stetta. Og slik at ein syt for at Volda held fram med å være ein attraktiv stad å starte opp og drive næring."

I denne saka er det gjort fleire forsøk på å kome fram til minneleg semje med grunneigar, både før og etter ny reguleringsplan, jfr. omtale ovanfor. Det har i reguleringsprosessen kome klart fram at kommunen gjennom å fremje ny reguleringsplan for området ynskjer ei gjennomføring i kommunal regi. I og med at stoda no er at kommunen har hand om

mesteparten av arealet reguleringsplanen omfattar, oppfattar rådmannen det slik at omsynet til samla utbygging og tilrettelegging i kommunal regi bør vege tungt i denne saka. Grunneigar vil i medhald av Grunnlova § 105 få full økonomisk erstatning ved rettsleg skjøn.

5. Kommentar til grunneigar sitt svar på varsel om oreigning.

Ved brev av 13.5.15 fekk grunneigar varsel om at sak om oreigning vil verte lagt fram, jfr. vedlegg 8. Dette har grunneigar sin advokat svara på i brev av 28.5.15, jfr. vedlegg 9:

1. Ynskjer å utnytte arealet sjølv, ved å inngå utbyggingsavtale med kommunen.

Kommentar:

I Kommunedelplan for Volda sentrum, tekstdelen, godkjent av Miljøvern-departementet 22.3.11 går følgjande fram i kap. 2.12:

”Det er gjort endringar i plan- og bygningslova når det gjeld utbyggingsavtaler. Utbyggingsavtaler kan berre nyttast i forhold til dei bestemmelsar som er gitt i arealdelen til kommuneplanen, reguleringsplan eller utbyggingsplan. Dersom ein ønskjer å nytte utbyggingsavtaler for å styre utbygginga, må grunnlaget leggjast i ein plan.

Slike utbyggingsavtaler skal i tillegg ha grunnlag i kommunalt vedtak som definerer når utbyggingsavtaler er ein føresetnad for utbygging, og som synleggjer kommunen sine forventningar til avtalen. Dette kan gjerast gjennom t.d. eit handlingsprogram for realisering av planen.....”

Det er ikkje i detaljreguleringsplanen for ”Øvre Rotset næringsområde” teke inn noko om utbyggingsavtale, snarare er det planen sin intensjon at kommunen skal stå for gjennomføringa. Det vert også vist til at kommunestyret i prinsippet har vurdert og avvist dette, jfr. sitat av det forslaget som vart røysta ned av kommunestyret i sak 107/12, sjå kap. 2 ovanfor.

2. Meiner vilkår for oreigning ikkje vil vere oppfylt.

Kommentar:

Med henvising til argumentasjonen i punkt 3 og 4 ovanfor meiner rådmannen at vilkåra er til stade.

3. Driftsbygning på eigedomen vil medføre store kostnader å erstatte ved ei innløyising.

Kommentar:

Når det gjeld driftsbygningen vil kommunen ved oreigning måtte erstatte den, og skjønnsretten vil fastsetje erstatninga.

4. Ynskjer ikkje at kommunen skal kunne ta grunnen i bruk før skjøn er halde, ettersom dei er avhengig av å nyte m.a. driftsbygninga i næring.

Kommentar:

Det tek som regel nokre månader (opp til eit år) frå oreigning er vedteke til skjøn vert halde. Det kan vere viktig for anleggsdrifta i eit så stort prosjekt å kunne ta grunnen i bruk samla. Men for anleggsdrifta sin del treng ikkje driftsbygninga fjernast før skjøn er halde, då bygningen ikkje står å vegen for slik anleggsdrift.

5. Det vert bede om at kommunen ikkje går inn for oreigning, men i staden ser positivt på Per Schjelderup sitt ynskjer om å utvikle arealet sjølv,

Kommentar:

Det vert vist til punkta 2, 3 og 4 ovanfor.

6. Konklusjon:

I samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 107/12, punkt 2, fremjar rådmannen såleis forslag om at om lag 48 da. av gnr. 30 bnr. 4 vert oreigna, jfr, kart *vedlegg 10*. Ved vedtak av reguleringsplan har kommunestyret vurderte det slik at tvangsgjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade.

Det vart 2.7.14 halde overskjøn i området, der prisen på dei areala kommunen fekk til avtale om i sak 107/12 vart fastsett, jfr. *vedlegg 11*. Dette overskjønnet vil telje med ved skjønnsretten si fastsetjing av rett pris.

Volda kommune sin prosessfullmektig vert advokat Reidar Andresen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i sakene 107/12 og 142/14 (reguleringsplansaka)

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje kjende før det er halde skjøn.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Per Schjelderup, Prestegata 25, 6100 Volda

Adv. Knardal, Boks 75, 6101 Volda

Adv. Reidar Andresen, Boks 377, 6001 Ålesund

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTI «POSTSTED»»

Arkivsak nr.	Lopenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2012/329	8372/2012	611	SVK/ US	04.09.2012

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - GODKJENNING AV AVTALAR OM
INNLØYSING AV NÆRINGSAREAL M.M. PÅ ROTSET**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.08.12, hadde føre ovannemnde som sak PS 107/12, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og Lars Barstad, Astri Eidset Rygh, Cesilie Dahle Torbjornson og Ragnar Aarflot jr. vert godkjende slik dei ligg fore i vedlegg 5, 6, 7 og 8 til denne saka.*
- 2. Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjon også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.*

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Kultur- og næringsavd. v/Per Ernst Lundberg
Komm.tekn. avd. v/Asbjørn J. Aasebø
Planleggar Per Heltne
Sakshandsamar Arne Eliassen (for vidare arbeid)

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Arne Eliassen	Arkivsak nr.:	2012/329
		Arkivkode:	611, &50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
154/12	Formannskapet	21.08.2012
107/12	Kommunestyret	30.08.2012

GODKJENNING AV AVTALAR OM INNLØYSING AV NÆRINGSAREAL M.M. PÅ ROTSET

Handsaming i kommunestyret:

Ragnhild Aarflot Kalland reiste spørsmål om ho var ugild, då ho er søster til ein av partane. Ivar-Otto Kristiansen reiste også spørsmål om han var ugild, då dotra hans har eit forhold til sonen til ein av partane. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Kommunelova § 40, jf forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokst. b.

Silje Elise Grevsnes var innkalla på førehand, og ho tok sete som vara for Kalland.

Røysting vedk. ugildskap:

Ragnhild Aarflot Kalland vart samrøystes kjend ugild.

Ivar-Otto Kristiansen vart samrøystes kjend gild, og han tok sete.

Odd Martin Velsvik, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2 i formannskapet si tilråding:

Volda kommune godtek at eigaren av gnr. 30, bnr. 4 sel grunnen sjølv. Det må då vere ein føresetnad i eit samarbeid mellom kommunen og grunneigar når det gjeld kven som skal tildelast tomter på den aktuelle grunnen. Det er også vidare ein føresetnad at alle kostnader kommunen får til utarbeiding og klargjering av næringsarealet vert refundert for dette arealet på same måte som for arealet elles.

Røysting:

Pkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 2 i formannskapet si tilråding og framlegget frå Odd Martin Velsvik, fekk tilrådinga frå formannskapet 24 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Velsvik fekk 2 røyster og fall.

Vedtak i Kommunestyret - 30.08.2012

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og Lars Barstad, Astri Eidset Rygh, Cesilie Dahle Torbjørnson og Ragnar Aarflot jr. vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5, 6, 7 og 8 til denne saka.*
- 2. Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.*

Ragnhild Aarflot Kalland tok sete, og Silje Elise Grevsnes gjekk.

Handsaming i formannskapet:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 21.08.2012 til Kommunestyret:

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og Lars Barstad, Astri Eidset Rygh, Cesilie Dahle Torbjørnson og Ragnar Aarflot jr. vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5, 6, 7 og 8 til denne saka.*
- 2. Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Avtalane mellom Volda kommune og Lars Barstad, Astri Eidset Rygh, Cesilie Dahle Torbjørnson og Ragnar Aarflot jr. vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5, 6, 7 og 8 til denne saka.*
- 2. Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.*

Vedleggsliste:

1. Brev av 3.2.2012 til grunneigarane (vedlagde døme til Astri Eidset Rygh)
2. Brev av 28.3.2012 til Per Schjelderup v/adv. Knardal
3. Brev av 30.04.2012 frå advokat Knardal
4. Brev av 21.05.2012 til advokat Knardal frå Volda kommune.
5. Avtale mellom Lars Barstad og Volda kommune
6. Avtale mellom Astri Eidset Rygh og Volda kommune
7. Avtale mellom Cesilie Dahle Torbjørnson og Volda kommune
8. Avtale mellom Ragnar Aarflot jr. og Volda kommune

9. Utsnitt av kommunedelplan for Volda sentrum
10. Reguleringsplan Øvre Rotset 2 frå 1990

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Kommunen har forhandla med eigarane av dei områda på Øvre Rotset som er lagt ut til næringsareal og utviding av Leirshaugen gravplass med sikte på innløyasing. Det har lukkast å oppnå avtale om frivillig skjøn med fire av dei fem grunneigarane. Med den siste grunneigaren har det enno ikkje lukkast å kome fram til ein avtale og ei eventuell tvangsinnløyasing av arealet føreset at det ligg føre ein ny og revidert reguleringsplan. Dette arbeidet skal startast opp i år. Fram til ein eigengodkjend reguleringsplan ligg føre, vil kommunen halde fram arbeidet med å prøve å få til ein avtale om frivillig skjøn også med den siste grunneigaren.

Administrasjonen rår til at kommunestyret godkjenner dei avtalane vi har fått i retur i underteikna stand.

Saksopplysningar:

Administrasjonen har forhandla med eigarane av areala innanfor det området som er regulert til utviding av Leirshaugen gravstad og til næringsføremål på Øvre Rotset. Ein del av industriområdet vart innløyst i samband med bygginga av ny veg til Rotsethorntunnelen og noko var eigd av kommunen frå før. Arealet som skal innløyast no utgjer om lag 60 da fordelt på fem grunneigarar.

Gjeldande reguleringsplan er Øvre Rotset 2 frå 1990. Denne skal reviderast/fornyst og i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum frå 2009 er det lagt visse føringar for endringane av 1990-planen.

Administrasjonen har lagt opp til at grunnprisen vert fastsett ved frivillig skjøn etter § 4 i skjønsova og alle grunneigarane fekk 3.2.2012 tilsendt slikt brev som går fram av vedlegg 1 med mindre variasjonar i kvart brev ut frå reguleringsføremål og storleik.

Kommunen har fått avtalar om frivillig skjøn med følgjande grunneigarar:

- Lars Barstad, eigar av gnr. 30 bnr. 183
- Astri Eidset Rygh, eigar av 30 bnr. 3
- Cesilie Dahle Torbjørnson, eigar av gnr. 30 bnr. 7
- Ragnar Aarflot jr., eigar av gnr. 30 bnr. 1 og 8

Det har ikkje lukkast å kome fram til avtale med eigaren av gnr. 30 bnr. 4, Per Schjelderup.

Administrasjonen har hatt møte med Per Schjelderup og advokaten hans utan at ein har lukkast i å bli samde om ein avtale. I utgangspunktet ville Schjelderup ha ein utbyggingsavtale med kommunen om privat utnytting av arealet sitt der han fritt kunne selje

tomtene. Dette vart drøfta med planseksjonen, kommunalteknisk avdeling og rådmannen og kommunen gav slik tilbakemelding til Schjelderup gjennom advokat Knardal:

Det vert vist til møte vedkomande kommunen sin førespurnad om kjøp av areal på Øvre Rotset tysdag 6. mars på rådhuset.

Familien Schjelderup sitt ønske om ein utbyggingsavtale med kommunen for privat utnytting av området til dei tiltaka som er fastsette i kommuneplanen (IFK =industri/forretning/kontor) har vore drøfta med rådmannen.

Haldninga hans til dette er at kommunen har ei av sine viktigaste oppgåver å legge til rette for utvikling i næringslivet med sikte på etablering og vidare utvikling av bedrifter i Volda. Dette er særleg viktig i ei brytingstid med nye vegsamband. Kommunen må ivareta dette mellom anna gjennom ein reguleringspolitikk der ein sikrar næringslivet tilgang til hensiktsmessige areal for vidare vekst for den einskilde og lokalsamfinnet.

Dette kan best skje ved at kommunen har hand om større reguleringsplanar, sikring av regulert utbyggingsareal og ein heilskapleg og effektiv infrastruktur. Det vil gi næringsaktørar føreseielege rammevilkår, i dette tilfelle tomteprisar, i eit og same reguleringsområde.

For å sikre tilgjengelege og eigna tomter til bedriftene sine behov, er det nødvendig at kommunen har hand om fordeling av tomtene innanfor eit samla næringsområde.

Rådmannen ser det difor ikkje formålstenleg å gå vidare med ønsket dykkar om privat utnytting av området og vi opprettheld difor førespurnaden om frivillig avståing av tomtegrunn på Øvre Rotset slik det går fram av kommunen sitt brev datert 3.2.2012.

Då kommunen ikkje fekk noko tilbakemelding på brevet ovanfor, vart det sendt nytt brev den 28.3.2012 og med ein ny frist for tilbakemelding. Sjå vedlegg 2.

Den 2.5.2012 mottok kommunen slikt brev som går fram av vedlegg 3, der det vert fastholdt at Schjelderup må få utvikle området i eigen regi. Vedlagt brevet følgde og ein delingssøknad om frådelling av det aktuelle arealet. I brevet vart det m.a. opplyst at så snart delinga er gjennomført, vil Schjelderup legge tomta ut for sal på den opne marknaden og kjøpar vil måtte disponere den i samsvar med vedteken plan.

I brev av 21.5.2012 til advokat Knardal/Schjelderup skriv avdeling for kart, oppmåling og byggesak at grunnlaget for å handsame delingssøknaden ikkje er til stades då det i det aktuelle området er krav om utarbeidd reguleringsplan. Sjå svarbrevet i vedlegg 4.

Den 5.7.2012 sendte kommunen eit nytt brev til Knardal/Schjelderup der grunneigaren vart oppmoda om å gå med på ein avtale om frivillig skjøn. I brevet vert det opplyst at kommunen vil legge fram ei sak etter ferien om godkjenning av dei fire avtalane vi alt har motteke og kommunestyret må i same sak ta stilling til vidare framdrift i saka dersom det viser seg å ikkje vere mogleg å få til ein avtale med grunneigaren om frivillig skjøn. Administrasjonen vil i så fall tilrå overfor kommunestyret at kommunen startar førebuing med oreigning av parsellen så snart det ligg føre ein eigengodkjend reguleringsplan for

området. I mellomtida, parallellt med reguleringsprosessen, vil administrasjonen likevel prøve å få ein avtale om frivillig skjøn med grunneigaren.

Div. opplysningar om dei forskjellige avtalane:

Lars Barstad, eigar av gnr. 30 bnr. 183:

Gjeld innløyising av knapt 3 da areal som skal nyttast til næringsføremål. Barstad har ståande eit drivhus på det arealet som skal løysast inn og vil i samband med revidering av reguleringsplanen ta opp spørsmålet om nordgrensa på innløyisingarealet kan justerast noko slik at drivhuset kan bli ståande.

Astri Eidset Rygh, eigar av 30 bnr. 3:

Gjeld innløyising av knapt 3 da areal som skal nyttast til utviding av Leirshaugen gravstad.

Cesilie Dahle Torbjørnson, eigar av gnr. 30 bnr. 7:

Gjeld innløyising av omlag 6,4 da areal som skal nyttast til utviding av Leirshaugen gravstad og næringsareal. I avtalen er det tatt inn at arealet sør for den gamle utskiftingsvegen skal gå ut av den føreståande revideringa av reguleringsplanen for Øvre Rotset 2 saman med eit areal på om lag 1 da nord for utskiftingsvegen. Det siste området vert i dag brukt som beite. Sjå kartet som følgjer avtalen.

Ragnar Aarflot jr., eigar av gnr. 30 bnr. 1 og 8:

Gjeld innløyising av om lag 19 da areal som skal nyttast til utviding av Leirshaugen gravstad og næringsareal. I avtalen er det tatt inn at arealet sør for den gamle utskiftingsvegen skal gå ut av den føreståande revideringa av reguleringsplanen for Øvre Rotset 2. Som kompensasjon for dette skal arealet merka A4 på knapt 10 da ved revidering/fornyng av reguleringsplanen for Øvre Rotset 2 omregulerast frå LNF-område til næringsareal. I avtalen er det og teke inn at partane er samde om at A4 skal verdsetjast som industriareal i skjønnet, i tilfelle dette vert halde før reguleringsplanen er eigengodkjend.

Vurdering og konklusjon:

Som nemnt ovanfor har det diverre ikkje lukkast å kome fram til avtale om frivillig skjøn med Per Schjelderup. Det er og rett som advokat Knardal skriv på side 2 (punkt 3) i brevet sitt i vedlegg 3 at vilkåra for oreigning ikkje vil vere oppfylt slik stoda er i dag.

For å få hand om Schjelderup sitt areal er kommunen såleis avhenging av ein ny reguleringsplan for området.

Oreigningslova sine reglar kan ikkje nyttast i samband med industri- og næringsareal og arbeidet med ein oreigningsprosess kan difor først starte når det ligg føre ein eigengodkjend reguleringsplan. Det hastar difor med å få ein ny reguleringsplan på plass så snart som mogleg.

Når det gjeld grunnprisen, meiner administrasjonen at det vil vere svært uheldig dersom privatpersonar set i gang sal av tomter til høgstbydande inne i industriområdet i forkant av eit skjøn. Tidlegare oppnådde prisar i eit område vert vanlegvis tillagt vekt i ei skjønssak, men ein skjønnsrett vil også måtte ta omsyn til naudsynte kommunale investeringar i industriområdet for å gjere det byggeklart. Det er nettopp dei kommunal investeringane som gjer at området vert attraktivt og kan byggast ut i samsvar med reguleringsføremålet. Her er

det snakk om fleire millionar kroner i grunnlagsinvesteringar, som seinare skal fordelast på tomtene. Etter kommunen si meining er det difor ikkje rett at private skal tene på fellesskapet sine investeringar i feltet. Grunnprisen vert normalt rekna ut som ein snittpris for heile industriområdet og det vil vere svært uheldig om privat sal av næringsareal til høgstbydande skal vere med å presse prisen oppover. Schjelderup sitt areal utgjer dessutan om lag halvparten av arealet som skal innløyast og dette bør difor ha same utsalspris som dei andre tomtene i feltet.

Administrasjonen rår til at avtalane med Lars Barstad, Astri Eidset Rygh, Cesilie Dahle Torbjørnson og Ragnar Aarflot jr. vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5, 6, 7 og 8 til denne saka.

Parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset vil kommunen prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4.

Helse og miljøkonsekvensar:

Kommunen ser det som ein fordel med ei opprydding i dette området og få høve til å legge ut velfungerande tomter for industri/forretning/kontor i eit lett tilgjengeleg og sentrumsnært strok.

Økonomiske konsekvensar:

Fleire millionar kroner i kommunale investeringar til planlegging, grunnkøp og infrastruktur. Midlar til dette er sett av i budsjettet for 2012 og i økonomiplanen for 2013 og 2014.


Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen spesielle.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Advokat Bjørn Kristian Hove, Postboks 815, 6001 Ålesund
Per Schjelderup v/adv. Jørund Knardal, Postboks 75, 6101 Volda
Astri Eidset Rygh, Storebakken 16, 6100 Volda
Lars Barstad, Rotsetgeila 40C, 6100 Volda
Cesilie Dahle Torbjørnson, Skrivarvegen 20, 6100 Volda
Ragnar Aarflot jr., Rotset, 6100 Volda
K&N v/Per Ernst Lundberg, her
Kommunalteknisk avdeling, her
Planseksjonen, her
AE for vidare arbeid



VOLDA KOMMUNE
Samordnings- og utviklingsstaben

Advokat Jørund Knardal
 Postboks 75

6101 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Lopenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/329	6819/2013	611	SAM/ AE	03.07.2013

GJELD: KJØP AV GRUNN TIL NÆRINGSFØREMÅL PÅ ROTSET FRÅ PER SCHJELDERUP

Det vert vist til tidlegare korrespondanse i denne saka.

Tidspunktet for skjønnet, som skal avviklast 4. september 2013, nermar seg og kommunen vil endå ein gong oppmode Per Schjelderup om å inngå avtale med kommunen om frivillig skjøn, jamfør tidlegare utsendte avtaleframlegg og kart, slik at vi også får med Schjelderup som part i skjønnet.

Med helsing

Arne Eliassen
 leiar samordnings- og utviklingsstaben

Kopi til:
 Per Schjelderup, Prestegata 25, 6100 VOLDA
 Per Ernst Lundberg, her

3

ADVOKATANE
MAURSET, KNARDAL OG HEGGEN

Volda kommune
Samordnings- og utviklingsstaben
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/325	Avd. SAH
Løpenr.	Sps. AE
22 JUL 2013	
Arkivset:	Emne 2
Klassering P:	611
Klassering S:	

STRYN - VOLDA

Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

Volda 18.07.2013

**GJELD: FØRESPURNAD OM KJØP AV GRUNN TIL NÆRINGSFØREMÅL PÅ
ROTSET FRÅ PER SCHJELDERUP**

Viser til Dykkar brev av 3.7.2013 og tidlegare korrespondanse og møte.

Per Schjelderup ynskjer å utvikle og selje dette arealet sitt sjølv, og har fleire gongar invitert kommunen til eit samarbeid om disponeringa. Han vil difor ikkje å selje arealet sitt til kommunen.

Dersom Volda kommune endrar syn og ynskjer å samarbeide med Per Schjelderup basert på at Per Schjelderup utviklar og sel arealet sjølv, så imøteser ein ein positiv dialog med Volda kommune om dette.

Med helsing


Jørund Knardal
advokat

Kopi: Per Schjelderup

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thore.heggen@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Jorund Knardal
Org.nr. 987 090 766 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
knardal@online.no
Avd.kto. Tonningsgt 42, 6783 Stryn

Advokatene Maurset, Knardal og Heggen
v/advokat Jørund Knardal
Postboks 75
6101 VOLDA

Ålesund, 13. februar 2015
Vår ref.: 2608605.1-131423 ANDREI/GODKAR
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen

**VEDRØRENDE TIDLIGERE FORESPØRSEL FRA PER SCHELDERUP OM KJØP AV
GRUNN TIL NÆRINGSFORMÅL PÅ ROTSET I VOLDA KOMMUNE – FORTSETTENDE
FORHANDLINGER**

Til din orientering har undertegnede tiltrådt som advokat for Volda kommune etter at kollega Svein Tømmerdal har besluttet å avvikle sin virksomhet gradvis.


I mitt arbeid er jeg blitt gjort oppmerksom på en sak som har versert mellom Dem og Volda kommune, og da konkret sak knyttet til kommunens ønske om kjøp av grunn til næringsformål på Rotset i Volda kommune fra Deres klient, Per Schelderup.

I et forsøk på å bringe saken videre finner jeg det på vegne av Volda kommune hensiktsmessig at en – så snart som mulig – avvikler et møte mellom partene der saken på ny kan drøftes, herunder vilkårene for eventuelt å kunne finne en minnelig løsning som et alternativ til ekspropriasjon.

Sett i lys av det ovennevnte ber jeg om at De tar snarlig kontakt med undertegnede for eventuelt å avtale tid og sted for et slikt møte. Skulle Deres klient ikke ønske noe møte om saken, er det fint om det hitsendes en skriftlig bekreftelse på et eventuelt slikt standpunkt.

Ring meg gjerne dersom noe oppfattes som uklart og/eller ufullstendig, eller om saken ønskes drøftet på en annen måte.

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA



Reidar Andresen
advokat, partner

MØTEREFERAT

fra avholdt forhandlingsmøte på Volda rådhus den 2. mars 2015 fra kl.09:00-10:15.

Til stede fra grunneierne:

Per Schjelderup, Astrid Schjelderup og
Torgeir Schjelderup med advokat Jørund Knardal

Fra Volda kommune:

Per Ernst Lundberg og advokat Reidar Andresen

Bakgrunnen for møtet var innkalling sendt til advokat Knardal av 13. februar 2015, hvor det ble invitert til fortsettende forhandlinger om grunnavståelse til næringsformål på Rotset i Volda kommune etter ny, godkjent og stadfestet reguleringsplan for området.

Volda kommune ønsket velkommen til møtet og uttrykte et ønske om å inngå en minnelig avtale for erverv av aktuelt areal, vist på fremlagt reguleringskart og som utgjør ca. 30 daa. Som et alternativ til en minnelig avtale tilkjennega også Volda kommune et ønske om at arealet ble ervervet ved såkalt "avtaleskjønn", dvs. at det ble etablert en enighet om selve grunnavståelsen og at prisfastsettelsen blir avgjort av Søre Sunnmøre tingrett.

Grunneierne v/advokat Jørund Knardal refererte til det som de også tidligere har opplyst til kommunen, nemlig at:


- De ønsker å eie arealet selv, og selge dette ut i et samarbeid med Volda kommune;
- Som en del av samarbeidet med Volda kommune ønsker de å inngå en avtale hvor det blant annet kan inntas bestemmelser om byggeklausuler, tomtedeling mv.;
- De fremholdt videre at de var av den oppfatning at vilkårene for oreigning ikke var til stede, herunder ble det fremholdt at de mente at det ikke var tilstrekkelig interesseovervekt til at arealet kunne oreignes;
- Det ble videre fremholdt at lagerbygning, bygd i ca. 1960 på omtrent 120 m², også måtte erstattes;

Kommunen fastholdt at dersom en ikke kommer frem til en frivillig avtale, mener de at vilkårene for oreigning ville være til stede, og at kommunestyret tidligere hadde tatt stilling til spørsmålet om grunneierne fremdeles kunne eie arealet selv – som et alternativ til oreigning. Dette forslaget ble i sin tid nedstemt mot to stemmer i Volda kommunestyre.

Partene avsluttet etter dette møtet med anmodning om at grunneierne skulle overveie forslagene til kommunen, herunder også komme tilbake med et forslag om mulig relokalisering av lager i et annet areal utenfor oreigningsområdet.

Frist for endelig tilbakemelding fra grunneierne ble satt til fredag 13. mars.

Volda/Ålesund, 2. mars 2015

A handwritten signature in black ink, appearing to be 'Reidar Andresen', written over a horizontal line.

Reidar Andresen
sign.

Advokatfirmaet Steenstrup Stordrange DA
v. advokat Reidar Andresen
Postboks 377
6001 Ålesund

STRYN - VOLDA

Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

13.03.2015

MOTTATT
16 MAR 2015


Øvre Rotset – Per Schjelderup

Viser til referat frå møte sendt over per e-post 10.3.2015 med frist til fredag 13.3.2015 med endeleg tilbakemelding.

I referatet går det fram at grunneigar skulle overvege forslaga til kommunen, herunder mogleg relokalisering av bygning. Det bør også kome med i referatet at grunneigar bad kommunen om å overvege hans forslag og ynskje om samarbeid.

Når det gjeld evt. relokalisering av driftsbygning, så hadde Schjelderup takstmann på synfaring 11.3.2015, og taksten vil ligge føre om ca 4 veker.

Med helsing


Jørund Knardal
Advokat

Kopi: Klient

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thore.heggen@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Jørund Knardal
Org.nr. 914 795 869 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
knardal@online.no
Avd.kto. Tonningstgt 42, 6783 Stryn

Advokatane Maurset, Knardal og Heggen
v/advokat Jørund Knardal
Postboks 75
6101 VOLDA

Ålesund, 19. mars 2015
Vår ref.: 2648802.1-131423 ANDREI/ENGODD
Ansvarlig advokat: Reidar Andresen

VEDRØRENDE ØVRE ROTSET – PER SCHELDERUP – OPPFØLGING

Det vises til tidligere korrespondanse, herunder oversendt referat etter avholdt møte mellom partene 2. mars, samt Deres brev av 13. mars.

På vegne av Volda kommune bemerkes nå følgende:

1. Hva gjelder referatet er mitt forslag at Deres brev vedheftes dette som en nyansering knyttet til innholdet i referatet.
2. Hva gjelder sakens fremdrift for øvrig, er kommunen innstilt på å vente på varslet takst, men ber nå om en endelig avklaring knyttet til en minnelig løsning vs. skjønn innen fem uker fra dags dato. Dette av hensyn til at saken må ha ønsket fremdrift.

Kommunen fastholder at arealet ønskes ervervet og utviklet i kommunal regi. En minnelig løsning som innbefatter tiltak, herunder flytting av eksisterende lager, oppfattes av administrasjonen å være et konstruktivt forslag mellom partene, under forutsetning av politisk godkjenning. Jeg ber om at dette nøye overveies på nytt av Deres klienter.

I mangel av svar innen de ovennevnte fem uker, vil dette bli oppfattet som at en ikke ønsker å gå videre med en minnelig løsning, hvoretter resultatet da må bli at kommunen fremmer en sak til politisk behandling med det formål at det igangsettes en ekspropriasjonssak, jfr. her oreigningslovenes §§ 12 og 28.

Jeg hører nærmere fra Dem.

Med vennlig hilsen
Advokatfirmaet Steenstrup Storange DA

Reidar Andresen
advokat, partner



VOLDA KOMMUNE
Rådmann

Advokat Jørund Knardal
boks 75

6101 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/329	4761/2015	611	ADM/ PEL	13.05.2015

**VARSEL OM OREIGNING AV NÆRINGSAREAL ØVRE ROTSET- GNR. 30 BNR.
4 -PER SCHJELDERUP**

Det vert vist til tidlegare korrespondanse og møter.

Vedlagt følger rådmannen sitt utkast til saksframlegg til kommunestyret, med forslag til vedtak om oreigning av grunn for gjennomføring av godkjent reguleringsplan av 13.11.14, jfr. Forvaltningsloven § 16.

Dersom det er merknader til saksframlegget, ber ein om at desse blir sendt til Volda kommune, Stormyra 2, innan 1. juni-15, med referanse 2012/329.

Med helsing

Rune Sjugard
Rådmann

Per Ernst Lundberg
rådgjevar

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2012/329	Avd: RÅD
Løpnr.	Sps: PEL
02 JUN 2015	
Arkivdel:	Emne 2
Klassering P:	611
Klassering S:	

STRYN - VOLDA

Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

Volda 28.05.2015

**REF. 2012/329 - VARSEL OM OREIGNING AV NÆRINGSAREAL ØVRE ROTSET
– GNR. 30 BNR. 4 – PER SCHJELDERUP**

Det vert vist til Dykkar brev av 13.05.2015 med frist til 01.06.2015 for merknader til saksframlegget.

1.

Ein er undrande til Volda kommune sin framgangsmåte i denne saka. Schjelderup har samanfallande interesser med kommunen for området han eig på 48,2 dekar på Rotset. Han har difor som eigar av området, ynskt å utvikle dette til næringsformål i samarbeid med Volda kommune.

Schjelderup søkte difor om frådeling og oppmåling 30.04.2012 til næringsformål. I møte med kommunen 6.3.2012 og i brev av 30.04.2012 har Schjelderup fremja ynskje om ein utbyggingsavtale med kommunen etter plan- og bygningslova kap. 17. Kommunen og grunneigar kan ved ein slik avtale i fellesskap verte samde om utvikling og vilkår for utbygging, samt byggjeklausular og andre rammevilkår. Ein kan ikkje sjå føre seg at kommunen vil oppnå noko anna i høve utnyttinga av arealet dersom kommunen vel å gå vegen om oreigning.

2.

Vilkåra for ekspropriasjon etter plan- og bygningslova kap. 16 er heller ikkje til stades. Det vert her særleg vist til høgsterett sin dom i Rt. 1998-416 som slår fast at prinsippa i oreigningslova § 2 også gjeld her. Det vil seie at oreigningsinngrepet kan treffast dersom det "trengst" for å oppnå reguleringsføremålet. I denne saka er ikkje vilkåret oppfylt. Oreigningsinngrepet trengst ikkje for å oppnå reguleringsføremålet. Grunneigar vil her gjere det same som kommunen, ved å dele frå eigeiendomen og selje denne til næringsføremål i samarbeid med Volda kommune.

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thore.heggen@sentrumsgaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Jørund Knardal
Org.nr. 987 090 766 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
knardal@online.no
Avd.kto. Tonningsgt 42, 6783 Stryn

I saksframlegget er det vidare halde fram at dersom kommunen har hand om arealet, så gir dette "føreseielege rammevilkår, i dette tilfellet like tomteprisar, i eitt og same reguleringsområde." Det gjev her minst like føreseielege rammevilkår for næringslivet at det er høgstbydande i ei utbyding som får tilslaget tilsvarande all anna eigedomssomsetjing i kommunen.

Oreigning er eit inngripande vedtak overfor den det råkar, og kommunen må ikkje treffe vedtak om dette, så sant det ikkje er absolutt nødvendig.

Vilkåra for ekspropriasjon vil ikkje vere oppfylt.

3.

Eg gjer elles merksam på at det står ein driftsbygning på eigedomen som ved ei innløyasing vil medføre store kostnader å erstatte i samsvar med innhenta takst frå takstmann Skare.

4.

Schjelderup ynskjer ikkje at kommunen skal kunne ta grunnen i bruk før det er halde skjønnet ettersom dei er avhengige av å nytte m.a. driftsbygningen i næring.

5.


Ein ber om at kommunen ikkje går inn for oreigning, men i staden vel å sjå positivt på Per Schjelderup sitt intiativ for å få ei rask tilretteleggjing av utbyggjing av næringsområdet hans på Rotset, kostnadsfritt og utan arbeidsinnsats for kommunen, men med vonleg store positive ringverknad for lokalsamfunnet i nær framtid.

Med helsing,



Jørund Knardal
Advokat

Kopi: Per Schjelestrup



oreigningsareal gnr 30 bnr 4
48,2 daa



Oreigningskart
Øvre Rotset
06.05.2015
Målestokk 1:2000
Målestokk 1:2000 ved utskrift A3



VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/329	Avd. ADM
Løpenr.	Shs. PEL
4 JUL 2014	
Arkivdel:	Emne2
Klassering P:	611
Klassering S:	

FROSTATING LAGMANNSRETT

Overskjønn

Avsagt: 02.07.2014 i Frostating lagmannsrett, Ålesund

Saksnr.: 14-004991SKJ-FROS

Dommer: Lagdommer Arve Rosvold Alver

Skjønnsmedlemmer:

Ivar Ove Moldskred
Ana Maria Hoyos
Silvia Fuglseth Simonsen
Ottar Jan Løvoll

Saken gjelder: Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker
[skjønnsprosessloven]

Volda kommune

Høyesterettsadvokat Svein
Tømmerdal

mot

Astrid Eidset Rygh
Cesilie Dahle Torbjørnson
Lars Peder Barstad
Ragnar Aarflot

Advokat Bjørn Kristian Hove
Advokat Bjørn Kristian Hove

OVERSKJØNN

Overskjønnet gjelder fastsettelse av erstatning for frivillige grunnavståelser som fire forskjellige grunneiere gjennomfører til fordel for Volda kommune.

Avtalene er fremforhandlet mellom grunneierne og Volda kommune og godkjent av kommunestyret 30. august 2012. Arealet skal av kommunen opparbeides til næringsformål og for en mindre dels vedkommende til utvidelse av Leirshaugen gravplass.

Det er inngått separate avtaler mellom Volda kommune og de respektive grunneiere. I det alt vesentlige er disse avtaler likelydende og alle avtaler er gjengitt i sin helhet i tingrettens skjønn.

Hovedinnholdet i avtalene er at det er oppnådd enighet om overdragelse av et nærmere bestemt areal fra den enkelte eiendom, at prisen skal fastsettes etter skjønn ved Søre Sunnmøre tingrett. Det er i avtalene gitt adgang for Volda kommune til når som helst å tiltre arealene. Tiltredelse utløser plikt til å betale forsinkelsesrente etter loven fra tiltredelsestidspunktet til endelig betaling skjer. Tiltredelse er foreløpig ikke gjennomført.

Om vederlaget er det i avtalene uttalt at det skal fastsettes etter "oreigningsrettslege regler". Skjønnets hjemmel er skjønnsprosessloven § 4.

Partene har for overskjønnet vært enige om at alt areal skal verdsettes ut fra verdien som råtomt og til formål næringsareal. I sum gjelder overskjønnet erverv av ca. 30,8 dekar.

Volda kommune påstevnet skjønn for Søre Sunnmøre tingrett 17. desember 2012. Forhandlingene i underskjønnet ble gjennomført 4. september 2013 og underskjønnet ble avhjemlet 26. september 2013. Resultater av underskjønnet var at grunnprisen ble satt til 252 kroner pr. kvadratmeter.

Volda kommune begjærte overskjønn 22. oktober 2013, mens grunneierne representert ved advokat Hove avga tilsvaret datert 18. november 2013.

Forhandlingene i overskjønnet ble gjennomført i Volda samfunnshus 17. juni 2014. Alle partene var representert og det ble gjennomført befaringsferder der partene fikk foreta de påvisninger de ønsket. Forklaringer ble avgitt og dokumentasjoner foretatt slik det fremgår av rettsboken.

Alminnelige skjønnsforutsetninger

Volda kommune fremla forslag til alminnelige skjønnsforutsetninger, som er likelydende med de samme for tingretten:

1. Det skal fastsetjas ein gjengs pris for alle eigedommane med utgangspunkt i at eigedommane skal nyttast til forretning, næring og kontorføremål.
2. Dersom saksøklar har tatt i bruk eigedommane på avheimlingstidspunktet, skal skjønnsretten legge til grunn ein rentefot på 4 % ved utrekning av avsavnsrente.
3. Kommunen tek ikkje på seg plikt til å halde gjerde. Dersom ein grunneigar krev gjerdehald må dette grungjevast særskilt av den aktuelle grunneigar og skjønnsretten må vurdere om det er trong for gjerde der dette vert kravd.

Retten legger skjønnsforutsetningene til grunn for overskjønnet.

Det er ikke fremsatt forslag til spesielle skjønnsforutsetninger for noen del av skjønnet. Bestemmelsene om gjerdeplikt er ikke blitt aktualisert, da ingen av grunneierne har forlangt gjerdeplikt av kommunen for noen del av det areal som erverves.

Volda kommune har lagt ned slik påstand:

"Overskjønnet fremmes."

Grunneierne har alle nedlagt slik påstand:

1. De saksøkte tilkjennes full erstatning.
2. De saksøkte tilkjennes dekning for sine sakskostnader.

Lagmannsretten skal bemerke:

Skjønnet er et avtaleskjønn og gjennomføres i medhold av skjønnsprosessloven § 4. Avtalene er for alle sentrale punkter likelydende og underskrevet av de respektive grunneiere samt behandlet av Volda kommunestyre 30. august 2012 (sak 107/12) og senere undertegnet av ordføreren.

Det er enighet om at alt areal omfattet av ervervet skal verdsettes til ens pris. Dette som råtomt til næringsformål med de begrensninger som måtte fremgå av reguleringsplanen.

Det innebærer at grunneierne skal ha full erstatning etter Grunnloven § 105. Det nærmere innhold i dette fremgår av bestemmelsene i vederlagsloven, slik disse er fortolket i rettspraksis.

Det er også enighet mellom partene om at arealene skal verdsettes etter omsetningsverdien, jf. vederlagsloven § 5.

Dette innebærer at overskjønnet skal legge til grunn det "vanlege kjøparar" ville gi for eiendommen ved "friviljug sal".

Om dette sier loven andre ledd:

"Ved fastsetjinga skal det leggjast vekt på kva slag eiendom det gjeld, kvar eigedomen ligg og den påreknelege utnytting som det røylneg er grunnlag for etter tilhøva på staden. Det skal dessutan leggjast vekt på dei prisane som er oppnådd ved omsetnad av andre eigedomar som det er naturleg å samanlikne med, og likeins på andre tilhøve som er avgjerande for salsverdien av eigedomen."

Reguleringsmessig situasjon

Da forhandlingene om det kommunale erverv foregikk, forelå det en eldre reguleringsplan fra 1990 for store deler av området. Etter denne planen var deler av området regulert til industriformål. Den nye stamveien (E39) er kommet til i ettertid og er allerede etablert tvers igjennom det aktuelle området.

Rullering av kommuneplanens arealdel for Volda sentrum skjedde med vedtak av 18. juni 2009. Dette åpnet, ifølge kommunens planlegger Per Heltne, for utarbeidelse av en mer variert reguleringsplan for det aktuelle området på Rotset, mellom Volda sentrum og Rotevatnet. Denne ble vedtatt 14. mai 2014. Det er dette vedtaket begge parter legger til grunn for sine anførsler i saken.

Det er ikke kommet innsigelser til denne nye planen verken fra fylkeskommunen eller fra statlig side. Grunnet visse tekniske forhold knyttet til planprosessen, er forslaget nå utlagt til annen gangs offentlig ettersyn, med høringsfrist høsten 2014. Endelig egengodkjenning påregnes av begge parter å være skjedd i løpet av inneværende år. Den nye behandling forventes ikke å påvirke arealbruken for noen del av det areal som skjønnet omfatter.

Lagmannsretten baserer seg på partenes enighet om at arealbruken er "spikret" gjennom kommunens vedtak av 14. mai 2014.

Vi står således overfor en ny reguleringsplan basert på en nylig rullering av kommuneplanen, og det legges til grunn at arealbruken i planen dermed i høyeste grad er påregnelig. Arealbruken i planen er utnyttelse til næringsformål, forretning og kontor.

Av vedtektene til planen (Øvre Rotset næringsområde) fremgår det at det kan bygges forretning/kontor og industribygg. Tillatt areal til detaljhandel er begrenset til 3 000 m² bruksareal overensstemmende med "Rikspolitisk bestemmelse etter § 17-1 annet ledd i Plan- og bygningsloven om midlertidig etableringsstopp for kjøpesentre utenfor sentrale deler av byer og tettsteder". Innenfor forretningsformålet kan det ikke etableres detaljhandel med dagligvarer, klær og sko.

Utnyttingsgraden, såkalt BYA, er for forretning/kontor/industri satt til 60 %. Mønehøyde er satt til henholdsvis 10, 12 og 14 meter.

Områdets plassering

Arealet Rotset ligger i Volda kommune som er den nest folkerikeste kommunen i Søre Sunnmøre. Bare Ørsta kommune har flere innbyggere.

Plasseringen av Volda har på grunn av flere samferdselstiltak i nær fortid og fremtid endret seg positivt. Lagmannsretten tenker da på undersjøisk tunell, Eiksundsambandet, som øker nærheten til mye trafikk fra området Ulstein, Hareid m.v. Dessuten vil vedtaket om å plassere stamveisambandet for Vestlandet, E39, via de nybygde tunellene sørøstover fra Volda sentrum ha stor betydning for trafikken i tiden fremover.

Den nye stamveien går gjennom det aktuelle området, som ligger i utkanten av Volda sentrum. Veien er allerede bygget og det er etablert avkjørsel til det avståtte areal. På grunn av en allerede bygget tunell vil det åpne for planfri tilgang til begge sider av området som deles i to av den nye stamveien.

Lagmannsretten er av den oppfatning at innen regionen Søre Sunnmøre er Rotset et svært attraktivt areal for det nevnte reguleringsformålet.

Innen Volda kommune har Rotset-området en relativt sentral plassering i forlengelsen av Volda sentrum, med til dels stor boligbebyggelse mellom det gamle sentrum og ervervsarealet. Lagmannsretten finner å kunne slutte seg til bemerkninger fra underskjønnet om at Volda sentrum beveger seg oppover mot dette området. Denne tendens må påregnes å øke etter som Furene-området er oppfylt. Furene har absorbert denne type etableringer i flere år og ligger ca. 5 km fra Volda sentrum i motsatt retning, ved flyplassen.

Byggegrunn

Det ervervede byggearealet er beliggende på en grusrygg. Det har fra gammelt av vært flere grustak i området. Kommunen har ikke hatt innvendinger mot det grunneierne har gjort gjeldende om dette.

Det synes å være enighet mellom partene om at opparbeidelseskostnadene av tomtearealene vil være relativt lave på grunn av denne grusryggen. Området er rimelig flatt og det forventes beskjedent behov for tilføring av masser. Lagmannsretten slutter seg til denne enigheten.

Byggemodenhet

Kommunen har påpekt at det for hele området som erverves er snakk om ren råtomt.

Grunneierne har på sin side påpekt at det kun er rent feltinterne tiltak som må treffes for å gjøre området byggemodent. Tilførselsvei til området foreligger allerede ved den nye E39 med avkjørsel.

Dessuten har grunneierne pekt på at plan- og bygningsloven § 18-6 første ledd bestemmer at ubebygde deler av allerede bebygde deler av området skal medtas i forbindelse med refusjonsreglene.

Lagmannsretten legger for sin del til grunn at det er en råtomtpris som skal fastsettes. Dette innebærer at enten må kommunen klargjøre området med feltinterne veier, vann og kloakk, eller den må finne utbyggere som må innkalkulere disse kostnadene før de kan presentere for salg byggeklare tomter.

Innenfor området foreligger det allerede en viss bebyggelse. Volda kommune bygde for ca. 20 år siden et større garasjeanlegg for teknisk etat i dette området. Det er også oppført et bygg som rommer sosiale funksjoner og administrasjon for uteseksjonen teknisk etat.

Volda kommune ved Asbjørn Aasebø har presentert for overskjønnet et overslag over de kostnader som påregnes pådratt for å gjøre området byggemodent. Det vesentlige av kostnadene vil gå med til opprusting av eksisterende veier, nybygging av veier og etablering av veibelysning, anslagsvis drøyt 16 millioner kroner. Til bygging/opprusting vann/avløp vil det påløpe anslagsvis drøyt 3 millioner kroner.

Hans beregning tilsier at disse kostnadene skal fordeles på 87 500 kvadratmeter areal, noe som vil påføre en kostnad pr. kvadratmeter på 190 kroner.

Omsetningsverdi for arealet

Lagmannsretten legger til grunn at det aktuelle arealet ennå ikke er tiltrådt. Dette innebærer at verdsettingen skjer på avhjemlingstidspunktet for overskjønnet.

Fra begge sider er det fremlagt eksempler på priser oppnådd i forbindelse med omsetning av fast eiendom i distriktet, i dette tilfellet innenfor Volda kommune. Det er også vist til enkelte priser oppnådd i nabokommunen, Ørsta.

Det sier seg selv at priser oppnådd ved omsetning av byggeklare tomter for boligformål er av mindre interesse til sammenligning. Det samme gjelder omsetning av mindre byggeklare tomter til næringsformål i det mest sentrale forretningsstrøket i kommunen. Når det gjelder råtomter til næringsformål er det faktisk svært beskjeden omsetning som kan påvises de seneste årene. Dette har til en viss grad sammenheng men det som tidligere er nevnt, at Furene-området en tid har vært ferdig utbygd og at kommunen de siste årene ikke har hatt denne type tomter tilgjengelig.

Når det gjelder de priser som er oppnådd ved salg fra Furene-området er disse fastsatt ved politiske vedtak. Kommunestyret vedtok 30. august 2007 en økning av prisen for tomter i Furene, som heretter skulle selges for 190 kroner pr. kvadratmeter. Denne prisen skulle justeres etter konsumprisindeksen ved senere salg.

Samtidig ble vedtatt et tillegg på 117 kroner pr. kvadratmeter for et område på ca. 30 dekar som ble opparbeidet og klargjort med tunellmasser, slik at disse tomtene ble omsatt for 307 kroner pr. kvadratmeter. Tingretten har omtalt de 117 kroner pr. kvadratmeter som en stipulert pris til utbygging av "tekniske anlegg", men dette stemmer ikke med kommunestyrets vedtak av 30. august 2007. De arealer som ble solgt for 190 kroner pr. kvadratmeter omfattet tekniske anlegg, men var ikke klargjort for bygging ved påføring av tunellmasse.

Det sentrale med hensyn til prisene oppnådd ved salg av tomter fra Furene er imidlertid at prisene ikke er fastsatt etter tilbud og etterspørsel i markedet direkte, men ved politiske vedtak. Hele Furene-området ble utsolgt gjennom en periode på vel 20 år.

Dette gir en indikasjon på det som kommunens representanter har gjort gjeldende for lagmannsretten, at det ikke til enhver tid står en kø av kjøpere til denne type næringsarealer. Dette oppfatter lagmannsretten heller ikke er tilfelle med hensyn til Rotset-området, som nok vil trenge noen år før området er ferdig utbygd. I tillegg kommer den tiden som går frem til området er klarlagt med hensyn til infrastruktur. Lagmannsretten har imidlertid merket seg at arealet ligger atskillig mer sentralt i Volda kommune enn Furene. Samtidig innebærer de nevnte samferdselsendringer en øket attraktivitet for området.

Lagmannsretten har også tatt hensyn til de priser som er oppnådd ved Mosflaten industriområde i Ørsta kommune. Frostating lagmannsrett har ved overskjønn av 13. juni 2013 fastsatt gjennomgående innløsningspris av opprinnelig festet areal til 170 kroner pr. kvadratmeter. Lagmannsretten baserte seg i den forbindelse på relevante sammenligninger med tidligere skjønn i området samt de priseksempler som der ble fremlagt.

Ut fra en samlet vurdering av alle disse momenter er lagmannsretten kommet til at grunnprisen for de erverv som omfattes av dette overskjønnet passende kan settes til 210 kroner pr. kvadratmeter.

Prisen gjelder som råtomtpris for alle de arealer som omfattes av overskjønnet. Fordelt på de enkelte takstnummer utgjør dette:

Takst nr. 1 .

Eiendom: Gnr. 30 bnr. 3

Eier: Astrid Eidset Rygh

Areal: Ca. 2,9 daa

Takst nr. 2

Eiendom: Gnr. 30 bnr. 7
Eier: Cecilie Dahle Torbjørnson
Areal: Ca. 6,6 daa

Takst nr. 3

Eiendom: Gnr. 30 bnr. 183
Eier: Lars Barstad
Areal: ca. 2,6 daa

Takst nr. 4

Eiendom: Gnr. 30 bnr. 1 og 8
Eier: Ragnar Aarflot
Areal: ca. 19 daa

Sakskostnader

Sakskostnadene for lagmannsretten avgjøres etter bestemmelsen i skjønnsprosessloven § 54b. Underskjønnet er anket alene av Volda kommune, som dermed må dekke grunneierens sakskostnader vedrørende overskjønnet.

Advokat Hove har fremlagt sakskostnadsoppgave som inklusive merverdiavgift utgjør kr 66 253. Det er ikke fremsatt innsigelser mot oppgaven. Da en av advokat Hoves klienter har fradragsrett for merverdiavgift erstattes merverdiavgift kun for så vidt gjelder den andre klienten. Grunnlaget for merverdiavgift utgjør kr 58 891,50, mens merverdiavgift for halvparten av kravet utgjør kr 7 361,40, til sammen avrundet kr 66 253,-.

Lagmannsretten finner at sakskostnader skal tilkjennes overensstemmende med oppgaven.

De to selvprosederende partene har ikke pådratt seg kostnader og har dermed ikke fremmet noe krav.



Overskjønnet er enstemmig.

SLUTNING



1. Volda kommune betaler erstatning som fastsatt med 210 kroner pr. kvadratmeter for det areal som erverves.
2. Volda kommune betaler de lovbestemte utgiftene ved skjønnet.
3. Volda kommune betaler sakskostnader til de saksøkte representert ved advokat Hove med kr 66 253,00 innen 14 – fjorten –dager fra forkynnelsen av overskjønnet.

Retten hevet


Arve Rosvold Alver


Ivar O. Moldskred

Ana Maria Hoyos




Silvia Fuglseth Simonsen

Ottar Jan Løvoll

Riktig utskrift bekreftes


RETTLEDNING FOR RETTSMIDDELBRUK I SKJØNN

Anke til Høyesterett

Et overskjønn kan bare ankes til Høyesterett på grunn av feil i rettsanvendelsen eller den saksbehandling som ligger til grunn for avgjørelsen. Anken behandles etter reglene om anke over dommer i tvisteloven kapittel 29 eller 30.

Ankefristen er én måned fra overskjønnet ble forkynt.

Den som anker må betale behandlingsgebyr. Den domstolen som har avhjemlet overskjønnet kan gi opplysning om gebyrets størrelse og om hvordan det skal betales.

Behandling av anke over overskjønn krever alltid samtykke fra Høyesteretts ankeutvalg. Slikt samtykke skal bare gis når anken gjelder spørsmål som har betydning utenfor den foreliggende sak, eller at det av andre grunner er særlig viktig å få saken behandlet av Høyesterett. Anke over overskjønn avgjøres normalt etter muntlig forhandling.

Den domstolen som har avhjemlet overskjønnet kan gi nærmere opplysninger om vilkårene for anke over overskjønn.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/329	Avd. Adm
Løpnr.	Sks. PerCun
18 DES 2015	
Arkivde:	Emned
Klassering P:	611
Klassering S:	

STRYN - VOLDA

Advokat Per Maurset
Advokat Jørund Knardal
Advokat Thore Heggen

I kontorfellesskap
Medlemmar av
Den Norske Advokatforening

Volda 16.12.2015

KLAGE

TIL

FYLKESMANNEN

**REF. 2012/329 - VEDTAK OM OREIGNING AV NÆRINGSAREAL ØVRE ROTSET
– GNR. 30 BNR. 4 – PER SCHJELDERUP**

Det vert vist til Volda kommune sitt brev av 30.11.2015 med underretning om Volda kommunestyre sitt vedtak 26.11.2015 om oreigning i fire punkt. Brevet er motteke 01.12.2015 og klagefristen er såleis 21.12.2015.

Per Schjelderup klagar med dette over heile vedtaket.

Vilkåra for ekspropriasjon etter plan- og bygningslova kap. 16 er ikkje til stades. Det vert her særleg vist til høgsterett sin dom i Rt. 1998-416 som slår fast at prinsippa i oreigningslova § 2 også gjeld her. Det vil seie at oreigningsinngrepet kan treffast dersom det "trengst" for å oppnå reguleringsføremålet. Vidare skal det skje ei interesseveging etter oreigningslova § 2 andre ledd ved at oreigning «tvillaust er til meir gagn enn skade.» Av grunnlova § 105 går det fram at inngrepet må vere nødvendig: «Krev omsyn til samfunnet». I tillegg er det eit vilkår i EMK fyrste tilleggsprotokoll artikkel 1 at inngrep i eigedomsretten må vere forholdsmessig.

Ein er undrande til Volda kommune sin framgangsmåte i denne saka. Schjelderup har heile tida hatt samanfallande interesser med kommunen for området han eig på 48,2 dekar på Rotset. Han har difor som eigar av området, ynskt å utvikle dette til næringsformål på lik linje med kommunen. Grunneigar har også invitert til samarbeid fleire gongar med Volda kommune, og har også opna for utbyggingsavtale. Kommunen har av uforståelege grunnar heile tida vore negativ til dette, og har ikkje ein gong vore interesserte i å diskutere dette. I staden har kommunen delvis kopiert planane til grunneigar for utnytting av området.

Advokat Per Maurset
Org.nr. 981 858 182 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
per.maurset@sentrumsagaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Thore Heggen
Org.nr. 983 584 284 MVA
Tonningsgata 42, 6783 Stryn
Telefon 57 87 18 66
Telefaks 57 87 19 94
thore.heggen@sentrumsagaarden.no
Avd.kto. Hamnegata 3, 6100 Volda

Advokat Jørund Knardal
Org.nr. 987 090 766 MVA
Hamnegt. 3, P.b. 75, 6101 Volda
Telefon 70 07 70 07
Telefaks 70 05 00 02
knardal@online.no
Avd.kto. Tonningsgt 42, 6783 Stryn

Schjelderup viser her særleg til søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning av 30.04.2012 der det m.a. går fram:

«Som varsla i møtet med kommunen har Per Schjelderup samanfallande interesser med kommunen for området han eig på om lag 28 dekar på Rotset.

Dette området som ligg like ved Rotsethorntunnelen er eit attraktivt område. Med ny E-39 og truleg også ny Volda-tunnel så er det berre ei kort strekning at forbipasserande trafikantar vil passere i Volda. Det er difor venteleg at det er svært mange interessantar som vil etablere seg i dette området.

Per Schjelderup vil difor dele frå og selje området sjølv i samsvar med vedteken reguleringsplan og kommunedelplan. Det er Schjelderup som er eigar av området, og han ynskjer sjølv å utvikle dette.

Vedlagt fylgjer difor søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning.

Nabovarsel er sendt rekommandert 12.4.2012, jf vedlegg. Det har ikkje kome nokon merknader frå naboane.

Så snart delinga er gjennomført, vil Per Schjelderup leggje tomta ut for sal på den opne marknaden. Området er regulert til næringsareal (industri/forretning/kontor), og kjøpar vil måtte disponere dette i samsvar med vedteken plan.

Schjelderup er oppteken av at bygg som vert bygd langs E-39 er estetiske, og viser her til at Volda kommune er bygningsmynde og skal handsame byggjesøknader.

Schjelderup ser for seg ei heilskapeleg utbyggjing av ein eller fleire aktorar. Slektans har eigd eigedomen i fleire hundre år, og for Per Schjelderup er det viktig at ei utbyggjing vert god og framtidsretta, og skaper verdiskaping.

Per Schjelderup registrerer at kommunen primært vil ha hand om området for så å sjølv vidaresele dette. Det er her ikkje grunn til at kommunen skal bruke tid og kostnader med dette når grunneigar tek seg av dette arbeidet kostnadsfritt for kommunen. Kommunen har i budsjettet sett av 15 millionar for områda på Rotset. Som ein veit har kommunen svært mange pålagde oppgåver som må løysast, og i tillegg står ein føre byggjing av ny sentrumsskule, ny brannstasjon, nytt kulturhus, ny idrettshall med meir.

Det er vidare snart tomt for næringsareal i kommunen, og det burde difor haste med å få lagt ut dette. Dersom kommunen skal køyre sin planlagde prosess vil det truleg ta fleire år før ny reguleringsplan og skjønnsspørsmålet er rettsleg avklart.»

I same brev er det vidare opna opp for utbyggjingsavtale noko som kommunen berre har avvist utan god grunn. Kommunen kunne her ha oppnådd det same som ei oreigning, og har aldri vore villig til å diskutere byggjeklausular og andre rammevilkår. Schjelderup har såleis ikkje motsett seg nokon krav eller vilkår frå kommunen ettersom kommunen blankt har avvist dette. Eit oreigningsinngrep er såleis heilt unødvendig ved at kommunen kunne ha oppnådd det same gjennom eit samarbeid med klare krav. Det vert her vist til brevet av 30.04.2012:

«Per Schjelderup fremja i møtet med kommunen spørsmålet om ein utbyggingsavtale med kommunen etter plan og bygningslova kap. 17. Kommunen og grunneigar kan då i fellesskap verte samde om utvikling og vilkår for utbygginga. I ein slik avtale kan Schjelderup også vere villig til å diskutere byggjeklausular og andre rammevilkår for området.

Fordelen for kommunen med ein utbyggingsavtale vil vere at kommunen då får ei hand på rattet, noko som Per Schjelderup ser positivt på. Ein kan ikkje sjå føre seg at kommunen vil oppnå noko anna i høve utnyttinga av arealet dersom kommunen vel å gå vegen om ny regulering og oreigning.»

Inngrepet framstår som unødvendig og uforholdsmessig. Slekt til Schjelderup har eigd eigedomen i fleire hundre år, og for Per Schjelderup er det viktig at ei utbygging vert god og framtidsretta, og skaper verdiskaping. Oreigninga er eit sterkt inngrep overfor grunneigar som i svært mange år har prøvd å leggje ut denne til næringsformål, og som har prøvd å utvikle sin eigedom til næring. Men der kommunen i stor grad heller kopierer hans planar.

Per Schjelderup meiner at kommunen ikkje oppnår noko anna i høve utnyttinga av arealet når kommunen har valt å gå vegen om tvangsavståing.

Det framstår som svært spesielt at ein grunneigar som har prøvd å utvikle si eiga tomt på best mogleg måte for samfunnet som næringsareal, vert tvangsfråteken arealet for at kommunen skal avhende dette til same formål.

I saksframlegget er det vidare halde fram at dersom kommunen har hand om arealet, så gir dette "føreseielege rammevilkår, i dette tilfellet like tomteprisar, i eitt og same reguleringsområde." Det gjev her minst like føreseielege rammevilkår for næringslivet at det er høgstbydande i ei utbyding som får tilslaget tilsvarende all anna eigedomssomsetjing i kommunen.

Oreigning er eit inngripande vedtak overfor den det råkar, og kommunen kan ikkje treffe vedtak om dette, så sant det ikkje er heilt nødvendig.

Vilkåra for ekspropriasjon er ikkje oppfylt. Ein ber om at klagen vert sendt over til fylkesmannen om ikkje kommunen endrar sitt vedtak.

Med helsing



Jørund Knardal
Advokat

Kopi: Per Schjelderup



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2015/2529

Arkivkode: Q00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/16	Formannskapet Kommunestyret	09.02.2016

SAMFERDSELSUTFORDRINGAR - AVTALE MED GODE VEGAR AS

Administrasjonen si tilråding:

1. Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløysingar for kommunen/regionen, i samsvar med forslag til avtale i vedlegg 2 i denne saka.
2. Kostnaden for Volda kommune, kr. 100.000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost slik: 12700-1550-285-151650.

Vedleggsliste:

1. Brev av 15.12.15 frå Gode Vegar AS
2. Forslag til avtale

Uprenta saksvedlegg:

1. Transportetatenes og Avinors sider om nasjonal transportplan: <http://www.ntp.dep.no/> (NTP)
2. K-sak 4/12, møte 2.2.12: Høyring KVU E39 Skei- Ålesund
3. K-sak 81/12, møte 21.6.12: Høyring KVU for Rv15.

Samandrag av saka:

Det vert gjort framlegg om at kommunen gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløysingar for kommunen/regionen.

Saksopplysningar:

I brev av 15.12.15 vert kommunane Volda og Ørsta inviterte til å inngå samarbeid med selskapet Gode Vegar AS, jfr. *vedlegg 1*.

Gode Vegar AS vart etablert i 2012 og er eigd av Stryn Næringssamskipnad. Aksjekapitalen i selskapet er kr. 30.000,-. Drifta av selskapet er i dag finansiert gjennom avtalar med kommunane Hornindal, Skjåk, Stryn og bedrifter i desse kommunane.

I brevet er det vist til at regjeringa den 10.6.14 kunngjorde at "indre line", SV-K10, er valt som konsept for vidare planlegging i KVU (konseptvalutgreiing) E39 Skei-Volda. Konseptvalet for Rv15 Stryn-Skjåk er venta å skje i 2016.

Etablering av Voldatunnelen og Ørstaffjordkryssing vil ytterlegare styrke E39, og styret i Gode Vegar AS har vedteke å stille selskapet disponibelt for Volda og Ørsta kommunar for å fokusere på ei snarleg realiseringa av viktige vegprosjekt for regionen. Dei ynskjer difor no å invitere kommunane til kunne gå inn som avtalepart i Gode Vegar AS, i første omgang med avtale for åra 2016 og 2017.

Forslag til avtale følgjer som *vedlegg 2*.

Det er opplyst at for perioden 2013-2015 har kommunane Hornindal, Stryn og Skjåk hatt avtale med selskapet basert på følgjande godtgjerdsle:

- Stryn kr. 200.000,-
- Skjåk kr. 150.000,-
- Hornindal kr. 60.000,-

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig for Volda og Ørsta at vidareutvikling av E39 vert følgt opp gjennom realisering av Voldatunnelen og Ørstaffjordkryssing. Det vert i denne samanheng vist til at det er vedteke kommunedelplan for Voldatunnelen, og at det no er på gang førebuande arbeid med reguleringsplan for same. Det å kunne stille med oppdaterte planar etter plan- og bygningsloven er særskild viktig når det gjeld å få fram prosjekta for prioritering i NTP.

Volda og Ørsta har tidlegare støtta opp om Rv 15 som ein særskild viktig transportåre både for næringsliv og private, jfr. at Volda kommunestyret i sak 81/12, møte 21.6.12, rådde til alt. B2 som konsept for prosjektet.

Det er mange prosjekt som vil kjempe om midlar i komande NTP'ar, og det er såleis viktig med oppdatert kunnskap og mogleg påverknad på ulike nivå, både administrativt og politisk. Her kan Gode vegar AS vere eit godt verkty også for kommunane Volda og Ørsta, jfr. vedlagde forslag til avtale sin omtale av bakgrunn og arbeidsomtale. Rådmannen vil såleis gå inn for at Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS for perioden 2016-2017 til ei godtgjerdsle på kr. 100.000,-.

I samband med handsaminga av Nasjonal Transportplan vert det teke stilling til om Voldatunnelen skal gjevast prioritet over statsbudsjettet i planperioden. I alle høve har kommunen fått det rådet frå Statens Vegvesen at ein bør starte arbeidet med å førebu opplegg for bompengefinansiering. Kommunen kan nytte Gode Vegar AS i arbeidet med å førebu og evt. få etablert eit bompengeselskap. Sunde har opplyst at eit slikt arbeid vil ligge innafor den godtgjerdsla kommunen etter avtalen skal betale.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er vurdert i dei sakene kommunestyret har handsama om KVU og NTP

Økonomiske konsekvensar:

Som hovedregel vil rådmannen åtvare mot å opne opp for nye tiltak midt i budsjettåret, særleg med den anstrengte driftsøkonomien som Volda kommune har. Rådmannen foreslår derfor tiltaket dekt gjennom dei frigjorte midlane i samband med ordførargodtgjersla, og som er sett av til formannskapet sin disposisjon. Etersom dette er ein avtale som går over to år må løyvinga likevel godkjennast av kommunestyret.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Gode og trygge kommunikasjonar er avgjerande for høg beredskap.

Naturmangfaldlova:

Vert avklara gjennom m.a. etterfølgjande detaljplanar i samsvar med plan- og bygningsloven.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Gode Vegar AS
Tinggata 3,
6783 Stryn

Ørsta kommune
Dalevegen 20,
6150 Ørsta

Økonomiseksjonen, her.

Volda kommune
Stormyra 2

15.12.2015

6100 VOLDA

Vi viser til orienteringsmøtet i Loen den 14. desember 2015, og inviterer med dette Volda kommune til å kunne inngå samarbeid med Gode Vegar AS.

Gode Vegar AS vart etablert i 2012 og er eigd av Stryn Næringsssamskipnad. Aksjekapitalen i selskapet er NOK 30.000,- Drift av selskapet er i dag finansiert gjennom avtaler med kommunane Hornindal, Skjåk, Stryn og bedrifter i desse kommunane.

Regjeringa Solberg kunngjorde den 10. juni 2014 at «indre linje» SV-K10 vart valt som konsept for vidare planlegging i KVU E39 Skei-Volda. Konseptvalet for Rv15 Stryn-Skjåk er venta skjer i 2016.

Etablering av Voldatunnelen og Ørstafjordkryssinga vil ytterlegare styrke E39, og styret i Gode Vegar AS har vedteke å stille selskapet disponibelt for Volda og Ørsta kommunar for å fokusere på ei snarleg realisering av viktige vegprosjekt for regionen.


Ein ynskjer difor no å invitere Volda kommune til også å kunne gå inn som avtalepart i Gode Vegar AS, i første omgang med avtale for åra 2016 og 2017.

Som representant for selskapet vil dagleg leiar kunne møte administrativ/politisk leing i kommunen for å kunne presentere eit avtaleframlegg.

Dagleg leiar Svein Sunde kan kontaktast på mobil 90159678 eller sveinsunde@godevegar.no for nærmare avtale om møtedato.

Fagetatane og Regjeringa Solberg sitt arbeid med revisjon av Nasjonal Transportplan:

Tidsplan for Nasjonal transportplan




Fagetatane sitt framlegg til NTP 2018-2029 er venta lagt fram 29.02.2016.

Regjeringa legg fram si Stortingsmelding på høyring ved årsskiftet 2016/2017.

Slutthandsaming av handlingsprogram for heile perioden 2018-2029, og spesifikt for perioden 2018-21 vert handsama i Stortinget medio desember 2017.

Helsing
for styret i Gode Vegar AS


Per Ole Tenden
-styreleiar-


Jørn Sønseterudbråten
- nestleiar-

(Utkast til)
AVTALE MELLOM

Gode Vegar AS

og

.....
BAKGRUNN

I arbeid med viktige vegspørsmål i Kvivsregionen, har Stryn Næringsssamskipnad etablert eit rådgjevvarselskap, Gode Vegar AS, som skal hjelpe sentrale aktørar med å fremme sine interesser/synspunkt for å få dei vegløyningar som er til det beste for avtaleparten. Dette gjeld spesielt Rv 15 (ny tunnel Skåre-Breidalen med arm til Geiranger), Fv 60 (Tomasgard-Røyhus bru) og E39 (Byrkjelo-Grodås, Voldatunnelen/Torvmyrvegen og Ørstafjordkryssinga).

Svein Sunde er tilsett i selskapet som rådgjevar og skal arbeide for å fremme aktøren sine interesser.

ARBEIDSOMTALE

Det skal arbeidast med samferdsleløyningar som styrker avtaleparten si inntening og servicegrad. Det er føresett at arbeidet vert utført av Svein Sunde. Arbeidet som skal utførast for avtaleparten er følgjande:

- Arbeidet skal sikre aktøren kunnskap om kva som skjer av vurderingar, utgreiingar og avgjerder i sentrale fora vedr. samferdselsforhold som vedkjem aktøren i regionen som angitt.
- Arbeidet skal vidare omfatte presentasjon av aktøren sine interesser i sentrale fora for å få til samferdsleløyningar som styrker avtaleparten si inntening og servicegrad
- Det primære fokus vil være vegløyningar i Kvivsregionen, så som Rv 15, Fv 60, og E39.
- For å klare dette må Svein Sunde sikre at det vert:
 - føljt med kva på som skjer og skal skje i sentrale fora,
 - fokusert på det som er viktig for å fremme interessene til avtaleparten,
 - påverka i dei rette fora på rett måte.

Det skal være ein tett informasjon og kommunikasjon mellom Svein Sunde og avtaleparten. Dette skal sikrast gjennom jamn informasjon og kommunikasjon.

GODTGJERDSLE

Det skal betalast nok eks. mva pr. år for å få det aktuelle arbeidet utført. Fakturering skal skje etterskotsvis kvart kvartal med nok eks. mva, og skal gjerast opp pr. 10 dagar. Forseinka betaling vert belasta med morarente.

VARIGHEIT

Avtalen gjeld i 2 år frå og med 01.01.2016 til 01.01.2018. Ved ny semje mellom partane kan avtalen fornyast.

OPPSEIING

I avtaleperioden er avtalen uoppseieleg frå begge parter så lenge Svein Sunde utfører arbeidet, og det vert arbeidd aktivt med dei oppgåver som er nemnde i denne avtalen. Dersom arbeidet ikkje vert utført av Svein Sunde opphøyrer avtalen, med mindre partane blir samde om noko anna.

Stryn, den2016

Gode Vegar AS
Per Ole Tenden Jørn Sønsterudbråten

Selskap/kommune



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Henrik Skovly

Arkivsak nr.: 2016/181

Arkivkode: 159

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

22/16

Formannskapet
Kommunestyret

09.02.2016

FORSLAG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM- UTTALE FRÅ VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret viser til kommentarane i saksutgreiinga. Volda kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem ved at stadig større andel av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige kostnader.

Volda kommune vil særskilt presisere behovet for at staten ivaretek minsteinntektskommunane og held fast på dagens forhold mellom skatt og ramme (skatteandel).

Vidare vil Volda kommune særskilt presisere at eingongstilskot og reformtilskot i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskriving av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.

Vedlegg:


Høyringsnotatet

Saksopplysningar:

Regjeringa sendte ut denne pressemeldinga 17.12.2015:

”Regjeringen vil legge til rette for sterke og levende lokalsamfunn i hele landet, og sender nå forslag til nytt inntektssystem for kommunene ut på høring. – Vi ønsker å gjøre inntektssystemet enklere og mer rettferdig, og ivareta en god distriktsprofil, sier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Befolkningssammensetning, bosettingsmønster, infrastruktur og levekår i kommunene forandres over tid. Derfor er det et mål å oppdatere kostnadsnøkkelen med jevne mellomrom. Oppdateringen er basert på faglige analyser som forklarer hvorfor kommunenes utgifter varierer.



[Større versjon](#)

Regjeringen foreslår å fortsatt gi kompensasjon for utgifter til tjenester som skyldes lange avstander og spredt bosetting, for eksempel til grunnskole og hjemmetjeneste.

Kommuner som er ufrivillig små vil fortsatt få fullt basistilskot, som i hovedsak dekker administrasjon. Dersom det er kort avstand til nabokommunen, er kommunen frivillig liten. Slike kommuner vil få et lavere basistilskot.

- Dagens inntektssystem belønner kommuner som velger å være små. Det fører til at kommuner som slår seg sammen over tid taper inntekter. Vi vil gjøre systemet mer nøytralt og fjerne hindringer for kommunesammenslåing. Vi vil derfor skille mellom kommuner som er ufrivillig små på grunn av spredt bosetting og lange avstander, og kommuner som selv velger å være små, sier Sanner.

I forslaget foreslår regjeringen å videreføre, men målrette de regionalpolitiske tilskuddene. Regjeringen vil slå sammen de regionalpolitiske tilskuddene til ett distriktstilskudd for Sør-Norge og ett distriktstilskudd for Nord-Norge/Namdalen.

- Småkommunetilskuddet blir videreført, men vil bli mer målrettet mot kommuner som har reelle distriktpolitiske utfordringer. I tillegg ønsker vi at en større del av tilskuddene skal gis per innbygger, og noe mindre per kommune. Slik vil systemet bli mer rettferdig ved at kommuner med flere innbyggere få høyere tilskudd enn kommuner med færre innbyggere, sier Sanner.

Kommuner som bestemmer seg for å slå seg sammen i denne stortingsperioden, får beholde basistilskot og regionalpolitiske tilskudd som i dag uavkortet i 15 år, og deretter få en nedtrapping over fem år. Slik blir den økonomiske situasjonen mer forutsigbar for kommunene, samtidig som de får god tid til omstilling. Reformstøtte og omstillingsstøtte kommer i tillegg.”

OMTALE AV HØYRINGSNOTATET

Høringsnotatet kan grovt sett delast inn i 3.

- A. Nye kostnadsnøklar for kommunane
- B. Forslag til endringar i dei regionalpolitiske tilskota
- C. Oppsummering av skatteelementa i inntektssystemet

A NYE KOSTNADSNØKLAR FOR KOMMUNANE

Vi ser først kort på dagens system:

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

Tabellen under viser samla kostnadsnøkkel for kommunane i 2016, og kva for vekt kvart kriterium har.

Kostnadsnøkkel for kommunane 2016:

Kriterium	Kriterievekter
Innbyggjarar 0–1 år	0,0055
Innbyggjarar 2–5 år	0,1268
Innbyggjarar 6–15 år	0,2880
Innbyggjarar 16–22år	0,0210
Innbyggjarar 23–66 år	0,0938
Innbyggjarar 67–79 år	0,0453
Innbyggjarar 80–89 år	0,0693
Innbyggjarar 90 år og over	0,0464
Landbrukskriteriet	0,0029
Reiseavstand innan sone	0,0132
Reiseavstand til nabokrets	0,0132
Basiskriteriet	0,0226
Innvandrarar 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0083
Norskfødde med innvandrarforeldre 6–15 år, ekskl. Skandinavia	0,0009
Dødelegheitskriteriet	0,0460
Barn 0–15 år med einlig forsørgjar	0,0115
Låginntektskriteriet	0,0062
Uføre 18–49 år	0,0046
Flyktningar utan integreringstilskot	0,0047
Opphopingsindeks	0,0139
Urbanitetskriteriet	0,0177
Psykisk utviklingshemma 16 år og over	0,0461
Ikkje-gifte 67 år og over	0,0437
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0296
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0188
Sum	1,0000

Dette er vidare delt inn i desse delkostnadsnøkklane:

- Pleie og omsorg
- Grunnskule
- Barnehage
- Administrasjon, miljø og landbruk
- Sosialtenester
- Kommunchelse
- Barnevern

Under er det gjort greie for dei **endringane** som regjeringa foreslår i notatet:

Delkostnadsnøkkel Barnevern

Det er ingen endringar i kriteria (dvs ingen kriterium er fjerna eller nye er innført).

Men på desse kriterium er vektinga endra:

- Innbyggjarar 0-22 år (ned)
- Barn 0-15 år med einsleg forsørgjar (opp)
- Låg inntekt (opp)

Delkostnadsnøkkel sosiale tenester

Urbanitetskriteriet utgår, og vert erstatta med aleneboende 30-66 år (med litt lågare vekt).

Opphopningsindeksen vert vekta ned frå 0,28 til 0,17.

Desse kriteria vert vekta opp:

- Innbyggjarar 16-66 år
- Flyktingar utan integreringstilskot
- Uføre 18-49 år

Delkostnadsnøkkel kommunehelse

Dødelighetskriteriet går ut.

Innbyggjar over 22 år ver delt i 2 grupper (23-66 år og over 67 år).

Desse kriteria er vekta opp:

- Basiskriteriet
- Innbyggjar 67 år og eldre

Desse kriteria er vekta ned:

- 0-22 år
- 23-66 år
- Sone
- Nabo

Delkostnadsnøkkel administrasjon, miljø og landbruk

Denne nøkkelen vert splitta i 2:

- Administrasjon og miljø
- Landbruk

Administrasjon: Ingen endring

Landbruk: Areal dyrka mark ut går ut. Antall jordbruksbedrifter får større vekt

Samla: Landbruk og basis får mindre vekt- Antall innbyggjarar går tilsvarande opp.

Delkostnadsnøkkel barnehage

- Barn 1 år utan kontantstøtte vert vekta ned frå 0,18 til 0.10
- Barn 2-5 år vert vekta opp frå 0,71 til 0,78
- Ingen endring i utdanningskriteriet

Når det gjeld siste kulepunkt (ingen endring i utdanningskriteriet) så står det mellom anna dette på side 36 i høyringsnotatet:

.....”Etter 2011 har departementet gjort nye analyser med oppdaterte tall jevnlig. Disse analysene har alle vist at dagens delkostnadsnøkkel har holdt seg godt, og alle kriteriene har vært stabile og statistisk signifikante i hele perioden. Det har siden innføringen av delkostnadsnøkkelen i 2011 blitt stilt spørsmål ved om utdanningskriteriet er et godt kriterium til å forklare forskjeller i kommunenes utgifter til barnehage. Kriteriet har til dels blitt oppfattet som et normativt kriterium. Alle analyser siden 2011 har imidlertid vist at dette er et godt kriterium for å fange opp faktiske kostnadsforskjeller mellom kommunene.”.....

Høyringsnotatet omtalar også ein alternativ delkostnadsnøkkel for barnehage:

- Barn 1- 5 år med vekt på 0,8093
- Antal heiltidstilsette 20-44 år med vekt på 0,1907

Den alternative delkostnadsnøkkelen har i følgje KS lågare forklaringskraft enn vidareføring av dagens kriterium.

Andelen innbyggjarar med høg utdanning er høg i Volda, og det er i vår interesse at dagens modell vert ført vidare.

Delkostnadsnøkkel grunnskule

- Kriteriet norskfødte 6- 15 år med innvandrarforeldre (eksl Skandinavia) går ut
- Sone og nabokriteriet vert vekta ned
- Innbyggjarar 6- 15 år vert vekta litt opp

Delkostnadsnøkkel Pleie og omsorg

Innbyggjarar 0-66 år og basiskriteriet vert vekta opp.

Innbyggjarar 90 år (og over) og psykisk utviklingshemma 16 år (og over) vert vekta ned.

NB: Nedtrapping av psykisk utviklingshemma vil også berøre toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester.

Konklusjon delkostnadsnøklar

Forslaget til nye kostnadsnøkler er hovedsakelig er ei rein oppdatering/mindre justering av dei kostnadsnøklerane som gjeld i dag.

Utdanning viser å vere det den faktoren som treffer best for delkostnadsnøkkel barnehage, og Volda kommune vil be om at staten fastheld dagens modell med bruk av utdanningskriteriet. Volda kommune har eit samla netto tap på kr. 1.738.000 som følgje av dei endringane som vert foreslått. Forslaget til endringar i utgiftsutjamninga resulterer i auka vektlegging av demografi og mindre vektlegging av busettingskriteriet. Dette gjer at Volda sine driftsulempar i dag med desentralisert tenestestruktur i auka grad vert frivillige kostnader som kommunen må dekkje sjølv gjennom omprioritering i tenestene og/eller. eigedomsskatt. Volda kommune har allereie i perioden 2011 til 2016 hatt ein nedgang på 15 millionar kroner over utgiftsutjamninga.

Tap som følgje av innføring av strukturkriteriet kjem i tillegg (sjå neste avsnitt).

Nytt strukturkriterium

Høringsforslaget presenterer vidare eit opplegg for å skilje mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulempar, gjennom bruk av eit strukturkriterium for fastsetting av basistilskot. Det måler reiseavstand for den enkelte innbyggjar for å møte 5 000 innbyggjarar vert målt med utgangspunkt i grunnkretsens befolkningsmessige sentrum). Gjennomsnittet for alle kommunens innbyggjarar blir kommunens verdi. Kommunens verdi vert målt mot 3 alternative grenseverdier:

- 25,4 km
- 16,5 km
- 13,3 km

Strukturkriteriet vert nytta til å gradere kommunens basistilskot. Medan alle kommunar i dag får eit fullt basistilskot, 13,2 mill. kroner i 2016, ville bruken av eit strukturkriterium medført at kommunen ville fått mellom 0 og 13,2 mill. kroner i basistilskot.

Kommunesektorens samla inntekter vil ikkje bli berørt av forslaget, fordi reduksjonen i basistilskot vil bli beholdt i det samla inntektssystemet, men gir omfordelingsverknader mellom kommunane.

- Kommune som har lang reiseavstand for å nå 5.000 innbyggjarar vil oppretthalde tilskottet på om lag 13,2 millionar i 2016-kroner
- Kommune som ligg tett opp til 5.000 innbyggjarar vil få dette beløp redusert i takt med kortare reiseavstand

KS har gjort utrekningar som viser konsekvensar for den enkelte kommune. Tabellen under viser Volda kommune sitt tap målt mot dei 3 ulike grenseverdiane:

Grenseverdi	25,4 km	16,5 km	13,3 km
Tap Volda kommune	kr 6 010 000	kr 5 452 000	kr 4 765 000

B FORSLAG TIL ENDRINGAR I DEI REGIONALPOLITISKE TILSKOTA

Dett er i dag 3 regionalpolitiske tilskot i inntektssystemet:

- Småkommunetilskot (kommunar som har færre enn 3200 innbyggjarar)
- Nord Norge og Namdalen tilskot
- Distriktstilskot Sør Norge

Volda kommune kvalifiserer sjølvsagt ikkje for dei 2 første tilskota. Vi er heller ikkje definert til å ha store nok distriktsutfordringar til å kome inn under Distriktstilskot Sør Norge.

Det vert foreslått å slå saman småkommunetilskot og Driftstilskot Sør Norge til eit tilskot. Ein kan ikkje sjå at dette har konsekvensar for Volda kommune.

C OPPSUMMERING AV SKATTEELEMENTA I INNTEKTSSYSTEMET

Høyringsnotatet har ein omtale av dagens ordning:

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90% av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35% av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90% av landsgjennomsnittet.

Høyringsnotatet slår fast at selskapsskatten skal vere ein del av skatteutjamninga.

Det er ingen konkrete forslag til endringar i dagens modell.

Skatteandel er definert som kor mykje skatteinntektene utgjør av kommunesektoren sine samla inntekter. Regjeringa seier at skatteandel er noko som vert bestemt i samband med kommuneopplegget i statsbudsjettet for kvart år.

Regjeringa seier følgjande i regjeringsplattforma:

Del 10 – Kommunal:

«Kommunene har ansvaret for grunnleggende velferdstjenester, og skal være mest til for de som trenger det mest.»

«For at kommunene skal kunne ivareta sine oppgaver, er det nødvendig med en robust, forutsigbar og god kommuneøkonomi. Det er behov for en helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for fylker og kommuner. Regjeringen vil la den enkelte kommune beholde mer av sine egne skatteinntekter. Blant

annet skal kommunene få beholde en del av selskapsskatten der hvor verdiene er skapt. Regjeringen vil styrke økonomien i kommuner med store investeringsbehov som følge av sterk befolkningsvekst. Regjeringen vil gjennomføre endringene gradvis og på en forutsigbar måte. « (Understreking gjort av rådmann)

Rådmannen gjer merksam på at nivået på at skatteandel har store fordelingsmessige konsekvensar:

- Høg skatteandel er ein fordel for skatterike kommunar (slik søm Herøy og Ulstein kommunar i vår region)
- Låg skatteandel er ei ulempe for skattefattige kommunar (slik som Volda kommune).

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune kan i verste fall miste nesten 7,8 mill kr (der 6 mill kr er knytt til strukturkriteriet) slik høyringsnotatet ligg føre.

Ved kommunesamanslåing vil bortfall av basistilskot (knytt til strukturkriteriet) bli fullt ut kompensert i 15 år, og deretter fasa ut over dei neste 5 åra.

Det er eit par utfordringar knytt til høyringsnotatet.

For det første vert det skissert fleire ulike modellar. 2 alternativ på delkostnadsnøkkel på barnehage og grenseverdiar på reiseavstand er døme på det. Kor mykje Volda kommune tapar er avhengig av kva for modell som vert valt.

For det andre seier høyringsnotatet ingenting om framtidig skatteandel. Nivået på skatteandel har store fordelingsverknader mellom kommunane.

Forslaget gir heller ikkje gode nok avklaringar på kva basistilskot som skal gjelde frå 1. januar 2017 dersom ein har vedtak om kommunesamanslåing. Skal nytt basistilskot, eller skal dagens basistilskot, gjelde fram til samanslåingstidspunktet?

Ein vesentleg faktor som er underkommunisert er at inntektssystemet er eit omfordelingssystem der staten fastheld storleiken på kaka, slik at endringar inneber at ein må redusere frå nokre kommunar for å styrke andre. Det store grepet i dette forslaget er at kommunar rundt 12 000 innbyggjarar og oppover vert bidragsytarar for å styrke byane. Endringa er lagt opp til å stimulere kommunesamanslåing og kompensere for kostnadene med den demografiske utviklinga knytt til hovudsakleg til urbanisering rundt dei sentrale områda i landet. Ein kan godt diskutere om det er rett at endringa av inntektssystemet vert lansert før ein gjennom lokale prosessar har landa kommunestrukturen, jfr kommunalministeren sine uttrykte intensjonar om at ein lokalt skal kome til semje om korleis kommunekartet skal sjå ut. No tek regjeringa sjølv grep om kommunekartet slik at dette i stor grad kjem til å samsvare med korleis ein kjem ut i det nye inntektssystemet. Rådmannen har også forståing for at regjeringa gjennom inntektssystemet stimulerer til kommunesamanslåing når det allereie er slått fast at det er eit fleirtal på Stortinget for å gjennomføre ei kommunereform.

Dersom det vert mange kommunar som slår seg saman og utløyser eingongstilskot og reformtilskot, så skal dette også dekkjast av den same kaka til kommunesektoren. Det vil resultere i at kommunane samla sett får lågare overføringar frå staten. Det er viktig at tilskota

i samband med kommunereforma kjem oppå nivået for samla overføringar til kommunesektoren.

Økonomiske konsekvensar:

Volda kommune taper på forslaget til endringane i kriterienøklane. Volda kommune vil tape på forslaget til endring av strukturkriteriet dersom kommunen held fram som eiga kommune. Volda kommune vil tape på eventuell endring av forholdet mellom skatt og ramme der skattedelen vert auka. Det er det til ein kvar tid gjeldande inntektssystem som avgjer nivået på tenesteproduksjonen (kvantitet og kvalitet). Korleis innbyggjarane vil merke desse endringane dersom dei vert vedtekne, handlar om kor vidt kommunestyret vil tilpasse seg desse endringane gjennom kommunestruktur og tenestestruktur.

Rune Sjugard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	15/4746-1	17.12.2015

Høring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

I kommuneproposisjonen for 2016 (Prop. 121 S (2014-2015)) ble det varslet at regjeringen vil foreta en helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for kommunene, og at forslag til nytt inntektssystem skal presenteres i kommuneproposisjonen for 2017. I denne gjennomgangen skal inntektssystemet også ses i sammenheng med kommunereformen.

Kommunesektoren har ansvar for viktige velferdstjenester og forvalter en betydelig andel av de økonomiske ressursene i norsk økonomi. Sektorens inntekter utgjør om lag 18 pst. av BNP for Fastlands-Norge. Inntektssystemet for kommunene fordeler rammetilskuddet mellom kommunene og omfordeler skatteinntekter. Skatteinntekter og rammetilskudd utgjør om lag 75 pst. av kommunesektorens samlede inntekter. I 2016 utgjør rammetilskuddet til kommunene om lag 124 mrd. kroner, mens skatteinntektene er anslått til om lag 155,4 mrd. kroner.

Inntektssystemet består av flere elementer; innbyggertilskuddet, inkludert kostnadsnøkkelen i utgiftsutjevningen, de regionalpolitiske tilskuddene og de ulike skatteelementene. I dette høringsnotatet redegjøres det for konkrete forslag til endringer i kostnadsnøkkelen, mens det gis en omtale av endret innretning på de regionalpolitiske tilskuddene. Et sentralt spørsmål som drøftes i høringsnotatet er dagens kompensasjon for smådriftsulemper i kommunal tjenesteproduksjon, og i hvilken grad kommuner skal kompenseres fullt ut for denne typen kostnader. I tillegg drøftes forholdet mellom kommunenes skatteinntekter og inntektssystemet.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
NO-0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
<http://www.kmd.dep.no/>

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 858

Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Karen Nystad
Byrhagen
22247254

Gjennom basiskriteriet i kostnadsnøkkelen får kommunene i dag full kompensasjon for smådriftsulemper på grunn av kommunestørrelse. Det foreslås her en modell for å differensiere denne kompensasjonen, slik at ikke alle kommuner lenger vil motta full kompensasjon for denne typen kostnader på kommunenivå. Det foreslås at det fortsatt skal gis full kompensasjon for smådriftsulemper på tjenestenivå. Departementet tar sikte på å innføre en modell der det skilles mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper i kommunal tjenesteproduksjon, og der kun ufrivillige smådriftsulemper kompenseres fullt ut. I høringsnotatet presenteres innretningen på en slik modell. Denne endringen vil gjøre inntektssystemet mer nøytralt i forhold til kommunesammenslutninger.

De regionalpolitiske tilskuddene er også vurdert, og departementet foreslår her en endring i innretningen på disse tilskuddene framover. Det legges opp til å forenkle tilskuddsstrukturen ved å slå sammen noen av dagens tilskudd, at de regionalpolitiske tilskuddene i større grad knyttes opp til graden av distriktsutfordringer, og at tilskuddene i større grad gis per innbygger i stedet for per kommune. Den siste justeringen vil gjøre tilskuddene mer nøytrale i forhold til endringer i kommunestrukturen.

Departementet legger opp til å presentere et helhetlig forslag til nytt inntektssystem for kommunene i kommuneproposisjonen for 2017, med virkning fra 1. 1. 2017.

Vi ber om innspill på enkeltpunkt, i tillegg til eventuelle generelle uttalelser innen 1.mars 2016. Eventuelle spørsmål kan rettes til seniorrådgiver Karen N. Byrhagen (karen-nystad.byrhagen@kmd.dep.no).

Høringsuttalelser gis digitalt på regjeringen.no. Dette gjøres under «Send inn hørings svar» på www.regjeringen.no/2467858. Alle kan avgi høringsuttalelse. Høringsuttalelser er offentlige etter offentleglova og blir publisert sammen med øvrige høringsuttalelser.

Med hilsen

Thor Bernstrøm (e.f.)
avdelingsdirektør

Grete Lilleschulstad
underdirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Forslag til nytt inntektssystem for kommunene

Innhold

1	Helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for kommunene	6
1.1	Innledning.....	6
1.2	Oppsummering av forslagene til endring	7
1.2.1	Forslag til ny kostnadsnøkkel i utgiftsutjevningen	8
1.2.2	Forslag til endringer i regionalpolitiske tilskudd.....	9
1.3	Om innholdet i de enkelte kapitlene	10
2	Generelt om inntektssystemet	11
2.1	Prinsipp og målsetting	11
2.2	Kommunesektorens roller, oppgaver og plass i norsk økonomi	12
2.3	Dagens inntektssystem	13
2.3.1	Innbyggertilskuddet	13
2.3.2	Regionalpolitiske tilskudd	15
2.3.3	Skjønnstilskudd.....	15
2.4	Tidligere endringer i inntektssystemet	15
3	Utgiftsutjevningen i inntektssystemet	17
3.1	Innledning.....	17
3.2	Generelt om utgiftsutjevningen	17
3.3	Hvilke sektorer skal inngå i utgiftsutjevningen?	20
3.4	Analyseopplegg	21
3.4.1	Normative og statistiske analyser	21
3.4.2	Analysemetoder	23
3.5	Simultane og partielle analyser.....	24
4	Kostnadsnøkkel i utgiftsutjevningen	27
4.1	Grunnskole.....	28
4.1.1	Generelt om sektoren	28
4.1.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	28
4.1.3	Analyser og vurderinger	29
4.1.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel	29
4.2	Pleie og omsorg	30
4.2.1	Generelt om sektoren	30

4.2.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	30
4.2.3	Analyser og vurderinger	32
4.2.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel	34
4.3	Barnehage.....	35
4.3.1	Generelt om sektoren	35
4.3.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	35
4.3.3	Analyser og vurderinger	37
4.3.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel	38
4.4	Kommunehelsetjeneste.....	39
4.4.1	Generelt om sektoren	39
4.4.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	39
4.4.3	Analyser og vurderinger	40
4.4.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel	41
4.5	Barnevern.....	41
4.5.1	Generelt om sektoren	41
4.5.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	42
4.5.3	Analyser og vurderinger	42
4.5.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel	44
4.6	Sosialhjelp	44
4.6.1	Generelt om sektoren	44
4.6.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	45
4.6.3	Analyser og vurderinger	45
4.6.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel	46
4.7	Administrasjon, landbruk og miljø.....	46
4.7.1	Generelt om sektoren	46
4.7.2	Dagens delkostnadsnøkkel.....	47
4.7.3	Analyser og vurderinger landbruk	47
4.7.4	Forslag til ny delkostnadsnøkkel landbruk	48
4.7.5	Analyser og vurderinger administrasjon og miljø	48
4.7.6	Forslag til ny delkostnadsnøkkel administrasjon og miljø	49
4.8	Samlet kostnadsnøkkel	49
4.8.1	Sektorenes vekt i samlet kostnadsnøkkel.....	49

4.8.2	Forslag til samlet kostnadsnøkkel for kommunene	50
5	Kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjevningen	52
5.1	Om smådriftsulemper i kommunal tjenesteproduksjon.....	53
5.2	Dagens kompensasjon for smådriftsulemper i utgiftsutjevningen	53
5.3	Differensiering av kompensasjonen for smådriftsulemper i utgiftsutjevningen	55
5.3.1	Om strukturkriteriet	55
5.3.2	Gradering av basiskriteriet i kostnadsnøkkelen	58
5.3.3	Konsekvenser av gradert basiskriterium.....	59
5.3.4	Departementets vurderinger og forslag til endring i kompensasjonen for smådriftsulemper.....	60
6	Regionalpolitiske tilskudd.....	62
6.1	Dagens regionalpolitiske tilskudd	63
6.1.1	Distriktstilskudd Sør-Norge	63
6.1.2	Nord-Norge- og Namdalstilskudd.....	64
6.1.3	Småkommunetilskudd.....	64
6.1.4	Veksttilskudd	65
6.1.5	Storbytilskudd.....	65
6.2	Om distriktsindeksen	66
6.3	Vurdering av dagens tilskudd	66
6.3.1	Begrunnelse og målsettinger.....	66
6.3.2	Størrelse og omfang	67
6.4	Forslag til endringer i de regionalpolitiske tilskuddene	70
6.5	Departementets forslag til endringer	71
6.5.1	Konsekvenser av forslagene	72
7	Skatteelementer i inntektssystemet	73
7.1	Innledning.....	73
7.2	Skatteandelen.....	74
7.3	Inntektsutjevningen	75
7.4	Betydningen av endringer i skatteelementene	76
7.5	Selskapsskatt.....	77
8	Høringsinstanser.....	78
	Vedlegg 1 Kommunenes verdi på strukturkriteriet.....	81

Vedlegg 2 Dokumentasjon av analyser til forslag til ny kostnadsnøkkel	93
1 Innledning	93
2 Datagrunnlag.....	93
3 Resultater fra KOMMODE-modellen 2011-2013	94
4 Analyseresultater delkostnadsnøkler	94
4.1 Delkostnadsnøkkel grunnskole	95
4.2 Delkostnadsnøkkel pleie og omsorg	95
4.3 Delkostnadsnøkkel barnehage	97
4.4 Delkostnadsnøkkel kommunehelsetjeneste	98
4.5 Delkostnadsnøkkel barnevern	99
4.6 Delkostnadsnøkkel sosialhjelp	99
4.7 Delkostnadsnøkkel administrasjon og miljø.....	100
4.8 Delkostnadsnøkkel landbruk.....	100
5 Sektorenes andel av samlet kostnadsnøkkel	101

1 Helhetlig gjennomgang av inntektssystemet for kommunene

1.1 Innledning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
KS Møre og Romsdal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2012/1172

Arkivkode: 047

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
24/16	Formannskapet Kommunestyret	09.02.2016

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. UTGANGEN AV DESEMBER 2015

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Vedleggsliste:
Vedtakslogg pr. utgangen av desember 2015.

Saksopplysningar:
Formannskapet og kommunestyret har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. hausten 2015. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva statusen er.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Ingen

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorsjefane

Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Sektor for utvikling
KST 132/11	15.12.11	Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ein plan for ei "indre" trafikk-løysing i Volda sentrum med det mål å avlaste kryssing av E39. Herunder også miljøretta tiltak i Volda sentrum. Målsettinga må vere å få dette i funksjon før Kvivsvegen opnar.	Ok- Jf gjennomført skiltplan Planarbeid for kryssløysinga og brua ved Spinneriet i gang i regi av Statens vegvesen Tettstadsutviklingsprosjektet "mellom bygningane i Volda" er sett i gang. NB! Sterke oppmodingar om ny gjennomgang av skiltplan sentrum motteke i høve prosjekt MBV og kommuneplanprosessen.
FSK 151/13	24.09.13	Reguleringsplan Rotsetfjora –Scanaområdet slik det går fram av plandokument datert 17.09.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.	Offentleg ettersyn gjennomført, sluttavklaring hos fylkeskomm. gjenstår, til handsaming april 2014. Planen har vore utlagt til offentleg ettersyn. Scana har selt Velsvik-tomta til anna firma. Signaliserer mindre arealbehov i området, og at areala kan nyttast til andre formål om ynskjeleg. Avventar formelt innspel frå ny eigar/Acana.
FSK 6/14	21.01.14	Detaljregulering B58 Bratteberg: Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.	Plan utlagt til off. ettersyn februar 2014. Vidare handsaming sjåast i samanheng med planavklaring m.o.t elveforbygging. Vidare handsaming av plan utsett pga avklaring i høve overvatn og samordning med plan Ottagarden. Plan til slutthandsaming i kommunestyret i mars 2016.
FSK 54/14	18.03.14	Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra. Utlegging til off. ettersyn I medhald av pbl. §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Håmyra, lagt ut til offentleg ettersyn slik det går fram av plandokumenta (planomtale, plankart og illustrasjonsplan med snitt, og føresegner. Illustrasjonsplan med tilhøyrande snitt sist revidert 05.03.2014, skal vere del av plan og juridisk bindande. Detaljregulering og søknad om rammeløyve vert å handsame parallelt jf. pbl. §12-15. Søknad om rammeløyve vert sendt på høyring i samband med utlegging til offentleg ettersyn.	Ok- Planen godkjent 26.februar 2015. Kravd lovlegheitskontroll som vart handsama i k-styret den 30.04.2015. Planen er handsama på nytt av kommunestyret i K-sak 62/15 den 18.06.15. Planvedtaket påklaga. Klage handsama i formannskapet den 25.08.2015, sak PS 135/15 og sendt Fylkesmannen. Forventa handsaming hos Fylkesmannen i februar/mars 2016
KST 36/15	30.04.2015	Kommunestyret finn at administrasjonen si plikt til forsvarleg utgreiing av saka (jmf. Kommune-lova paragraf 23.2) ikkje er oppfylt. Dette gjeld særleg	

KST 62/15	09.06.2015	<p>trafikkale forhold som utbygging av Håmyra vil medføre, mellom anna Raudemyrvegen og Heltnevegen. Krav om lovlegheitskontroll vert å sende til Fylkesmannen for vidare handsaming.</p> <p>Godkjenning av plan. Det skal settast i verk fleire strakstiltak før feltet kan utbyggast:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1.Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t. 2.Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen. 3.Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys. 4.Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering. 5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks. <p>og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.</p> <p>pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarende må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også</p>	<p>Reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda er ikkje starta grunna stor arbeidsmengd og manglande kapasitet. Planarbeidet vert starta opp i januar 2016 etter at ny planleggar er tilsett.</p> <ol style="list-style-type: none"> 2. Dette vert med i utbyggingsavtalen med Din Bustad, og vert 100% betalt av Din Bustad 3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass, denne avtalen går ut på førespørjing i løpet av november. 4. Vert med i utbyggingsavtalen. <p>Det er gjort avtale med grunneigarane om areal til sambindingsvegen over Raudemyra, avtalen vert fremja for godkjenning i formanskapet 9.2.16.</p>
-----------	------------	--	--

		vere avklara.	
KST 10/14	31.1.14	<p>Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.</p> <p>1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,-</p> <p>2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen.</p> <p>3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam</p> <p>4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.</p>	<p>Under arbeid.</p> <p>Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følger prosjektet i partnerskapet. Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15.</p> <p>Arkitektfirmaet Gehl er leigd inn for å utarbeide hovudplan. Denne er ferdig og vart presentert på samfunnshuset i juni. Planen er at den skal også skal verte presentert for det nye kommunestyret.</p> <p>Leikepark ved rådhuset er vurdert som delprosjekt og vedteke 28.05.15 i kommunestyret. Prosjektet skulle vore ferdig desember 2015, men grunna kaldt ver gjenstår noko grunnarbeid.</p>
FSK 196/15	08.12.15	Detaljreguleringsplan turveg Rotevatn – nytt offentleg ettersyn.	Fylkesmannen har oppheva kommunen sitt planvedtak i sak 88/14 – Justert planframlegg vart lagt ut til nytt offentleg ettersyn etter vedtak i formannskapet den 8.12.2015
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>pkt. 26 <i>Stilling ved plankontoret med spesielt ansvar for klima- og miljøplanlegging blir oppretta frå 1.7. 2016 – meirkostnad 300.000 kr. 2016 og 300.000 kr. 2017. Dekning ved bruk av disposisjonsfondet</i></p>	Det skal lysast ut stilling i løpet av våren.
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016</p> <p>Pkt. 31 <i>Ber om at administrasjonen ved høve orienterer forvaltningsstyret om korleis klima og miljøsaker vert ivaretekne og kven som har ansvaret for å følge opp arbeidet med klimaplanen</i></p>	Det er ikkje gjort enno, men satsar på å ta ei orientering på neste møte.

Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Teknisk sektor
KST 60/09 og KST 72/11	3.9.09 og 22.6.11	Fjordvarme: Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med saka mellomanna med utgangspunkt i fylgjande moment: - 3. partsvurdering av den teknologiske løysinga - Økonomien i prosjektet - Organisering av prosjektet - Ei grundigare vurdering av merknaden	Føresetnadene i prosjektet er usikre og prosjektet har ikkje prioritet no, jf. sak om Klimaplanen. Kommunestyret skal handsame ny planstrategi i 2016, der det må takast stilling til om revisjon av klimaplanen skal prioriterast.
KST 130/11	15.12.11	Botnavegen	Botnavegen: Arbeid med utarbeiding av konkurransegrunnlag for prosjektering av tilbodsokument for veganlegget. m/ tilbodsokument vart oppstarta januar 2016 etter at at ingeniør/ prosjektleiar byrja i kommunalteknisk avdeling januar 2016.. Tilleggsfinansiering vart innarbeidd i budsjett 2016 / revidert økonomiplan. Prosjektet høyrer heime i oversikta over prosjekt/investeringar og vert flytta dit ved neste rapportering.
		Opprydding avløp sone Folkestad	Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt.
		Opprydding avløp sone Straumshamn	Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt
KST 152/12	29.11.12	Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Det vert stenging med bom i 2016, der har ikkje vore kapasitet til dette prosjektet i 2015. Spørsmål om trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, er med som punkt i samband med rullering av Trafikktryggingssplanen. 1.halvår 2016.
KST 5/13	31.01.13	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016: Restbeløpet til PVC går til gatelys Ulvestad - Torvika	Restbeløp til gatelys Ulvestad – Torvik: Ikkje gjennomført. Må ha tilleggsøyving for å kunne gjennomføre tiltaket. Etter vanlege planleggingsprosedyrer vert dette å vurdere i budsjettsamanheng.
FSK 98/13	21.05.13	Reservevassforsyning for Volda: 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leiingsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn er utarbeidd. Samtidig er det no på gang ein prosess for å avklare ev kommunesamanslåing.

		kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	
FORV 69/13	11.06.13	Buss-skur på Lid: Forvaltningsstyret bed administrasjonen sjå på tilhøva med buss-skur på Lid, plassering og behov for antal.	Ikkje oppstarta og ikkje finansiert. Tiltaket må vurderast i budsjett-samanheng dersom det skal prioriterast.
FORV 78/13	20.08.13	Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak: Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.	Har vore gjennomført drøftingar med Statens vegvesen utan resultat. I Ved rullering av Trafikktryggingssplan for Volda kommune er miljøprioritert gjennomkøyring Volda sentrum eit punkt på tiltak på overordna vegnett. Administrasjonen og ordførar har hatt møte med Statens Vegvesen den 14. januar i år der dei ga signal om at dei vil sjå på enklare løysingar for å utvide krysset ned til ferjekaia. Statens Vegvesen signaliserte at dei vil sjå på mindre kostnadskrevjande tiltak ettersom Voldatunnellen skal avlaste dette vegsystemet og vegen gjennom sentrum skal nedklassifiserast til fylkesveg.
FORV 76/15	17.11.15	Planid 200700-01 – Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651, gbr 19/950 og 862 <i>3.Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.</i> <i>4.Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.</i>	Forvaltningsstyret den 08.12.15, sak PS 86/15: <i>Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.</i> <i>Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.</i>

KST 130/13	3.10.13	<p>Utbyggingsavtale for Heltnevollen</p> <p>1. Volda kommune godkjenner utbyggingsavtalen for utbygging av Heltnevollen gnr. 20 bnr. 59, jf. vedlegg 1.</p> <p>2. Volda kommune skal overta fylgjande hovudanlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bustadgate med gatelys og hovudleidningar skal overtakast og vil verte drifta av Volda kommune når anlegget er fullført i samsvar med Volda kommune sin VA-norm og standardkrav for tekniske anlegg og utbyggingsavtalen for Heltnevollen. • Friområde og regulert opparbeidd tursti i feltet. <p>3. Utarbeidd teknisk byggeplan med materialskilddring og krav til utføring utarbeidd av Tomteservice AS er godkjent med dei justeringar som framgår under saksopplysningar.</p> <p>4. I utbyggingstida skal utbyggar stille påkravsgaranti på 10% av kontraktssum for dei anlegg som Volda kommune skal overta til drift og vedlikehald. Garantien vert redusert til 3% i reklamasjonstida sitt første år, 2% for det andre året og 1 prosent det tredje året.</p>	<p>Utbyggingsavtale og sak om justeringsrett for MVA er politisk behandla</p> <p>Teknisk + økonomiavd. må ha sluttforhandling med utbyggar Tomteservice AS om justeringsrett for mva. (prosentfordeling utbyggar/kommune) jf. politisk sak om justeringsrett for MVA.</p> <p>Teknisk sjef har mekka mellom partane, og Rasmusvegen, Vidjevegen og Heltnevollen er no avklart m.o.t overtaking. Kommunen har overteke dei tekniske anlegga med visse atterhald/ krav om utbetringar.</p> <p>Kommunen har pr. desember 2015 teke over Rasmusvegen, Heltnevollen og Vidjevegen</p>
KST 125/14	24.09.14	<p>Konkurransetsetjing, EPC-kontrakt</p> <p>1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting).</p> <p>2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering.</p> <p>3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.</p>	<p>Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Tiltakspakke er planlagt lagt fram for kommunestyret 31.03.2016.</p>

KST 46/08	24.4.08	Tomt øvre Rotset: Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnyttingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areal må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist.	Reguleringsplan for området godkjent i 2014. Konkurransgrunnlag for opparbeiding av 1. byggesteg og engasjering av konsulent kan gjennomførast i løpet av . halvår 2016. Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området når tilbod på opparbeiding av feltet har vore ute på tilbod. .
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 39 <i>Volda kommune kjøper ikkje ny veghøvel. Men jobbar med og få til ein avtale med Ørsta kommune om leige .Kan ikkje sjå behovet for at Volda og Ørsta kommune skal ha 2 av desse maskinene. Om det ikkje lykkast og komme til ein avtale kan det vurderast på eit seinere budsjett.</i>	Teknisk sektor i Volda vil ta kontakt med teknisk sektor i Ørsta om deira sitt syn på dette, ein ser at sambruk ikkje vil være mogleg då Ørsta og Volda vil ha samtidig bruk av denne. Leigeavtale vi har i år med entreprenør kostar om lag Kr 250.000. Då er ikkje driftskostnadane teke med. Kapitalkostnad ved kjøp vil være vesentlig rimligare en dagens løysing.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 42 Botnavegen – budsjett 2016 kr 3.500.000	Tilleggsfinansiering innarbeidd i budsjett 2016/ rev. Økonomiplan Teknisk sektor utarbeidar spesifikasjonar for anbudsutlysing tekniske planar , deretter orienteringsmøte om det og oppstart tingingar sikre grunn og anbudsutlysing
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 44 Forprosjekt - Kommunestyret vil arbeide vidare med å realisere Torvmyrvegen i samarbeid med Ørsta kommune og set av kr. 250.000 til føremålet. Finansiering ved ubudne investeringsfond	Det er forventa at Ørsta kommune tek initiativ til oppstart av reguleringsplan, og at regulering og vidare avklaring av prosjektet vert eit samarbeidstiltak mellom Volda og Ørsta kommune. Det må takast kontakt med fylkesmannen og Statens Vegvesen i tidleg fase i prosessen.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 47 <i>Kommunestyret ber om at det i planperioden vert prioritert løyvt ytterlegare midlar til sentrumsutvikling sett i høve til posten for fast vegdekke.</i>	Dette vert å vurdere i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.
Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Personal- og organisasjon
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 31 <i>Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommuna.</i>	Denne saka jobbar vi med og det er utsikt til at vi skal få til auke i talet på lærlingestillingar, avhengig av økonomisk situasjon.

KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 32 <i>Volda kommune ønsker fleire lærlingplassar i Volda kommune, då dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak om lærlingplassar til kommunestyret i forkant av revidert budsjett</i>	Denne saka jobbar vi med og det er utsikt til at vi skal få til auke i talet på lærlingestillingar, avhengig av økonomisk situasjon.
Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Eigedomsavdelinga (:teknisk sektor)
(KST 56/07 / KST 08/108) Desse sakene er erstatta av K-sak 42/12 og budsjett/økonomiplan for 2013 – 2016.	31.05.07	Trong for omsorgsbustader i Volda kommune - Totalrenovering av Mork bustader - Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad - Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad	Mork bustad - Skyllerom er ferdig Folkestad bustader - Ferdigstilling i desse dagar av garderober, skyllerom osv. Krav til arbeidstilsynet er stetta. Dette er gjennomført. Bygging av omsorgsbustader vert å handsame i økonomiplanen. Helse- og omsorgssjefen er bedt om å utgreie sak om strategi for utbygging av omsorgsbustader med heilskapleg vurdering av drift og lokalisering sett i høve til Stortingsmelding nr 29 2013: "Morgendagens omsorg" og omsorgsplan for Volda kommune.
KST 11/13	31.01.13	Mork skule, gamlebygget Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskulen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden.	Ikkje iverksett. Frist for å legge fram ein samla byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018. Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget har blitt vøla utvendig og der er gjort tiltak innvendig for å betre forhold til lærarar (inventar) vidare arbeid med lærararbeidsplassar blir arbeidd med
KST 163/13	28.11.13	Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehagar og skoler m.v" gir Volda Kommunestyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som	Ikkje iverksett. Frist for å legge fram ein samla byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga

		no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggtknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	vil gå for ein EPC kontrakt (energisparkontrakt) i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her.
KST 164/13	28.11.13	Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule 3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Pkt. 3 ikkje iverksett. Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamheng.
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie konkurransetsetting av reinhaldet i kommunen.	Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutine, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa innanfor reinhald. Spørsmålet om konkurranseutsetjinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort. Innkjøpsprosessen med reinhaldsartiklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap. Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette. Det er lagt fram orientering for driftsstyret der ein viser lønsemd i reinhaldet. Reinhold viser også til ein svært viktig funksjon som lærebedrift der vi kvalifiserar personar ut i arbeid. Dette gjennom nært samarbeid med Volda læringssenter og Furene
FSK 208/14	18.11.14	Leigekontrakter Høgskulen i Volda Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der	Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggtkniske høve blir tatt omsyn til. EPC prosjektet er involvert så vidare framdrift blir etter kommunestyrevedtak på det prosjektet.

KST 38/15	30.4.15	<p>leigeareala har tilfredsstillande standard.</p> <p>Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg</p> <p>1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å støtte deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.</p> <p>2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å støtte forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.</p> <p>3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Volda kommune med 2 frå administrasjonen - Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr. - Volda idrettsråd med 1 representant - Volda handball med 1 representant - KFUM Volleyball med 1 representant <p>Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.</p> <p>4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:</p> <p>a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.</p> <p>b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.</p> <p>c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.</p> <p>d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.</p> <p>e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.</p> <p>f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for</p>	<p>Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt.</p> <p>Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsøvings-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15)</p> <p>Kommunestyret har også sett ned ei nemnd til å vurdere mogleg samarbeid mellom kommunen og Høgskulen i samband med Campus-utvikling, og der ein også ser ev utbygging av idrettshallen i samanheng med denne prosessen. Arbeidsgruppa for idrettshallen har derfor fått utsett frist til å levere sin rapport.</p>
-----------	---------	--	---

		<p>gjennomføring.</p> <p>5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.</p> <p>6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsovingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.</p> <p>7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.</p> <p>8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsovingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.</p> <p>9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.</p>	
Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Helse og omsorg
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurransesette.	<p>Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentleg utlysning, vart konkurransesettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primæroppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Administrasjonen vil be kommunestyret vurdere slik løyving i budsjettet for 2016 dersom kommunestyret ynskjer dette gjennomført. Kommunestyret har ikkje prioritert ressursar til å utgreie dette, og punktet vil utgå av vedtaksloggen ved neste rapportering.</p>
KST 134/13	3.10.13	<p>Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad".</p> <p>Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei</p>	<p>Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god</p>

		<p>engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga.</p> <p>Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal</p> <p>Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta.</p>	<p>rotasjon i bustadene.</p> <p>Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016.</p> <p>Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden.</p> <p>Søker om vidareføring av prosjektmidlar i 100 % stilling tom 31.07.2016. Det er oppretta 60 % fast stilling frå 2. halvår 2016 jfr. vedtak KST 152/15 Årsbudsjett 2016.</p>
KST 188/13	19.12.13	<p>Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune</p> <p>1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen ønskjer å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv.</p> <p>2. Planlegging og etablering skjer innfor gjevne rammer.</p> <p>3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa.</p> <p>4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene.</p>	<p>Prosjektgruppe er oppretta. Planlegging er gjennomført og ressursteam er på plass. Det er frigitt ressursar frå heimetenestene, som er sett inn i turnus til brukargruppa frå 01.09.2014. Oppstart med brukarar kjem igong i september. Prosjektet er forankra i heimetenesta og avdeling forebygging, rehabilitering og legeteneste. Informasjonsfoldar vert distribuert ut i september. Prosjektleiing er lagt til leiar forebygging, rehabilitering og legetenester.</p> <p>Tiltaket er i planlagt innanfor eksisterande ramme.</p> <p>Det var søkt om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet, og det vart avslag på søknaden.</p> <p>Tenestetilbodet er i drift med brukarar frå 5. november 2014</p> <p>Orientering om tenestetilbodet vart gitt i Driftsstyret og Kommunestyret april 2015.</p> <p>Vi nyttar evalueringsverky for å kunne seie noko om effekt.</p> <p>Evalueringsrapport vert for perioden fram til 31.12.2015. Helse- og omsorgssjefen syt for å utarbeide rapport som vert å leggje fram som ein rapport for driftsstyret og kommunestyret.</p>
DRIFT RS 1/14	20.08.14	<p>Behov for styrking av fysioterapitenesta: Ber om sak - utviding av driftsavtalar. Viser til sak 73/12 i driftsstyret.</p>	<p>Vedtak om utviding av driftsheimlar jfr. KST 152/15 Årsbudsjett 2016, sjå punkt lenger nede. Vedtaket er oppfølgt og vil gå ut av vedtaksloggen ved neste rapportering.</p>
KST 65/15	9.6.15	<p>Budsjettkorrigerig og stillingar</p>	<p>13. Ressursen er sett inn i turnus</p>

		<p>13. Kommunestyret er uroa over høgt forbruk av tilfeldig innleige og overtid i omsorgstenestene, og meiner dette er uheldig med omsyn til arbeidsmiljøet for dei tilsette, og kvalitet på tenestene overfor brukarane. Overtid er i tillegg ei svært kostbar løysing som bør nyttast berre som unntak. Administrasjonen vert beden om å omdisponere delar av forbruket på variable lønnspostar og i staden auke grunnbemanninga ved å tilby delar av dette som stillingsressurs. Dette må gjerne organiserast som tidsavgrensa prosjekt der ein kan måle effekt av tiltaket. Styrking av grunnbemanning utover dette skal vurderast i samband med årleg handsaming av budsjett og økonomiplan.</p> <p>Det vert løyvt kr. 300.000 til styrking av grunnbemanning i pleie og omsorg.</p> <p>14. Barnebustad, oppretting av teneste (PS 52/15). Til saman ei styrking på kr. 1.025.000,-.</p>	<p>14. Ressursen er sett inn i turnus og tilsettingsprosess er igong og skal handsamast i tilsetjingsutvalet.</p>
KST 97/15	01.10.15	<p>Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat</p> <p><i>1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av.</i></p> <p><i>2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg.</i></p> <p><i>3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <input type="checkbox"/> Momskompensasjon kr. 160.000 <input type="checkbox"/> Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000 <p><i>4. Volda kommunestyre er kjend med at</i></p> <p><i>a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av stillinga som turnuslege i eksisterande driftsform ved legesenteret.</i></p> <p><i>b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er</i></p>	<p>Planlegging av ombygging er igong, og eigedomsavdeliga er godt igong med deltaljplanlegging.</p> <p>Ombygging er planlagt slik at det er klar for turnuslege å ta til i stilling 01.03.2016.</p>

		<p>sprengd. Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.</p> <p>5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekkja sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivaretakast på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.</p>	
KST PS 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 31 Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.</p>	<p>Arbeidsmiljøprosess er igong og vil pgå 1. halvår 2016. Rådmannen er oppdragsgjevar for prosessen og har leigd inn bedriftshelsetenesta Stamina til å undersøkje korleis dei tilsette opplever arbeidsmiljøet i helse- og omsorgssektoren. Dette vert gjennomført avdeling for avdeling fram mot sommaren dette året. Prosessen vil gi ei oversikt over kva som er bra og kva som ev må betrast med forslag til tiltak.</p> <p>Det er og vert søkt midlar gjennom NAV arbeidslivssenter.</p> <p>Kommunestyret har vidare auka ramma til helse- og omsorgssektoren vesentleg i 2016. Det er forventning til at dette også skal ha positiv effekt på arbeidsmiljet, m.a med styrka grunnbemanning, og at dette skal gi større stabilitet både for tilsette og brukarane.</p>
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 35 Kommunestyret ber administrasjonen vurdere om bustadkoordinatorstillinga kan aukast til 80 % innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.</p>	<p>Vurdering vil bli gjort.</p>
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 41 Driftsavtale ved Aarflot fysioterapitenesta vert utvida frå 150% til 300% ved ei gradvis opptrapping (med 50% pr år) over 3 år frå og med 01.07.16. Kostnaden kr 198 000 i 2016 vert dekt ved at styrking av kommunalt fysioterapitilbod vert teke ut. Heilsårverknad av tiltaket vert dekt innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren frå og med 2017. Ei ytterligere utviding av fysioterapitilbodet skal skje ved oppretting av kommunale stillingar.</p>	

Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Sektor for Kultur og service
KST 165/12	20.12.12	Kinodrift: Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014.	Kinosjefen går av med pensjon, og servicesjefen utgreier sak om vidare drift. Det vil vere aktuelt å vurdere alternative modellar. Ev flytting kinoen til nybygg ved Høgskulen har også aktualisert seg. Spørsmål om ev felles drift med Ørsta kommune bør avventast til det er avklart kva samarbeid som kan verte aktuelt med Høgskulen.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 – pkt. 33 - kinodrift <i>Volda kommunestyre ber rådmannen leggje fram ei sak der det kan gjerast vedtak om korleis drift ved Volda Filmteater kan sikrast vidare.</i>	
KST	18.12.14	"Kommunestyret set av 30.000 kroner i stimuleringstilskot til frivillige lag og organisasjonar som kan vise til gode resultat i arbeidet med integrasjon av flyktningar. Kommunestyret kjem tilbake til finansiering av tiltaket i samband med sak om revidert budsjett i 2015"	Midlane blei lyst ut, men ingen søknader kom inn innan fristen 20. september 2015. Det er ikkje sett av midlar til tiltaket i 2016, og punktet vert stroke frå vedtaksloggen ved neste rapportering.
FSK - OS 81/15	23.6.15	Målbruksplan Formannskapet ber administrasjonen om å vurdere å utarbeide ein målbruksplan for Volda kommune.	Målbruksplan er under utarbeiding, blir lagt fram for handsaming i løpet av hausten Målbruksplan blei handsama i formannskap og kommunestyre i januar 2016
KST 55/15	19.5.15	Privatordninga ved Interkommunalt arkiv for M&R Volda kommune er positive til å slutte seg til ordninga med deponering av privatarkiv ved Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal, men vil ta endeleg stilling til spørsmålet i tilknytning til handsaming av budsjett for 2016.	Det blei ikkje bevilga pengar til dette ved budsjetthandsaminga i desember 2015
FUNK 18.5.15	18.5.15	Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemmer. Dette for å få ei større bredde.	Administrasjon avventer forslag på kandidatar frå organisasjonane.
KST 113/15 og PS 134/15	29.10.15	Val av rådet for funksjonshemma Val av råd for funksjonshemma vert utsett	
PS 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 30 <i>Kommunestyret ber om at kulturprisen blir gjenoppretta.</i>	Adm. har starta arbeidet med å lage ei sak på dette.

KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 43 <i>Kommunestyret bed administrasjonen legge fram ei sak om nye lokale for ungdomsklubben</i>	Det er nyleg vore lagt fram sak om dette der kommunestyret konkluderte med å lokalisere ungdomsklubben inntil vidare til samfunnshuset. Det er ikkje avsett midlar til auka husleige for ungdomsklubben, og administrasjonen finn det utfordrande å finne alternative lokale innanfor dagens ramme. Ideelt sett bør spørsmålet om lokale til ungdomsklubben sjåast i samanheng med EPC-prosjektet og om samfunnshuset kan gi betre fasilitetar til ungdomsklubben etter ei slik rehabilitering og ev dersom kinoen flyttar til Høgskulen. Administrasjonen ynskjer signal frå kommunestyret om dette er akult, eller om kommunestyret vil ha ei eiga sak på dette no sjølv om det ikkje er avsett midlar til nye lokale i 2016.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 Pkt. 46 <i>Kommunestyret ber administrasjonen sørge for at det viktige arbeidet biblioteket gjer for både nye og gamle Voldingar blir styrka når ein skal disponere dei ekstra statlege overføringane for auka tal på flyktningar/asylsøkarar</i>	Dette vert å vurder i samband med politisk sak om prioritering av tiltak dekt av integreringsmidlane.
Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/Rådmannen
KST 5/13	31.01.13	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 Prisoversikt for kostnad på grunninnløyising og skjønnsrett for skulebakken på Lauvstad.	For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløyising og skjøn må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøn kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osv. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast.
Forv 36/15	12.5.15	Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak.	Teknisk sektor har nett tilsett to nye ingeniørar som skal ta fatt på arbeidet med tekniske løysingar for dette og andre i budsjettet prioriterte prosjekt, og prosessen med å førebu grunnverv er starta opp.
KST 152/15	17.12.15	Årsbudsjett 2016 - pkt. 28 <i>Skulebakken opprusting, flytting av investering frå 2019 til 2016/17</i>	
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsaka pkt 25: Samarbeid med andre kommunar: Volda kommune ønskjer å utvikle samarbeid med Ørsta i 2013 og i Økonomiplan- perioden. Kommunen inviterer	Viktig å få landa dei prosjekta det alt er semje med Ørsta om å få utgreidd. Brev sendt Ørsta Næringskontor og Volda Næringsforum,

		<p>difor Ørsta til drøfting om følgjande saksområde:</p> <p>a. Næring: I løpet av 2013 skal ein utgreie eit mogleg samarbeid med Ørsta med tanke på samanslåing av næringskontora i begge kommunar. Til dette høyrer også felles satsing på reiseliv.</p> <p>b. Tekniske tenester: Rådmann skal invitere Ørsta kommune til eit utvida samarbeid, og legge fram sak der samarbeid er naturleg.</p> <p>c. Stabsfunksjonar: Rådmann vert beden om å utgreie eit mogleg samarbeid med Ørsta kommune innan økonomitenester og lønn.</p>	<p>vedk. punkt a. Det er ikkje motteke svar.</p> <p>-kontakt med Ørsta om pkt b) under løpande vurdering</p> <p>punkt c) er i gang: Volda kommunestyre har i K-sak 112/14 den 28.08.14 vedteke at dette vert å sjå i samanheng med gjennomføring av eventuell kommunesamanslåing.</p>
KST 107/12	30.08.12	<p>Godkjenning av avtalar om innløysing av næringsareal m.m. på Rotset</p> <p>” Pkt 2: Kommunen vil parallelt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.”</p>	<p>Det vart halde nytt tingingsmøte med eigar av gnr. 30 bnr. 4 den 2. mars 2015, deretter brevveksling og varsel 13.5.15 om at det vert førebudd oreigningssak. Grunneigar har svara på dette varselet, og administrasjonen vil med det første legg fram forslag om oreigning av arealet.</p>
KST 123/15	26.12.15	<p>Næringsareal på Rotset – Gjennomføring av reguleringsplan – Oreigning</p> <p><i>1. Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for ”Øvre Rotset næringsområde”, vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14. Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.</i></p> <p><i>2. Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.</i></p> <p><i>3. Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.</i></p> <p><i>4. Volda kommune krev skjøn.</i></p>	<p>Det er klaga på oreigningsvedtaket, klaga er stila til Fylkesmannen. men skal først handsamast i kommunestyret . Vil verte fremja med det første.</p>
KST 52/13	02.05.13	<p>Strategi for busetjing på bygdene</p> <p>Pkt 2: Rådmannen vert beden om å ta opp med Ørsta kommune eit evt. felles grendautviklingsprosjekt som</p>	<p>Rådmannen har sendt brev til Ørsta kommune med førespurnad om samarbeid. Rådmannen har følgd opp med purring våren 2014, men har ikkje fått svar frå Ørsta kommune. Ettersom svar uteblir så kan dette</p>

		nemnda skisserer.	kanskje tolkast som at Ørsta kommune ikkje er interessert i eit slikt samarbeidsprosjekt.
KST 12/15	26.02.15	<p>Forvaltningsrevisjonsprosjekt - innkjøp - Volda kommune</p> <p>1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet innkjøp Volda kommune.</p> <p>2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast.</p> <p>a. Rammeavtalane er for lite klar mht å definere kven i kommunen som er bundne av dei. Så lenge det ikkje står avgrensingar i avtalen, må avtalen gjelde heile kommuneorganisasjonen. Det bør gå klart fram av avtalane om den gjeld heile kommuneorganisasjonen, eller er avgrensa til delar av kommunen.</p> <p>b. Kommunen bør vurdere å følgje rutinar og bruke maldokument utarbeida av SSIS. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk.</p> <p>c. Det bør etablerast rutine for årleg rapportering frå avdelingane til rådmannen om at regelverket vedk. offentlege anskaffelsar er fylgt.</p> <p>d. Det må etablerast rutinar som gjer at kommunen følgjer vedtak om fairtrade innkjøp av kaffi og te til alle kommunale møter.</p> <p>3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 20.08.2015.</p> <p>Oversending til administrasjonen: Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei eiga sak om korleis oppfølginga av Fairtradekommunestatusen til Volda kan betrast, inkludert korleis samarbeidet med næringslivet kan styrkast.</p>	<p>Administrasjonen har auka fokus på oppfølging av det offentlege innkjøpsregelverket.</p> <p>Innkjøpsregelverket er komplisert og det bind opp forholdsmessig store ressursar både i form av kostnader og arbeidsinnsats. Dette går seg utover kapasiteten til prosjektleiarar, sakshandsamarar og fagleiarar og på bekostning av framdrift på deira primærområde. Det er også risiko for å gjere feil. Fleire kommunar har rekruttert spesialisert innkjøpskompetanse. Volda kommunestyre har vedteke at Volda kommune knyter til seg konsulentteneste gjennom rammeavtale for innkjøpsbistand. Det har til no ikkje vore kapasitet til å gjennomføre konkurranse blant tilbydarar som kan levere konsulentteneste gjennom rammeavtale. Ørsta og Ulstein har etter nyttår meldt attende at dei ynskjer samarbeid om ei slik rammeavtale.</p> <p>Spørsmål om fairtrade er sendt over til Volda næringsforum for handsaming.</p>
FSK 35/15 (orienteringssak)	03.03.15.	<p>Fusjonsplan destinasjonsselskap Visit Sunnmøre & Nordfjord: Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum.</p>	<p>Kommunestyret gjorde slikt vedtak i budsjettsaka 17.12.15: <i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og</i></p>

			<p><i>strategi.</i>”</p> <p>Administrasjonen har bede Volda Næringsforum ei avklaring på korleis næringsforumet prioriterer, og om dei står fast på at kommunen ikkje skal melde seg inn att i DÅS.</p> <p>For ordens skuld vert gjort merksam på at kommunen ut frå gjeldande vedtak frå årskiftet vil vere utmeld av DÅS.</p>
KST 48/15	28.5.15	<p>Årsmelding 2014:</p> <p>Det vert vist til Delegeringsreglementet der de m.a. heiter: ”Rådmannen kan opprette og nedlegge stillingar innanfor kommunestyret si fastsette personalramme (årsverkramme)”.</p> <p>Rådmannen blir beden om å utarbeide ei oversikt over vedtekne/fastsette (årsverkrammer) for kvar sektor pr 31/12.2014.</p> <p>Den oversikta vert å leggje fram for vedtak og godkjenning av kommunestyret – innan handsaminga av budsjettet for 2016.</p>	<p>Arbeidspresset er stort med vakanse i persjonalsjefstillinga. Det vert arbeid med saka so langt det er kapasitet, og det vart utarbeidd ei slik oversikt i samband med budsjettet for 2016 så langt ein greidde dette innanfor avgrensa kapasitet. Målet er å auke kvaliteten på dette enda betre i samband med budsjettet for 2017.</p>
FSK 93/15	9.6.15	<p>Kjøp av friluftsområde – Andaneset</p> <p>1. Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedeplanen avsette friområdet på Andaneset.</p> <p>2. Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.</p>	<p>Grunneigar er orientert om at det er sendt inn søknad til Miljødirektoratet om midlar til innløsing, og at der vert teke kontakt med han seinare.</p>
FSK 95/15	9.6.15	<p>Fusjon DÅS og destinasjon Geiranger – Trollstigen AS</p> <p>Volda kommune vil i eiga sak ta opp medlemskapen i destinasjonsselskapet til ny vurdering.</p>	<p>Sjå fsk-sak 35/15 ovanfor.</p>
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett – pkt. 21. - DÅS</p> <p><i>Volda kommune ynskjer, i samarbeid med næringslivet, å prioritere å utvikle Volda som destinasjon og løyver midlar til eit slikt prosjekt tilsvarande kontigenten til DÅS. Som del av dette prosjektet skal eventuell framhalden medlemskap i DÅS vurderast som alternativt verkemiddel og strategi.</i></p>	

KST 84/15	27.8.2015	Voldsfjordkryssing - bruselskap 1. Volda kommunestyre ber formannskapet om å førebu etablering av selskapet "Voldsfjordkryssing", herunder utarbeide vedtekter, invitere aktuelle aksjonærer, gjere framlegg om aksjekapital, og gjere framlegg om styremedlemmer. 2. Kommunestyret vil gjere endeleg vedtak om etablering i samband med vedtak om løyving av naudsynt aksjekapital.	Kommunestyret vedtok 28. januar å stifte selskapet og punktet utgår frå vedtaksloggen ved neste rapportering og vedtaket om etablering vert ført inn på loggen.
KST 153/15	17.12.2015	<i>Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.</i> <i>Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen.</i>	
KST 126/15	26.11.15	Kommunereform: 1.Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert. 2.Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Dan Helge Bjørneset og rådmann. 3.Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.	Forhandlingar i gang, halde fellesmøte i kommunestyra 20.-21.16, planlagt folkerøysing 19. mai -16.
KST 114/15 KST 154/15	29.10.15 17.12.15	Spørsmål knytt til ordførar 1.Arbeidsgruppa held fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid. Godtgjersla skal tilsvare 50 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr. år. Godtgjersla er medrekna møtehonorar. Ordførar vert ikkje innmeldt i pensjonsordninga. 2.Godtgjersle for varaordførar skal samla sett vere 30% av årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.	Punktet er oppfølgt og utgår av vedtaksloggen ved neste rapportering.

		<p>3. Denne ordninga (pkt. 1-2) gjeld for perioden så lenge Jørgen Amdam er ordførar.</p> <p>4. Når det gjeld godtgjerslereglementet er politikargodtgjersla framleis rekna ut frå årleg godtgjersle til ein stortingsrepresentant.</p> <p>5. Innsparinga tilsvarande 30 % av full ordførargodtgjersle, skal setjast av til disposisjon for formannskapet i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan i kommunestyret.</p>	
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 22 - Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det er skissert behov for i 2017 – 2019.</p>	Sak om dette vart lagt fram for kommunestyret 28. januar. Kommunestyret vedtok å gi formannskapet fullmakt til å vedta korleis dette arbeidet skal organiserast.
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 45. Nettoeffekt som følge av endring av godtgjersle for ordførar og varaordførar (jfr K-sak 154/ 15) på kr. 455 000,- vert avsett til disposisjon for formannskapet.</p>	Dette er gjort.
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 31 Driftstyret ber kommunestyret løyve kr. 20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. Driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.</p>	Vert å vurdere for 2017
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørende tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.</p>	Vert å vurdere for 2017

KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 34 <i>a) Innføring av eidegdomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8.2013, sak PS 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eidegdomsskatt slik at eidegdomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."</i> <i>Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak.</i></p> <p><i>b) Volda kommunestyre ser det slik at innkome frå eidegdomsskatt bør nyttast til investeringstiltak som kommunen ellers ikkje hadde funne plass til, om ein ikkje hadde denne skatten.</i></p>	<p>Dette vert å sjå i samanheng med prosess for gjennomgang av drifta, samt i samband med rullering av økonomiplanen.</p>
Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Opplæring og oppvekst
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 29 <i>Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.</i></p>	<p>Planlegg å utarbeide eit notat til kommunestyret der det kjem fram om og korleis oppgåvene knytt til valdskoordinatorfunksjonen blir handtert i dag. Kommunestyret har ikkje løyvd midlar til ein valdskoordinator, så oppvekstsjefen ser det vanskeleg å gjenopprette funksjonen før så skjer.</p>
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt. 36 <i>Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i Kulturskulen, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.</i></p>	<p>Det vert lagt opp til å legge fram ei sak om dette i mai 2016 for at kommunestyret kan ta stilling i saka før oppstart av nytt skuleår.</p>
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt 37 <i>Administrasjonen skal utgreie konsekvensane av innføring av inntektsavhengig betaling i skulefritidsordninga, etter mønster av foreldrebetalinga i barnehagane.</i></p>	<p>Det vert lagt opp til å legge fram ei sak om dette i mai 2016 for at kommunestyret kan ta stilling i saka før oppstart av nytt skuleår.</p>
KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt 38 <i>Administrasjonen skal innan 1.6.2016 legge fram ei sak med framlegg til tiltak for å betre resultatata i basisfaga, norsk, matematikk og engelsk på ungdomsskuletrinnet</i></p>	<p>Dette punktet vil bli handsama i samband med tilstandsrapporten for grunnskulen som vert lagt fram for kommunestyret seinast i juni 2016.</p>

KST 152/15	17.12.15	<p>Årsbudsjett 2016 Pkt 40 Kommunestyret ber rådmannen sjå på styrking av lærartettleik i 1-4 kl. Dette er det auka løyvingar til frå Stortinget i 2016. Dette med tanke på tidleg innsats i skulen.</p>	Vert lagt fram sak om dette til driftsstyret og kommunestyret i februar 2016
KST 110/15	29.10.15	<p>Forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialundervisning – grunnskulen i Volda</p> <p>2.Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast:</p> <p>a.Kommunen skal sørge for å implementere ny mal for individuell opplæringsplan og årsrapport ved alle skulane frå skuleåret 2015/2016.</p> <p>b.Kommunen skal sørge for at framtidige IOP-ar inneheld både opphavleg utarbeidsdato og evt. re-vurderingsdato, og at desse vert utarbeida så snart som muleg etter at vedtak er fatta.</p> <p>c.Kommunen skal utarbeid rutinar som sikrar at det vert fatta vedtak i alle saker, også der PPT ikkje tilrår spesialundervisning.</p> <p>4.Ut frå kunnskapen om kor viktig det er med tidleg innsats, ber kommunestyret administrasjonen arbeide for tidleg innsats og vurdere prioritering av dette i budsjettsamheng.</p> <p>5.Kommunestyret ber om at ein i samband med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for komande valperiode sterkt vurderer å følgje opp rapporten med ein ny forvaltningsrapport der ein ser på samspelet mellom skulen og pp-tenesta.</p> <p>6.Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 01.08.2016.</p>	



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2016/29
		Arkivkode:	034

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/16	Formannskapet	19.01.2016
11/16	Kommunestyret	28.01.2016
25/16	Formannskapet	09.02.2016

OPPFØLGING VEDTAK PUNKT 22 I BUDSJETT 2016 - ORGANISERING AV PROSESSAR FOR FRIGJERING AV RESSURSAR

Handsaming:

Erlend Krumsvik, KRF, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen om å starte opp arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 så raskt som råd.

- a) *Rådmannen skal identifisere strategiar og tiltak som frigjer ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande økonomiplan. Utgreiingsarbeidet ligg til administrasjonen.*
- b) *Det står sentralt å realisere kortsiktige tiltak og langsiktige strategiar for å nå dei mål, strategiar og handlingsprogram som er vedtatt i kommuneplanen.*
- c) *Utfallet av kommunereforma skal prege arbeidet når kommunale vedtak er klare.*
- d) *Ingen strategiar, tiltak eller etablerte arbeidsmåtar er skjerma for utgreiing.*
- e) *Rådmannen skal ha ein kontinuerlig dialog med Driftsstyret fram til og med august 2016, for å orientere og drøfte ulike tiltak og strategiar som er formålstenleg for arbeidet.*
 - a. *Det skal førast møtebok frå dialogmøta med Driftsstyret.*
 - b. *Medlemmane i Driftsstyret kan få tilbod om særleg opplæring i samband med dette arbeidet.*
- f) *Frå august 2016 blir den politiske forankringa overført til Formannskapet, som vidarefører arbeidet også i lys av utfallet i kommunereforma.*
- g) *Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.*

Kommunestyret ber om å få referatsaker frå framdrifta i arbeidet, og elles orientert som ved ein normal budsjettprosess.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg som blir å rekne som eit utsettingsframlegg:

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå KrF og debatten

Odd A. Folkestad, Jenny Venås og Margrete Trovåg fekk permisjon og gjekk. Det var 24 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå KrF og debatten

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka og var samde om at oppnemning av politiske medlemmer i arbeidsgruppene, vert sendt vidare til handsaming i valnemnda.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, men unntak frå oppnemning av medlemmer i arbeidsgruppene, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eigdomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eigedomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Samandrag av saka:

Med bakgrunn i vedteken økonomiplan og kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så må Volda kommune ut frå dei overslag som ligg i økonomiplanen redusere budsjettet med 57 mill i 2019. I 2017 skisserer økonomiplanen at budsjettet må reduserast med 11 mill.

Rådmannen kjem med framlegg til prosess bygt på partnerskap for å utgreie løysing på dette utfordringsbildet.

Samtidig som det vert invitert til prosessar for å identifisere strategiar og tiltak for å redusere drifta, skal prosessen også koplust mot langsiktige og heilskapelege strategiar kopla til kommuneplanen.

Saksopplysningar:

I samband med budsjetthandsaminga i K-sak 152/15 vedtok kommunestyret følgjande:
"Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det skissert behov for i 2017 - 19."

I budsjettdokumentet er behovet skissert med kr 11 mill i 2017, 19,8 mill i 2018 og 25,4 mill i 2019. Desse tiltaka er ikkje konkretisert, og intensjonen med å be om ei sak om organisering av prosessar var å finne løysingar på korleis dette skal realiserast, og at dette skal vere eit grunnlag for komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

I tillegg har kommunestyret som intensjon å avvikle eigedomsskatten i 2019, jfr K-sak 112/13 og sist i ovannemnde sak i punkt 34 a i vedtaket:

"Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8 2013, sak ps 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."

Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føreset i nemnde vedtak."

I økonomiplanen for 2015 - 18 la kommunestyret til grunn eidegdomsskatt på 4 promille. I budsjettet for 2016 er eidegdomsskatten likevel vidareført med 2 promille ved balansering med bruk av fond og inntektsføring av premieavvik pensjon. Også i gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn auke til 4 promille eidegdomsskatt i perioden 2017 - 2019. I 2016 er eidegdomsskatten inntektsført med 16 mill. Ved 4 promille (kvart av åra i perioden 2017 - 19) er eidegdomsskatten inntektsført med 32 mill.

Når ein tek omsyn til behovet for frigjering av ressursar i økonomiplanen, eidegdomsskatt på 4 promille i 2017 og 2018 saman med kommunestyret sin intensjon om å fjerne eidegdomsskatten i 2019, så vert behovet for frigjering av ressursar følgjande:

År	Økonomiplan	Fjerna eidegdomsskatt 2019	Sum frigjering
2017	11 000 000		11 000 000
2018	19 800 000		19 800 000
2019	25 400 000	32 000 000	57 400 000

Tabellen skal tolkast slik at det er 11 mill i 2017, ytterlegare 8,8 mill i 2018 og ytterlegare 37,6 mill i 2019.

Oversikta viser overslag over manglande dekning basert på dagens svært låge rentenivå. Volda kommune har pr tidspunkt 87 % av gjelda til flytande rente. Dersom renta stig med 1 prosentpoeng vil det utgjere brutto om lag kr 8 mill på drifta ut frå dagens gjeld.

Budsjett 2017 er nærast foreståande og det er nødvendig å utgreie konkrete strategiar og tiltak. For resten av åra i økonomiplanen må det også trekkjast opp retning for å frigjere så store ressursar. Det er viktig å kome i gang tidleg med budsjettarbeidet, og prosessen vert å sjå på som oppstart av dette for 2017. Kommunelova stiller krav til at tiltak i budsjettet skal konsekvensutgreiast, og skal kommunestyret kunne gjere drastiske omleggingar eller reduksjon i tenestetilbodet, så er ein avhengig av å få utgreidd dette allereie før formannskapet legg fram si innstilling.

I prosessen er det viktig med brei og aktiv involvering. Prosessen bør koplust til kommuneplanarbeidet for at det ein gjer på kort sikt vert sett i samanheng med overordna mål og strategiar. Samtidig er det viktig å tenkje heilskapleg. Den kortsiktige horisonten tvingar ein ofte inn i reine utgiftskutt og inntektsauke utan å ha skapt rom for grunnleggjande omleggingar som krev heilskapleg og langsiktig tenking. Det er nødvendig å sjå på strukturelle tiltak i organiseringa av tenestene der ein ser korleis ein kan frigjere ressursar samtidig behalde gode nok tenester.

Utfordringsbildet er formidabelt. Det er viktig at politikarane kjem tidleg på bane i definering av dette utfordringsbildet, og ta den politiske leiarskapen i involverande prosessar, som til slutt gir løysingar som både er gjennomførbare og berekraftige. Samtidig er det viktig å ha med seg brukarinteressene og dei tilsette.

Vurdering og konklusjon:

Når ein går i gang med ein slik prosess er det vesentleg at alle har felles situasjons- og utfordringsbilde. Rådmannen legg derfor opp til å tinge ei utvida KOSTRA-analyse for Volda kommune basert på sist avlagte rekneskap (2014) og som samtidig skodar til førebels KOSTRA-rapportering for 2015. Dette vert sett bort til konsulentfirma som også vil få oppdrag om å presentere og gi opplæring til dei som skal arbeide med prosessen for driftsreduksjon.

Rådmannen vil foreslå at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med 3 politikarar oppnemnt av kommunestyret, 1 frå administrasjonen og 1 tillitsvalt for kvart av desse områda:

- oppvekst (barnehage/skule/helsestasjon/læringscenter)
- helse og omsorg
- tekniske tenester (veg/vatn/avløp)
- eigedomsforvaltning
- arbeidsmiljø

Når det gjeld arbeidsmiljø vil rådmannen foreslå at oppdraget vert lagt til trepartssamarbeidet der ei gruppe allereie er etablert. Kommunen har store verdiar og kostnader knytt til eigedom, og strategiske vurderingar knytt til kva eigedomar skal kommunen ha og drive framover må også sjåast i samanheng med gruppene for oppvekst og helse-/omsorg når det gjeld tenestestruktur.

For at prosessen ikkje skal verte for omfattande foreslår rådmannen å avgrense det til dei ovannemnde temaene. Dette er dei tyngste tenesteområda. Samtidig vil KOSTRA-analysen dekkje heile den kommunale verksemda og vere eit godt verkty for budsjettprosessen.

Rådmannen vil foreslå følgjande felles mandat for alle gruppene:

a. Arbeidsgruppene arbeider etter dei prinsipp, strategiar og føringar som framgår av vedteke budsjett for 2016. Målsettinga er å identifisere strategiar og tiltak for å frigjere ressursar tilsvarande skissert behov i økonomiplanen. Arbeidsgruppene vert bedne om også å sjå på tidlegare utgreiingar og forslag om endringar i drifta.

b. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommuneplanen, samt kommunereforma.

Drifta skal søkjast tilpassa maksimalt normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.

c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.

d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).

e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.

e. Arbeidsgruppene kan oppnemne undergrupper for å utgreie særskilte problemstillingar.

f. Strategiar og tiltak som er relatert til 2017 skal vere realistiske og overordna vurdert i høve til konsekvensar.

Rådmannen foreslår følgjande prosess og framdriftsplan:

Aktivitet	Periode	Kommentar/avklaring
Arbeidsgruppene vert oppnemnt	Innan 10. februar	Kommunestyret oppnemner politiske representantar 28.01.16
Folkevaltopplæring i økonomi	Mars	Kommunestyret og arbeidsgruppene
Presentasjon av utvida KOSTRA-analyse	April	Kommunestyret og arbeidsgruppene
Arbeidsgruppene legg fram rapport som vert sydd saman til ein felles rapport for formannskapet	10. august (frist arb.gruppene)	Formannskapet går gjennom rapportane og gir føringar til politisk sak.
Rådmannen legg fram sak for kommunestyret (sak via formannskapet)	20. september	Bygt på resultata av prosessen i arbeidsgruppene, formannskapet sine føringar og ny kommuneplan. Dette vert bygt inn i ein første versjon handlingsprogram (forenkla) som vert eit grunnlag for utarbeiding av budsjett og økonomiplan.
Kunngjering og invitasjon til innspel frå innbyggjarar og organiserte brukarråd	September	Innspela vert tekne med i administrasjonen sitt vidare arbeid med utarbeiding av budsjett og økonomiplan.

Arbeidsgruppene legg sin eigen framdriftsplan for å følgje opp arbeidet fram til fristen for levering av skriftleg rapport. Administrasjonen stiller med sekretær/utgreiingsressurs til gruppene.

Rådmannen vil presisere at dette vert ein omfattande og krevjande prosess. Ambisjonsnivået vert derfor avgrensa til å identifisere strategiar og konkrete tiltak. Når kommunestyret ev har slutta seg til strategiane og tiltaka, så må det i samband med budsjettarbeidet og/eller eigne saker gjerast grundigare utgreiingar med høyringar og etterfølgjande politisk handsaming mv. Det vert stort press både på politikarane og administrasjonen å gjennomføre denne prosessen parallelt med arbeidet med kommunereform og revisjon av kommuneplanen. Alternativet kunne vore å kjøpe seg kapasitet ved å leige inn eit konsulentfirma som gjekk gjennom drifta og kom med forslag til strategiar og tiltak. Svakheita med det er at dei vil måtte sjå dette på avstand og mangle lokal kunnskap, og det vil i alle høve liggje mykje arbeid på både administrasjonen og politikarane å omsetje konsulentrapporten til gjennomførbare råd og vidare oppfølging.

Rune Sjugard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppnemnde medlemmer i arbeidsgruppene
Medlemmene i rådmannen sitt leiarteam
Alle hovudtillitsvalte

Hovudverneombodet
Ref arbeidsmiljøutvalet

M/F Folkestad 90 bilar/cars ☎ 916 81 150
10 Folkestad–Volda
 Overfartstid: ca 12 min Takstzone: 4

Frå Folkestad		Frå Volda		Frå Folkestad		Frå Volda	
Måndag – fredag		Laurdag		Søndag			
0515	0530						
0545	0600						
0615	0630	-	-	-	-		
0645	0700	0645	0700	0645	0700		
0715	0730	0715	0730	0715	0730		
0745	0800	0745	0800	0745	0800		
0815	0830	0815	0830	-	-		
0845	0900	0845	0900	0845	0900		
0915	0930	0915	0930	0915	0930		
0945	1000	0945	1000	0945	1000		
1015	1030	1015	1030	1015	1030		
1045	1100	1045	1100	1045	1100		
1115	1130	1115	1130	1115	1130		
1145	1200	1145	1200	1145	1200		
1215	1230	1215	1230	1215	1230		
1245	1315	1245	1315	1245	1315		
1330	-	1330	-	1330	-		
-	1400	-	1400	-	1400		
1415	1430	1415	1430	1415	1430		
1445	1500	1445	1500	1445	1500		
1515	1530	1515	1530	1515	1530		
1545	1600	1545	1600	1545	1600		
1615	1630	1615	1630	1615	1630		
1645	1700	1645	1700	1645	1700		
1715	1730	1715	1730	1715	1730		
1745	1800	1745	1800	1745	1800		
1815	1830	1815	1830	1815	1830		
1845	1900	1845	1900	1845	1900		
1915	1930	1915	1930	1915	1930		
2015	2040	2015	2030	1945	2000		
2115	2140	2115	2130	2015	2030		
2215	2240	2215	2230	2115	2130		
2315	2330	2315	2330	2215	2230		
-	-	2345	0000	2315	2330		

RUTEENDRINGAR:

Julaftan: Kvardagsruter med siste tur frå Folkestad kl. 1615 og frå Volda 1630.

1. og 2. juledag: Søndagsrute

Nyttårsaftan: Kvardagsruter med siste tur frå Folkestad kl. 1615 og frå Volda 1630.

1. nyttårsdag: Søndagsruter

Andre helge- og høgtidsdagar: Søndagsruter

PS 27/16 Orienteringssaker



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

NOTAT

Frå: Rådmannen

Sak: Interne prosessar - organisering, delegering og styringssystem - politisk organisering

Arkivsak nr. Løpenr. Arkivkode Avd / Sakshandsamar Dato
2012/536 1359/2016 031 ADM/ASBMOL 04.02.2016

NOTAT - POLITISK ORGANISERING - DRIFTSSTYRET

Bakgrunn for at saka no kjem opp:

I samband med folkevaltopplæringa i fjor haust drøfta ein mellom anna den politiske organiseringa i kommunen og i den samanheng m.a. **driftsstyret sitt område, omfang og oppgåver.**

Rådmannen oppfatta signal om at ein ynskjer ein nærare gjennomgang av dette området for å sjå om det er trong om ei endring.

Rådmannen legg difor med dette fram eit notat for formannskapet som grunnlag for ei nærare drøfting. I fall formannskapet ynskjer å gå vidare med saka, kan notatet leggest fram for driftsutvalet for vidare drøfting og attendemelding.

På bakgrunn av desse drøftingane kan så administrasjonen legge fram ei formell sak for politisk handsaming. Sak om revisjon av delegeringsfullmakter vil bli lagt fram som eiga sak ut frå resultatet av den politiske handsaminga.

Grunnlag:

Gjeldande politisk organisering vart vedteken av kommunestyret den 24.09.14, sak PS 126/14:

1. Kommunestyret vedtek følgjande formål og oppgåvedeling for dei politiske utvala:

Utval	Formål	Hovudoppgåver/saksområde
<i>Formannskapet</i>	<i>Strategisk utvikling</i>	<i>Samfunnsplanar Arealplanar Økonomisk planlegging og økonomisk styring Beredskap og ROS-analyse Næring Kjøp og sal av eigedomar Bygge- og anleggsprosjekt Infrastruktur og samferdsel Arbeidsgjevarstrategi</i>
Driftsstyret	Tenesteyting og tenesteutvikling	Sektorplanar/temaplanar Analyse av tenestene Driftsrapportar Prinsipielle saker om tenesteyting Forvaltning, drift og vedlikehald av eigedomar
<i>Forvaltningsstyret</i>	<i>Myndigheitsforvaltning</i>	<i>Enkelt saker innanfor landbruk, areal- disponering, dispensasjonar, byggjeløyve, matrikkel, brann, motorferdsel, bevillingar, lokalt vegmynde, forureining, vatn og avløp, hamn og farvatn Klagehandsaming i saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova.</i>



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

2. *Alle tre utvala har likeverdig innstillingsrett, bortsett frå at driftsstyret og forvaltningsstyret ikkje har slik innstillingsrett i budsjett- og økonomisaker.*
3. *Byggenemnda vert etter kommunelovgjevinga endra til eit reint politisk organ. Byggenemnda skal ha 5 medlemmer med varamedlemmer. Desse vert valt av kommunestyret og nemnda sorterer direkte under formannskapet. Byggenemnda styrer prosessane med planlegging og gjennomføring av byggjeprojekt og koplar inn brukarar, fagpersonar mv.*
4. *Delegeringsfullmakter tilpassa strukturendringane skal leggjast fram for kommunestyret for godskjenning.*
5. *Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang via underinstans til fylkesmannen som klageinstans ved klagesaker utløyst etter særlov. Volda kommune praktiserer forvaltningslova sin normale saksgang gjennom underinstans til fylkesmannen for saker som vert handsama etter særlov. Dette gjeld ikkje for saker etter plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova der klagen skal handsamast i forvaltningsstyret før klagen går vidare til fylkesmannen.*
6. *Klagenemnda i klientsaker ved lagt ned.*

Medlemene i driftsutvalet gav i førre periode uttrykk for at dei hadde ynskje om å gå nærmare inn på ulike tema og drøfte problemstillingar innanfor tenesteområda.

Oversikta over politiske saker i dei ulike utvala dei siste åra viser at det har vore ein samla auke politiske saker frå 2011 til 2015 på 133 saker. Kommunestyret, formannskapet og forvaltningsstyret har alle hatt vekst i saker, medan driftsstyret har hatt ein reduksjon i tal saker. (Endring av saker i perioden 2011 – 2015: kommunestyret + 106, formannskapet + 37, driftsstyret – 31 og forvaltningsstyret + 21)

I dette notatet er det difor spesielt driftsstyret sitt saksområde, omfang og oppgåver som vert teke opp til drøfting.

Ein kommune må finne ein balanse mellom effektiv struktur som sikrar eintydig styring retta mot effektiv forvaltning og strategisk utvikling og demokratisk deltaking.

Hovudoppgåver/saksområde

I ovannemnde vedtak (PS 126/14) forsøkte ein å ”rydde” i **formålet og Hovedoppgåver/ saksområdet for formannskapet, driftsstyret og forvaltningsstyret**. Dette medfører større fokus på **tenesteyting, tenesteutvikling og strategiutvikling** for driftsutvalet.

Oppgåver som Sektorplanar/temaplanar, Analyse av teneste (dekningsgrad, behov, ressursbruk og strategi), driftsrapportar, forvaltning og drift av eigedomar, er store og komplekse oppgåver som det er viktig at politikarane får høve til å setje seg godt inn i og sjå samanhengar. Ein bør difor legge til rette for at det politiske utvalet til dømes kan arbeide med tema eller problemstillingar innanfor eit område og leggje fram ei melding evt. sak til kommunestyret. Dette er såleis heilt i tråd med dei signala driftsutvalet i førre periode gav uttrykk for.

Ulempa ved ein slik modell er at ansvarsområdet for dagens driftsstyre truleg bli for stort, og det vert eit vakuum mellom politikk og administrasjon. Ansvarsområdet for dagens driftsstyre gjer det også vanskeleg å følgje opp driftsstyret på ein god nok måte frå administrasjonen.

For å bøte på det kan ein t.d. skissere ei **deling av driftsstyret** ved at ein tenkjer seg to tenesteutval.

1. Tenesteutval helse- og omsorg (THO)
2. Tenesteutval barn og unge (TBU)




VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Ved ei slik oppdeling kan t.d **oppvekstsjefen** møte fast for utvalet for barn og unge, **og helse-/omsorgssjefen** for utvalet for helse og omsorg. Andre sektorsjefar kan ev møte i tillegg ut frå saksområde.

Ein mulig modell:



Kanskje kan ei slik deling også vere fornuftig ut frå at driftsstyret i dag har få saker og i all hovudsak vedtakssaker. Truleg er det også mindre behov for å gjere vedtak i enkeltsaker ettersom mykje av det daglege er faglege vert handtert av administrasjonen

I førre periode vart det frå politisk hald kartlagt viktige prinsipp som dei meinte den politiske organiseringa må spegle:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt*
- *Eit godt omdøme*

Kommunestyret har i tillegg m.a. i samband med budsjett/økonomiplan vedteke **prinsipp for drifta** i kommunen:

- ✓ *Fokus på kjerneoppgåvene.*
- ✓ *Standard som er god nok*
- ✓ *Optimalisere ressursbruken*
- ✓ *Smarte løysingar*
- ✓ *Fokus på budsjettstyring.*

For at ein skal kunne sikre god administrativ og politisk oppfølging av desse prinsippa på dei ulike områda er det naudsynt at ein spissar prioriteringane og ikkje spreier seg på for mange område. Utvala bør vidare kommunisere seg i mellom og sikre at dei arbeider opp mot ein felles strategi som sikrar god styring av kommunen sine ressursar. Dette vil sikre at bestillingar og prioriteringar medverkar til verdiskaping.

I tillegg må ein sikre demokratisk deltaking ved å ty til nye arbeidsmåtar for å involvere innbyggjarane, invitere til deltaking og partnerskap. Vedtaksorgan som møter og gjer vedtak i ferdigutgreidde saker frå administrasjonen vil i framtida verte supplert og dels også erstatta med



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

andre metodar for førebuing av avgjerdsgrunnlag. M.a vil dette vere viktig i samband med planarbeid og strategiutvikling innanfor dei ulike områda.

Det kan i dag opplevast som at det er gråsoner mellom driftsstyret og formannskapet då det går ein del saker som har med drifta å gjere til formannskapet. Dette kan ha samband med at saker som gjeld økonomi går til formannskapet. Dersom desse sakene også skal gå til driftsstyret, så får ein ei dobbelt handsaming.

Skal ein få oppfylt prinsippa nemnt ovanfor med politisk oversikt og faginsikt og i tillegg fokus på økonomistyring innanfor fagområdet vil eg tru at tenesteutvala må kunne sjå heilskapen innanfor tenesteområdet også innanfor økonomien, og då sjølvstendig innanfor dei premissane kommunestyret har lagt i budsjettssamband. Men primært bør tenesteutvala ha som formål å skaffe seg kunnskap om tenestene, utfordringar og om tiltak som påverkar resultatane. Tenesteutvala bør ut frå den kunnskapen dei skaffar seg ta tak i utfordringsområde og setje søkelys på dette til dømes gjennom ei meldingssak til kommunestyret. Ved slike initiativ kan dei gi seg sjølv mandat og samarbeide med sektoradministrasjonen i utarbeidinga av meldinga.

For å ta eit døme kunne dette vere ein gjennomgang av tenesteprofilen i helse og omsorg i høve til dagens og morgondagens behov, jfr stikkord på problemstillingar:

- ✓ kostnader og organisering av drifta i høve til normert nivå (statleg utrekning) og samanliknbare kommunar.
- ✓ teneste organisert etter rett kompetanse og på rett nivå - korleis er dette i dag - og kva tiltak vil vere nødvendig å foreslå .
- ✓ førebyggjande tiltak for å redusere behovet for tyngre pleie

Den daglege drifta i sektorane er i hovudsak fagleg utøving som vert gjort av administrasjonen. Det kan vere feil fokus å sjå for seg at tenesteutvala skal få seg framlagt mange enkeltsaker for å kunne gjere vedtak. For å utøve politisk leiarskap bør ein i større grad fokusere på kunnskap om problemstillingane og prosessar for å lyfte desse fram og sjå på tiltak som innspel til budsjett- og økonomiplanprosessane og ev kommunedelplanar.

Tenesteutvala bør sjå sambandane og derfor også ha kunnskap om den økonomiske utviklinga i tenesteområda. Oppfølginga av budsjettet er delegert til administrasjonen. Dersom det oppstår budsjettavvik, så er det forhold som administrasjonen bør ta opp med formannskapet som har det overordna økonomiske tilsynsansvaret på vegne av kommunestyret. Dette inneber at spørsmål om budsjett disponeringar og korrigeringar alltid skal gå om formannskapet. Tenesteutvala bør derfor ikkje gjevast økonomisk disposisjonsrett over budsjettet, men heller verte orientert for å ha kunnskap om utfordringane.

Etter dagens rapporteringssystem så går økonomirapportane til formannskapet, og tertialrapporten går via formannskapet til kommunestyret. Dei månadsvise økonomirapportane bør framleis gå direkte til formannskapet, men tenesteutvala bør få utskrift av desse. Tertialrapportane (økonomi- og tenesterapportering) bør også som i dag gå direkte til formannskapet som innstiller til kommunestyret, men denne rapporten bør i tillegg gå til tenesteutvala til uttale som vert lagt ved i utsendinga av tertialsaka til kommunestyret.

Notatet vert i denne omgang lagt fram for formannskapet til drøfting.



VOLDA KOMMUNE

ORIENTERINGSSAK

Frå: Ordførar

Sak: Orienteringssak til drøfting

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2013/250	1331/2016	033	ORDF/JORAMD	03.02.2016

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
--------------------	--------------	-----------------

Bruk av møterom på rådhuset til politiske møter

Bruk av møterom på rådhuset til politiske møter. Med soninga som no er på rådhuset kan vi innføre same praksis som i Ørsta, at dei politiske partia får høve til å bruke dei to møteromma til sine styremøter, årsmøter m.m. Rom må tingast på servicekontoret.



ORIENTERINGSSAK

Frå: Ordførar

Sak: Orienteringssak til drøfting

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2013/250	1332/2016	033	ORDF/JORAMD	03.02.2016

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
--------------------	--------------	-----------------

Bruk av "ordførarmidlane" - retningsliner

Bruken av "ordførarmidlane". Desse midlane kan disponerast av formannskapet. Vi treng retningsliner for korleis dei kan brukast. Til dømes: lokale parti er generelt "fattige" og vi er ei ein situasjon der vi må arbeide nasjonalt og regionalt politisk i forhold til sjukehussak, tingrett, høgskule, vegsaker m.m. Kan det vere aktuelt å bruke midlane til slikt arbeid – i tilfelle korleis og til kva – det bør vere etter søknad til kven?